

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XI. 202



JORDBRUKSSTATISTIKK
1954

Agricultural statistics 1954

STATISTISK SENTRALBYRÅ
OSLO 1955

Noregs offisielle statistikk, rekkje XI.

Norway's Official Statistics, series XI.

Rekkje XI.

Prenta 1954.

- Nr. 152. Økonomisk utsyn over året 1953. *Economic survey.*
- 153. Folketellingen 1. desember 1950. VII. Trossamfunn. *Population census December 1, 1950. VII. Religious denominations.*
- 154. Skogstatistikk 1952. *Forestry statistics.*
- 155. Folketellingen i Norge 3. desember 1946. VI. Yrkesstatistikk. *Recensement du 3 décembre 1946. VI. Statistiques de professions.*
- 156. Sunnhetstilstanden og medisinalforholdene 1951. *Medical statistical report.*
- 157. Husholdningsregnskaper for høyere funksjonærer april 1952—mars 1953. *Family budget studies for salaried employees in the higher income groups.*
- 158. Skattestatistikk 1951—52. *Tax statistics.*
- 159. Telegrafverket 1952—53. *Télégraphes et téléphones de l'Etat.*
- 160. Syketrygden 1951. *Assurance-maladie nationale.*
- 161. Norges private aksjebanker og sparebanker 1952. *Commercial and savings banks in Norway.*
- 162. Norges bergverksdrift 1952. *Norway's mining industry.*
- 163. Lønnsstatistikk 1952. *Wage statistics.*
- 164. Skolestatistikk 1951—52. *Statistics on education.*
- 165. Forsikringselskaper 1952. *Sociétés d'assurances.*
- 166. Veterinærvesenet 1951. *Service vétérinaire.*
- 167. Skogavvirking 1949/50—1951/52. *Roundwood cut.*
- 168. Norges postverk 1953. *Statistique postale.*
- 169. Skattestatistikk 1952—53. *Tax statistics.*
- 170. Skolestatistikk 1950—51. *Instruction publique.*
- 171. Folkemengden i herreder og byer 1. januar 1953. *Population in rural districts and towns.*
- 172. Fengselsstyrets årbok 1931—1950. *Report of the prison administration.*
- 173. Norges handel 1952. Del I. *Foreign trade of Norway. Part I.*
- 174. Norges jernbaner 1950—51. *Chemins de fer norvégiens.*
- 175. Norges industri 1952. *Industrial production statistics.*
- 176. Jordbruksstatistikk 1953. *Agricultural statistics.*
- 177. Kommunenes gjeld og kontantbeholdning m. v. 1953. *Municipal debt and cash balance etc.*
- 178. Kriminalstatistikk 1951 og 1952. *Criminal statistics.*
- 179. Statistikk over landssvik 1940—1945. *Statistics on treason and collaboration.*
- 180. Stortingsvalget 1953. *Storting elections.*
- 181. Meieribruket i Noreg 1952. *Norway's dairy industry.*
- 182. Dødelighetstabeller 1946—1950. *Life tables according to the mortality experiences.*
- 183. Statistisk årbok 1954. *Statistical yearbook of Norway.*
- 184. Sinnssykehusenes virksomhet 1952. *Hospitals for mental disease.*
- 185. Nasjonalregnskap 1938 og 1948—1953. *National accounts.*
- 186. Fagskolestatistikk 1950—51 og 1951—52. *Ecoles professionnelles.*
- 187. Norges elektrisitetsverker 1951. *Electricity plants.*
- 188. Norges handel 1952. Del II. *Foreign trade of Norway. Part II.*
- 189. Lønnsstatistikk 1953. *Wage statistics.*

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XI. 202



JORDBRUKSSTATISTIKK 1954

Agricultural statistics 1954

STATISTISK SENTRALBYRÅ
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY
OSLO 1955

Utkomen før:

Representativ landbrukstelling 1923 VII nr. 117.

Landbruksareal og husdyrhold 1924 VII nr. 153, 1925 VII nr. 183, 1926 VIII nr. 28, 1927 VIII nr. 39, 1928 VIII nr. 77, 1930 VIII nr. 140, 1931 VIII nr. 166, 1932 VIII nr. 194, 1933 IX nr. 16, 1934 IX nr. 43, 1935 IX nr. 71, 1936 IX nr. 96.

Jordbruksstatistikk 1937 IX nr. 132, 1938 IX nr. 159, 1939—1944 X nr. 99, 1945 X nr. 117, 1946 X nr. 148, 1947 X nr. 161, 1948 X nr. 195, 1949 XI nr. 44, 1950 XI nr. 69, 1951 XI nr. 108, 1952 XI nr. 127, 1953 XI nr. 176.

Jordbrukstillingen i Norge 1949:

- Første hefte. Arealet, husdyrholdet m. v. XI nr. 40.
- Annet » Eiendomsforholdene, arbeidsstyrken m. v. XI nr. 71.
- Tredje » De naturlige jordbruksområder XI nr. 87.
- Fjerde » Oversikt XI nr. 103.

Også i 1907, 1917, 1929 og 1939 var det særskilte jordbruksteljingar. Oppgaver over husdyrhald, utsæde m. m. vart henta inn saman med folketeljingane i 1835, 1845, 1855, 1865, 1875, 1890 og 1900. Ein viser også til Beretninger om amternes økonomiske tilstand (1827—1920).

Av statistiske publikasjonar som gjeld jordbruket, kan ein elles nemna meieristatistikken (årleg frå 1925) og veterinærstatistikken (årleg frå 1889) og av særskilte etterrøknader:

Husdyrbruket. Produksjon 1927/28 VIII nr. 98.

» » 1946/47 XI nr. 24.

Svineholdet 3. april 1934 og 1933 IX nr. 38.

Pelsdyrtellingen 1. september 1934 IX nr. 65.

» » 1936 IX nr. 115.

» » 1946 X nr. 151.

Beitetellingen 1935 IX nr. 110.

Bureising med statsstøtte 1921—1936 X nr. 1.

Gårdbrukernes og småbrukernes formue og gjeld 1932/33 IX nr. 18.

Bøndernes bruttoformue og gjeld 1940, 1944 og 1946 X nr. 183.

Føreord.

Dette heftet inneheld resultatata frå ei representativ jordbruksteljing pr. 20. juni 1954. I Statistiske meldinger 1954, nr. 12, gav Byrået ei førebels melding om desse resultatata. Omfram oppgåver over areal og husdyrhald, vart det også henta inn oppgåver over arbeidsstyrken i jordbruket og individuelle oppgåver over løna til fast legehjelp. I dette heftet vil ein elles finna opplysningar om avkastinga i jord- og hagebruket, prisar på produkt og produksjonsmiddel m. m. Ein finn dessutan eit oversyn over verksemda til Jordskifteverket og fjøsrekneskapslaga.

I 1949 var det fullstendig jordbruksteljing. Då vart det henta inn ein heil del oppgåver som ikkje er med ved dei årlege teljingar. Oppgåvene frå 1949-teljinga er prenta i tre tabellhefte. Dessutan er det eit fjerde hefte med oversyn over alle teljingsresultata samanlikna med tidlegare oppgåver.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 2. april 1955.

Petter Jakob Bjerve.

Paul Barca.

Innhald.

	Side
Oversyn	7
Det statistiske materialet	7
Areala	7
Maskinar og reiskapar	12
Jordskifte	13
Avlinga, jordbruket og hagebruket	13
Avling pr. dekar av sume jordbruksvokstrar	21
Bruken av kunstgjødsel, kraftfôr og fôrkonserveringsvæske	26
Husdyrhaldet	28
Fjøskontrollen	35
Husdyrprodukta	36
Arbeidsstyrken i jordbruket	41
Lønene i jordbruket 1954/55	46
Prisar på landbruksprodukt og produksjonsmiddel m. m.	58
Tabellar.	
I. Jordbruksarealet 1954. Dekar	72
II. Husdyrhaldet pr. 20. juni 1954	74
III. Avlinga i jordbruket 1954	76
IV. Avlinga i hagebruket 1954	81
V. Utsæde, avl, innførsel, utførsel m. v. av korn og poteter	84
VI. Jordskifte 1859—1953	86
VII. Oppgåver frå fjøskontroll-laga 1905—1953	87
VIII. Lønene i jordbruket. Menn	88
IX. Lønene i jordbruket. Kvinner	90
X. Lønene i jordbruket 1954/55 jamført med 1953/54 og 1938/39	92
XI. Korn- og potettrygda 1952/53	93
Vedlegg.	
Rundskriv og skjema	103

Contents.

	Page
General survey.	
The statistical material	7
Area	7
Machinery and equipment	12
Redistribution of intermixed holdings	13
Crop, agriculture and horticulture	13
Yield pr. decare of some agricultural products	21
Use of commercial fertilizers, feedstuff, silage conservatives	26
Number of domestic animals	28
Dairy accounting units	35
Livestock products	36
Labour force in agriculture	41
Wages in agriculture 1954/55	46
Prices for agricultural products, producer goods, etc.	58
Tables.	
I. Agricultural area in 1954. Decares	72
II. Number of domestic animals, June 20th 1954	74
III. Agricultural production in 1954	76
IV. Horticultural production in 1954	81
V. Seed sown, production, imports, exports a.s.o. of grains and potatoes	84
VI. Redistribution of intermixed holdings 1859—1953	86
VII. Dairy accounting units 1905—1953	87
VIII. Wages in agriculture. Men	88
IX. Wages in agriculture. Women	90
X. Wages in agriculture 1954/55 compared with 1953/54 and 1938/39	92
XI. Production bonus for grain and potatoes 1952/53	93
Appendices.	
Circulars and questionnaires	103

Oversyn.

Det statistiske materialet.

Den representative teljinga pr. 20. juni 1954 er gjennomført på same måte som i åra 1946—1948 og 1950—1953. Teljinga skulle femna over ca. 10 prosent av bruka med over 5 dekar jordbruksareal. Alle herad og bruksklassar var representerte i utvalet i høve til talet på bruk, men med tilfelleleg utval innan kvar bruksklasse.

Det var den fullstendige jordbruksteljinga i 1939 som låg til grunn for utvalet av representative bruk i 1946—1948. For 1950 og dei seinare år er det teljinga i 1949 som ligg til grunn. Sjå elles «Jordbruksstatistikk 1950».

Utrekningane for 1954 byggjer på oppgåver frå 22 283 bruk. Dette svarar til 10.44 prosent av alle bruk med over 5 dekar jordbruksareal i 1949. Jordbruksarealet ved dei bruk som var med i teljinga, var 1 060 412 dekar. Det er 10.33 prosent av jordbruksarealet ved alle bruk over 5 dekar. Bruka mellom 20 og 100 dekar er etter måten litt sterkare representert enn dei større og mindre bruk. Brukstalet i denne storleiksgruppa svarar til 10.73 prosent av alle bruka mellom 20 og 100 dekar i 1949. For bruka mellom 5 og 20 dekar svarar representasjonen til 10.09 prosent og for bruka over 100 dekar til 9.91 prosent. Litt skilnad er det også mellom representasjonen i dei einskilde fylke, men berre i Finnmark og Troms femner teljinga over mindre enn 10 prosent av bruka over 5 dekar.

På grunnlag av dei prosentvise brigde i areal og husdyrhald frå 1949 til 1954 ved dei bruk som er med i teljinga, har ein rekna ut arealet og talet på husdyr i dei einskilde fylke. Jeløy er rekna saman med bygdene i Østfold, og Aker er rekna med i Akershus.

Skjema og rettleiing for teljinga er prenta som vedlegg attarst i boka.

Areal.

Tabell 1 gjev eit oversyn over åker- og hagearealet.

Tabell 1. Aker- og hageareal. Bygdene i alt.

	Korn og ertar	Poteter	Rot-vokstrar	Grøn-saker	Annan åker og hage	Åker og hage i alt
a) Dekar.						
1939.....	1 836 741	506 927	225 434	52 787	323 779	2 945 668
1949.....	1 520 089	582 410	154 379	43 012	401 123	2 701 013
1950.....	1 567 693	589 605	166 080	47 572	346 808	2 717 758
1951.....	1 613 629	585 166	165 797	52 526	365 395	2 782 513
1952.....	1 688 710	579 473	164 783	62 328	361 894	2 857 188
1953.....	1 744 361	561 483	173 268	64 467	363 599	2 907 178
1954.....	1 871 034	545 342	166 486	48 632	382 005	3 013 499

	Korn og erter	Poteter	Rot- vokstrar	Grøn- saker	Annan åker og hage	Aker og hage i alt
b) Relative tal. 1939 = 100.						
1949.....	82.8	114.9	68.5	81.5	123.9	91.7
1950.....	85.4	116.3	73.7	90.1	107.1	92.3
1951.....	87.9	115.4	73.5	99.5	112.9	94.5
1952.....	91.9	114.3	73.1	118.1	111.8	97.0
1953.....	95.0	110.8	76.9	122.1	112.3	98.7
1954.....	101.9	107.6	73.9	92.1	118.0	102.3

For åra 1940—1948 viser ein til «Jordbruksstatistikk 1951».

Akerarealet vart auka under krigen. Det var størst i 1942 med 3 388 000 dekar. Det var så nedgang framover til 1947. Sidan har det vori auke, men heile tida har åker- og hagearealet vori lægre enn i 1939. Først i 1954 var det større.

I tabell 2 finn ein meir detaljerte arealoppgåver for åra 1949, 1953 og 1954. Tabell I bak i boka viser arealet i 1954 fylkesvis for dei einskilde vokstrane.

Tabell 2. Bruken av arealet i 1954 samanlikna med 1949 og 1953.

	Arealet i dekar			Brigde 1949-54		Brigde 1953-54		
	1949	1953	1954	I dekar	I pct.	I dekar	I pct.	
Haustrug	7 133	8 379	13 913	+ 6 780	+ 95.1	+ 5 534	+ 66.0	
Vårkveite	301 142	164 541	186 978	÷ 114 164	÷ 37.9	+ 22 437	+ 13.6	
Haustrug	5 634	4 226	4 593	÷ 1 041	÷ 18.5	+ 367	+ 8.7	
Vårrug	4 264	1 942	2 297	÷ 1 967	÷ 46.1	+ 355	+ 18.3	
Bygg	399 563	812 675	932 706	+ 533 143	+ 133.4	+ 120 031	+ 14.8	
Havre	758 499	723 325	704 986	÷ 53 513	÷ 7.1	÷ 18 339	÷ 2.5	
Blandkorn	38 982	26 420	22 944	÷ 16 038	÷ 41.1	÷ 3 476	÷ 13.2	
Erter	4 872	2 853	2 617	÷ 2 255	÷ 46.3	÷ 236	÷ 8.3	
Korn og erter i alt..	1 520 089	1 744 361	1 871 034	+ 350 945	+ 23.1	+ 126 673	+ 7.3	
Grønfôr	163 607	109 038	105 953	÷ 57 654	÷ 35.2	÷ 3 085	÷ 2.8	
Poteter	582 410	561 483	545 342	÷ 37 068	÷ 6.4	÷ 16 141	÷ 2.9	
Fôrnepe	47 453	43 870	44 438	÷ 3 015	÷ 6.4	+ 568	+ 1.3	
Kålrot	71 802	91 329	85 045	+ 13 243	+ 18.4	÷ 6 284	÷ 6.9	
Fôrbete	23 861	17 979	18 964	+ 4 897	+ 20.5	+ 985	+ 5.5	
Fôrmergkål	11 263	20 090	18 039	+ 6 776	+ 60.2	÷ 2 051	÷ 10.2	
Grønsaker	43 012	64 467	48 632	+ 5 620	+ 13.1	÷ 15 835	÷ 24.6	
Andre vokstrar på åker og i hage ¹⁾ ..	199 338	214 604	222 536	+ 23 198	+ 11.6	+ 7 932	+ 3.7	
Brakk	38 178	39 957	53 516	+ 15 338	+ 40.2	+ 13 559	+ 33.9	
I alt åker og hage...	2 701 013	2 907 178	3 013 499	+ 312 486	+ 11.6	+ 106 321	+ 3.7	
Eng til slått	Eng på dyrka jord	4 864 775	4 708 778	4 621 329	÷ 243 446	÷ 5.0	÷ 87 449	÷ 1.9
	Natureng på innmark	1 097 301	964 649	911 809	÷ 185 492	÷ 16.9	÷ 52 840	÷ 5.5
	Sæterlykkjer . Utslåtter	153 033	128 450	116 001	÷ 37 032	÷ 24.2	÷ 12 449	÷ 9.7
	Eng til beite	225 430	118 336	94 211	÷ 131 219	÷ 58.2	÷ 24 125	÷ 20.4
Eng til beite	på dyrka jord	298 487	341 673	346 629	+ 48 142	+ 16.1	+ 4 956	+ 1.5
	på natureng . på dyrka	362 137	367 855	389 640	+ 27 503	+ 7.6	+ 21 785	+ 5.9
Kul- tur- beite	på dyrka jord	258 997	257 987	271 577	+ 12 580	+ 4.9	+ 13 590	+ 5.3
	på overflate- dyrka jord ..	494 458	591 052	576 764	+ 82 306	+ 16.6	÷ 14 288	÷ 2.4
I alt jordbruksareal.	10 455 631	10 385 958	10 341 459	÷ 114 172	÷ 1.1	÷ 44 499	÷ 0.4	
Av dette: Dyrka jord	8 123 272	8 215 616	8 253 034	+ 129 762	+ 1.6	+ 37 418	+ 0.5	
	Innmark .	10 077 168	10 139 172	10 131 247	+ 54 079	+ 0.5	÷ 7 925	÷ 0.1

¹⁾ Jordbær og bringebær rekna med.

Kornarealet i 1954 var ca. 127 000 dekar større enn i 1953. Det er ein auke på 7.3 prosent. Arealet har auka heilt sidan 1946. I 1954 var det større enn i 1939. Sidan 1949, då det var fullstendig jordbruksteljing, har samla areal korn og erter til mogning auka med vel 350 000 dekar. Denne auken svarar til 23.1 prosent. Siste året auka kornarealet i alle fylke med unntak av fylka i Agder, Hordaland og Sogn og Fjordane. Auken sidan 1949 har vori relativt sterkast i Hedmark og Vestfold med 36—39 prosent. Elles har det vori auke i høve til 1949 i alle fylke på Austlandet og i Trøndelag, i Rogaland og Nordland. I resten av fylka har det vori nedgang. Relativt sterkast har nedgangen vori i Sogn og Fjordane og Hordaland. Der var kornarealet mindre enn halvparten av arealet i 1949.

Kveitearealet gjekk tilbake i åra 1949—1953. Vårkveitearealet gjekk såleis ned med 137 000 dekar i denne tida. I 1954 auka arealet til vårkveite med over 22 000 dekar eller 13.6 prosent i høve til arealet året før. Arealet var likevel 114 000 dekar eller 37.9 prosent lægre enn i 1949. Siste året vart vårkveitearealet auka med 80 prosent i Oppland og med 48 prosent i Hedmark. I Trøndelag og i Østfold og Akershus var det 10—19 prosent auke. I sume andre fylke, der kveitedyrkinga spelar lita rolle, var det endå sterkare auke. Haustkveitearealet er lite og syner relativt sterke brigde frå år til år. Det same gjeld rugarealet. I 1954 var det litt større enn i 1953, men mindre enn i 1949.

Byggarealet har auka sterkt i tida etter 1949. Siste året var det ein auke på 120 000 dekar eller 14.8 prosent. Sidan 1949 har det auka med 533 000 dekar. Det svarar til ein auke på 133 prosent. I 1954 vart det dyrka bygg på halvparten av heile kornarealet. Byggarealet er no større enn nokon gong tidlegare. Siste året auka byggarealet i alle fylke unnteki Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Auken var relativt sterkast i Telemark med 70 prosent. Også i Vestfold og Østfold var auken 50 prosent eller meir.

Havrearealet gjekk tilbake med vel 18 000 dekar eller 2.5 prosent siste året. Det var knapt 54 000 dekar mindre enn i 1949. Det er 7.1 prosent nedgang. Siste året auka havrearealet litt i Rogaland, Møre og Romsdal og i Trøndelag. I Akershus var det inga endring. Resten av fylka synte nedgang. I høve til 1949 har havrearealet gått tilbake i alle fylke, med unntak av Østfold, Akershus og Vestfold. Nedgangen har vori relativt sterkast i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Arealet til blandkorn gjekk tilbake med vel 13 prosent frå 1953 til 1954 og med over 40 prosent frå 1949 til 1954.

Potetarealet har synt litt nedgang dei siste åra. Frå 1953 til 1954 var nedgangen vel 16 000 dekar eller 2.9 prosent. Sidan 1949 har det vori ein nedgang på 37 000 dekar eller 6.4 prosent. Det var Akershus som hadde relativt sterkast nedgang i potetarealet siste året, knapt 10 prosent. I Oppland, Rogaland, fylka i Trøndelag og i Finnmark var potetarealet like stort i 1954 som i 1953, eller noko større. Hedmark hadde sterkast nedgang i høve til 1949, vel 21 prosent. I Rogaland, Sogn og Fjordane, fylka i Trøndelag og i Nordland og Troms var det litt auke.

Arealet til rotvokstrar og førmergkål gjekk tilbake med 6700 dekar eller 3.9 prosent siste året. Nedgangen fell på kålrot og førmergkål. Det var nedgang i arealet til rotvokstrar i alle fylka på Austlandet, i Aust-Agder og Troms. Arealet var 7.8 prosent større i 1954 enn i 1949. Auken i høve til 1949 har serleg gjort seg gjeldande på Vestlandet og i Agder.

Grønsakarealet var framimot 16 000 dekar — 24.6 prosent — lægre i 1954 enn i 1953, men det var 13.1 prosent større enn i 1949.

Samla areal åker og hage var 106 000 dekar større enn i 1953. Sidan 1949 har det vori ein auke på 312 000 dekar eller 11.6 prosent. Siste året var det auke i alle fylke med unntak av Aust- og Vest-Agder, Møre og Romsdal, Nordland og Troms. I høve til 1949 er det auke i alle fylka på Austlandet, Vestlandet og i Trøndelag.

Engareala har framleis gått tilbake. Slåttengarealet var 177 000 dekar mindre i 1954 enn i 1953. Nedgangen var relativt sterkast for utslåtter, som har gått tilbake med 20.4 prosent siste året og med 58.2 prosent sidan 1949. Det er slåtteng på dyrka jord som syner minst nedgang — 1.9 prosent siste året og 5.0 prosent sidan 1949. Samla beiteareal på kulturbeite og anna eng til beite auka litt siste året. Sidan 1949 har det auka med 170 000 dekar.

Tabell 3. Åker- og hagearealet i 1954 i høve til 1949 og 1953.

	Korn og erter	Poteter	Rot- vokstrar	Annan åker og hage	Åker og hage i alt
a) Relative tal. 1949 = 100.					
Østfold	128.8	85.0	105.8	107.9	119.0
Akershus	129.4	84.8	96.4	88.7	115.3
Hedmark	136.1	78.6	98.7	88.1	116.3
Oppland	115.7	96.2	79.6	76.3	105.5
Buskerud	118.5	89.1	99.2	121.4	113.8
Vestfold	138.6	90.9	94.7	103.7	121.4
Telemark	113.0	95.1	112.7	106.7	107.1
Aust-Agder	83.1	98.1	131.7	100.7	94.9
Vest-Agder	66.9	99.5	160.1	88.4	87.1
Rogaland	116.6	100.4	136.7	110.7	113.4
Hordaland	47.6	95.8	162.9	123.9	105.5
Sogn og Fjordane	40.2	100.1	172.7	123.2	101.8
Møre og Romsdal	91.0	98.6	149.3	106.5	101.2
Sør-Trøndelag	116.4	103.7	95.3	77.6	108.3
Nord-Trøndelag	121.0	106.1	98.8	66.8	112.0
Nordland	104.3	100.8	69.2	77.0	91.4
Troms	60.6	101.7	48.6	85.3	93.2
Finnmark	—	86.4	34.5	89.5	88.3
Bygdene i alt	123.1	93.6	107.8	97.0	111.6
b) Relative tal. 1953 = 100.					
Østfold	111.3	92.2	93.9	105.4	107.4
Akershus	110.3	90.9	83.9	104.7	106.1
Hedmark	105.1	96.2	95.4	116.5	104.4
Oppland	103.3	100.0	78.6	101.7	101.8
Buskerud	105.1	96.0	86.8	102.9	102.7
Vestfold	111.1	94.2	87.5	105.5	106.1
Telemark	108.2	96.6	91.7	93.6	100.9
Aust-Agder	95.0	93.9	98.9	95.4	95.0
Vest-Agder	90.1	99.4	118.0	99.1	97.7
Rogaland	108.4	100.2	103.8	85.2	101.2
Hordaland	79.9	99.7	114.3	102.1	100.4
Sogn og Fjordane	91.9	99.3	111.7	100.8	100.3
Møre og Romsdal	102.9	95.0	109.8	96.4	99.0
Sør-Trøndelag	104.7	100.1	105.6	95.3	103.1
Nord-Trøndelag	107.7	101.7	100.3	82.0	104.5
Nordland	114.9	98.8	104.2	95.3	99.7
Troms	112.7	96.6	69.2	92.7	95.1
Finnmark	—	105.8	100.0	112.8	110.7
Bygdene i alt	107.3	97.1	96.1	100.6	103.7

Samla jordbruksareal gjekk tilbake med 0.4 prosent siste året. Det var 1.1 prosent lægre enn i 1949. Arealet av dyrka jord har auka med 0.5 prosent sidan 1953 og 1.6 prosent sidan 1949.

Tabell 3 syner brigda fylkesvis for korn og erter i alt, poteter, rotvokstrar, annan åker og hage og samla åker- og hageareal.

Tabell 4, som gjeld oppgaver frå Landbruksdepartementet, syner kor store areal som vart *nydyrka* (fulldyrka) og *overflatedyrka*, og kor mykje tidlegare dyrka jord som vart *grøfta* ved hjelp av tilskot og lån i åra 1949—1953.

Tabell 4. Dyrking og grønning med tilskot og lån 1949—1953.

	Fulldyrka	Overflatedyrka	Grønning av tidlegare dyrka jord
	Dekar	Dekar	Dekar
1949	32 732	19 403	17 915
1950	34 831	27 597	19 626
1951	30 823	26 637	15 217
1952	33 043	26 055	19 280
1953	47 732	30 148	47 976

Det vart fulldyrka eit større areal i 1953 enn i noko anna år sidan 1940. Tala for overflatedyrka jord er større enn tidlegare. Grønning av tidlegare dyrka jord har auka serleg sterkt i 1953.

Tabell 5 gjev dei same oppgåvene fylkesvis for 1952 og 1953.

Tabell 5. Dyrking og grønning med tilskot og lån. Fylkesvis.

	Fulldyrka		Overflatedyrka		Grønning av tidlegare dyrka jord	
	1952	1953	1952	1953	1952	1953
	Dekar	Dekar	Dekar	Dekar	Dekar	Dekar
Østfold	190.7	359.6	76.6	74.7	4 399.9	10 037.7
Akershus	492.3	633.3	33.0	73.9	837.0	3 727.7
Hedmark	5 894.8	7 531.8	487.9	669.7	2 198.8	9 184.5
Oppland	3 241.7	4 392.0	1 577.3	1 758.0	1 256.5	2 288.6
Buskerud	684.8	997.0	789.1	947.2	608.1	1 265.0
Vestfold	186.4	560.6	112.9	48.3	2 467.1	6 981.9
Telemark	412.3	823.0	1 231.4	1 205.8	548.6	1 214.1
Aust-Agder	305.0	580.2	373.1	385.7	621.8	1 193.3
Vest-Agder	724.8	878.8	1 287.9	1 297.2	474.0	621.4
Rogaland	1 206.3	1 942.0	3 447.8	3 923.7	391.4	972.6
Hordaland	1 198.1	1 651.4	2 907.2	3 411.1	387.0	638.7
Sogn og Fjordane .	1 871.0	2 100.6	4 599.3	5 122.1	249.8	355.0
Møre og Romsdal .	2 358.7	3 555.0	2 642.1	3 063.9	698.9	1 255.9
Sør-Trøndelag	1 754.3	3 024.3	1 653.8	1 903.0	1 036.5	1 891.5
Nord-Trøndelag ..	2 061.2	3 646.7	897.9	1 354.5	1 675.1	3 997.1
Nordland	3 866.2	6 530.3	2 322.2	2 791.1	896.0	1 556.6
Troms	3 997.5	4 767.9	1 508.2	1 920.0	376.9	548.4
Finnmark	2 596.8	3 757.1	107.6	198.2	156.5	246.2
Bygdene i alt	33 042.9	47 731.6	26 055.3	30 148.1	19 279.9	47 976.2

Størst areal som vart fulldyrka i 1953 hadde Hedmark og Nordland. Overflatedyrkinga var størst på Vestlandet. Sogn og Fjordane kjem først av fylka. Av i alt 48 000 dekar tidlegare dyrka jord som vart grøfta i 1953, var 10 000 dekar i Østfold, 9200 i Hedmark og 7000 i Vestfold.

Maskinar og reiskapar.

Til vanleg blir det samla inn oppgåver over maskinar og reiskapar ved bruka berre i samband med dei 10-årlege fullstendige jordbruksteljingane (sjå publikasjonane frå Jordbruksteljinga 1949).

Tabell 6 viser innførsla av sume landbruksmaskinar.

Tabell 6. Innførsel av landbruksmaskinar. Stk.

	Separatrar	Slåmaskinar og sjølvbindarar	Traktorar	Treskjeverk
1949.....	2 230	3 250	2 133	369
1950.....	2 676	4 206	1 614	299
1951.....	1 449	6 395	4 117	541
1952.....	200	4 222	5 223	221
1953.....	400	2 303	5 424	207
1954.....	348	3 074	8 308	64

For 1954 har statistikken over innførsla fått med noko meir detaljerte oppgåver enn før. Det kan nemnast at av dei 3074 slåmaskinar og sjølvbindarar, var 2841 slåmaskinar. Oppgåvene viser elles at det i 1954 vart ført inn 478 såmaskinar, 200 gjødselspreiarar, 551 skurdtreskjarar og 3105 mjølkemaskinar.

I tabell 7 er det gjevi eit oversyn over innanlandsk produksjon av sume landbruksmaskinar og reiskapar:

Tabell 7. Innanlandsk produksjon av maskinar og reiskapar til landbruket. Stk.

	1948	1949	1950	1951	1952	1953
Vanlege plogar.....	5 675	5 076	2 655	1 861	1 999	578
Traktorplogar.....	2 892	2 303	3 587
Hyppeplogar og andre lette plogar....	673	281	965	536	445	1 037
Fjørhorver.....	3 529	3 689	2 033	1 661	1 570	832
Rullehorver.....	2 095	2 300	546	365	292	245
Ugras- og mosehorver.....			1 071	1 642	769	635
Spaknivhorver.....			191	116	49	17
Skålhorver.....	1 244	1 319		322	398	494
Traktorhorver.....			1 068	530	761	1 377
Andre horver.....				559	476	252
Hjulriver og sleperiver.....	2 813	4 995	7 598	6 638	3 543	2 866
Hestehakker.....	2 274	3 389	1 785	813	772	532
Hakkemaskinar.....	357	424	480	406	326	137
Potetoptakarar, potetplogar.....	1 250	1 175	2 076	2 740	2 362	2 057
Treskjeverk.....	318	397	404	453	257	255
Rotrasparar og rotskjæremaskinar....	638	1 453	927	877	635	1 294
Radreinskarar.....	1 241	1 642	2 053	2 435	1 462	1 030
Gjødselspreiarar.....	894	1 680	1 632	1 923	2 368	2 104
Potetsorterarar.....	435	655	590	371
Frukttre- og ugrassprøyter.....	1 754	1 259	1 708

Jordskifte.

I tabell VI bak i boka er det teki inn nokre oppgaver over Jordskifteverket si verksemd i tida 1859—1953.

I denne tida er det slutta av om lag 29 400 jordskiftesaker med vel 192 000 lotteigarar. Det arealet som er skifta, svarar til 34 715 km². Av dette er 4417 km² innmark og 30 298 km² utmark. Dette gjeld areal som jamnast er oppmålt og kartlagt. Noko jord blir dessutan skifta utan oppmåling og kart — i 1953 såleis ca. 27 600 dekar.

I tida 1859—1953 har det vori i alt 6884 overjordskiftesaker.

Avlinga.

Fylgjande utrekningar går inn under den offisielle avlingsstatistikken:

- I. For kvar månad i veksetida (mai—september) sender Landbruksdirektøren ut ei melding om avlingsvonene for dei ymse jordbruks- og hagebruksvokstrar. Det blir gjort ei førebels utrekning av avlingsmengda ved utgangen av september.
- II. Avlingsresultata for jordbruksvokstrane blir til slutt rekna ut av Byrået på grunnlag av oppgaver frå jordstyra i dei einskilde herad (frå og med 1925).
- III. På grunnlag av oppgaver frå hagebruksfunksjonærane reknar Byrået ut avlinga frå hagebruket (frå og med 1933).

I Statistiske meldingar 1954, nr. 11, gav Byrået eit førebels oversyn over avlingane i Noreg i 1954 på grunnlag av meldingane frå Landbruksdirektøren. Melding om hagebruksavlinga — på grunnlag av oppgåvene frå hagebruksfunksjonærane — vart sendt ut som pressemelding 15. november 1954. Meldingar om avlinga av jordbruksvokstrane, rekna ut på grunnlag av oppgåvene frå jordstyra, er tekne inn i Statistiske meldingar nr. 1, 2 og 3 for 1955.

a) Jordbruket.

Tabell 8. Avlinga av dei ymse jordbruksvokstrar i 1954 samanlikna med 1953 og 1952.

	Avling			Avling pr. dekar i prosent av medelsåret		
	1952	1953	1954	1952	1953	1954
	Tonn	Tonn	Tonn			
Korn og erter.....	358 030	433 236	433 210	86.8	102.0	93.9
Poteter	1 187 491	1 249 013	1 129 670	93.8	99.9	91.7
Førnepe	181 786	231 801	211 358	89.0	106.8	95.0
Kålrot	331 393	464 024	355 836	93.4	107.4	88.9
Førbete	80 626	99 069	75 390	62.7	104.9	79.7
Førmergkål	81 660	117 631	94 499	92.1	103.6	92.4
Høy	2 961 768	3 155 262	3 113 679	100.2	105.9	105.8
Halm	516 340	574 166	608 553	93.2	101.5	101.4
Grønfor (tørt).....	60 030	58 152	57 516	93.0	98.3	100.0
I alt 1000 f.e.	1 999 027	2 200 681	2 149 898	95.9	104.0	100.6

Ved omrekninga til føreiningar har ein rekna: 1 f.e. = 1 kg kveite, rug, bygg og erter, 1.2 kg havre, 1.1 kg blandkorn, 4.5 kg poteter, 9 kg kålrot, forbete og førmergkål, 12 kg førnepe, 2.5 kg høy, 4.1 kg halm og 2.5 kg tørt grønfør. Desse omrekningfaktorane er nytta i alle åra, utan omsyn til kvaliteten av avlinga. Avkastinga frå beita er ikkje med i den avlingsmengda som tabell 8 syner. Ein reknar at det frå beita blir teki ca. 850 mill. føreiningar årleg.

Tabellen viser også avlinga pr. dekar i prosent av medelsåret. Når ein skal døma om desse prosenttala, må ein vera merksam på at nemninga «medelsår» gjeld den avlingsmengd ein reknar med å få i eit vanleg godt år, når det ikkje er noko serleg som skiplar avlingsvonenene. Det er berre den mest årsikre voksteren, høyet, som gjennom ei lengre årrekkje kjem opp i om lag 100 prosent av medelsårsavling. For åkervokstrane låg medelsprosentane for åra 1900—1950 mellom 88 og 92. For samla avling var prosenten 95. Stort sett har kravet til medelsårsavlinga auka litt frå år til år.

Tabell 9 gjev meir detaljerte oppgaver over avlinga i 1954. Tabell III bak i boka viser avlinga i dei einskilde fylke.

Tabell 9. Avlinga av dei einskilde jordbruksvokstrar i 1954.

	Areal i 1954 Dekar	Avling i kg pr. dekar	Samla avling i 1954		Prosent av medels- år	Kvali- tet ¹⁾
			Tonn	1000 f.e.		
Haustkveite	13 913	243.7	3 391	3 391	93.3	3.6
Vårkveite	186 978	202.2	37 800	37 800	90.8	3.3
Haustrug	4 593	235.0	1 079	1 079	93.7	3.5
Vårrug	2 297	187.5	431	431	88.7	3.2
Bygg	932 706	239.9	223 789	223 789	94.3	3.5
Havre	704 986	227.8	160 626	133 855	94.0	3.4
Blandkorn	22 944	245.1	5 623	5 112	96.0	3.7
Erter	2 617	179.8	471	471	85.7	3.2
Korn og erter i alt.....	1 871 034	231.5	433 210	405 928	93.9	3.4
Poteter	545 342	2 071.5	1 129 670	251 038	91.7	3.7
Førnepe	44 438	4 756.2	211 358	17 613	95.0	3.8
Kålrot	85 045	4 188.2	355 836	39 537	88.9	3.7
Forbete	18 964	3 975.4	75 390	8 377	79.7	3.9
Førmergkål	18 039	5 238.6	94 499	10 500	92.4	4.2
Grønfør (tørt).....	105 953	542.8	57 516	23 006	100.0	3.6
Høy { eng på dyrka jord	4 621 329	594.8	2 748 605	1 099 442	106.4	3.5
frå { sæterlykkjer	911 809	338.5	308 630	123 452	101.6	3.4
{ utslåtter	116 001	332.4	38 561	15 424	101.7	3.5
{	94 211	189.8	17 883	7 153	98.1	3.1
Halm	1 871 034	325.2	608 553	148 428	101.4	3.4
I alt 1000 f.e.				2 149 898	100.6	

¹⁾ Kvalitetsgradering: 5=sers god, 4=mykje god, 3= god, 2= mindre god, 1= dårleg.

Vinteren 1953/54 var stort sett mild over heile landet, men det var ein kuldeperiode over Austlandet i januar—februar. Det var lite snø, og telen gjekk djupt mange stader. I februar—mars var det stort snøfall over store delar av Austlandet og Sørlandet.

Våren kom heller tidleg i Nord-Noreg, men elles i landet kom han seinare enn vanleg. Sume stader, serleg i dei delar av Austlandet som hadde mykje tele, var jorda lenge rå og tung. Våronna kom for det meste seint i gang, men under vårarbeidet var vértilhøva sers gode.

Varmt, drivande vér i slutten av mai og først i juni sette fart i voksteren. Det vart i tørraste laget sume stader på Vestlandet og i Trøndelag. Ut i juni kom det rikeleg nedbør, men temperaturen var unormalt låg, så voksteren stod i stampe. Den kjølege, regnfulle vértypen heldt seg også i juli, august og september. Berre i slutten av august var det nokre dagar med varmt og drivande vér. I Troms var det bra vér under innhaustinga, medan det var uvanleg lite godvér i Finnmark.

I det store og heile var sumaren 1954 for kald og regnfull for åkervokstrane, medan det var gode vokstertilhøve for eng og beite. Når ein ser heile landet under eitt, låg høøyavlinga ein god del over medelsåret. Ingen av åkervokstrane nådde opp i medelsår. Det var dårleg vér under innhaustinga dei fleste stader. Dette gjekk hardt ut over kvaliteten av avlinga.

Samla avling (beita er haldne utanfor) er utrekna til i alt 2150 mill. fôr- einingar. Det er berre ca. 50 mill. f.e. mindre enn i rekordåret 1953 og om lag 125 mill. f.e. meir enn medeltalet for åra 1949—1953. Det er dei store høøyavlingane som er årsak til at samla avling kjem så høgt, trass i dei mindre gode vokstervilkåra for åkervokstrane. Avlinga er utrekna til 101 prosent av medelsår, mot 104 prosent i 1953. Kravet til eit medelsår har framleis auka. For alle jordbruksvokstrane rekna under eitt var medelsårsavlinga pr. dekar 254 f.e. i 1954, mot 232 f.e. i 1949, 205 i 1939 og 151 i 1900.

Avlinga av *korn og ertar* er utrekna til i alt vel 433 000 tonn. Dette er det same som i 1953. Kornarealet var 127 000 dekar større i 1954 enn i 1953, men avlinga pr. dekar var mindre. Medelavlinga for alle kornslag under eitt var 232 kg pr. dekar i 1954, mot 248 kg i 1953. Det var 94 prosent av medelsår i 1954. I 1953 svara avlinga til 102 prosent av medelsår.

Det var berre Nordland og fylka i Trøndelag som fekk meir enn medelsårsavling av korn. Dei fleste fylka fekk mellom 90 og 96 prosent av medelsår. I Hedmark og Agder vart det mindre enn 90 prosent. Vértilhøva sønnafjells førde til sein utvikling av kornet, og mykje ugras og legde. Det vart difor sein og vanskeleg skurdonn. Dette sette merke på kornkvaliteten. Nordafjells var kvaliteten god. Dei vanskelege tilhøva førde til at noko av kornarealet vart hausta som grønfôr. Det gjorde seg serleg gjeldande i Agder.

For heile landet under eitt gav vårkveiten 202 kg korn pr. dekar. Det var 91 prosent av medelsår. I 1953 var avlinga 223 kg pr. dekar — 102 prosent av medelsår. Fylka på Austlandet fekk mellom 86 og 94 prosent av medelsår i 1954. Avlinga var relativt minst i Hedmark og Vestfold. Trøndelag fekk over medelsårsavling. Samla avling av vårkveite i 1954 var 37 800 tonn. Det var 1100 tonn meir enn i 1953. Arealet var større i 1954 enn året før. Haustkveiten gav 244 kg pr. dekar. Det var 93 prosent av medelsår. Året før gav haustkveiten 100 prosent av medelsår. Også haustkveitearealet auka siste året. Samla avling av vår- og haustkveite var 41 200 tonn. Det var 2300 tonn meir enn i 1953, men det var langt mindre enn i 1948—1950, då kveiteavlingane var ca. 70 000 tonn.

Haustrug gav 94 prosent og vårrug 89 prosent av medelsår. Samla rugavling var 1500 tonn.

Bygget gav 240 kg pr. dekar som medeltal for heile landet. Det var 94 prosent av medelsår. I 1953 var avlinga 254 kg pr. dekar og svara til 101 prosent av medelsår. Også byggavlinga var relativt minst på Austlandet og i Agder. Fylka på Vestlandet fekk 96—99 prosent av medelsår. I Trøndelag og Nordland vart det 102—104 prosent. Samla byggavling for heile landet var 223 800 tonn. Dette var vel 17 000 tonn meir enn i 1953. Byggavlinga i 1954 var større enn i noko tidlegare år. Byggarealet var også større enn tidlegare.

Havren gav 228 kg pr. dekar i 1954. Det var 94 prosent av medelsår. I 1953 var avlinga 248 kg pr. dekar og 103 prosent av medelsår. På Austlandet fekk dei ymse fylke mellom 88 og 97 prosent av medelsår i 1954. På Vestlandet varierte det mellom 94 prosent i Rogaland og 98 prosent i Møre og Romsdal. Også av havre fekk Trøndelag meir enn medelsårsavling. Samla havreavling er utrekna til 160 600 tonn i 1954. Det var 19 000 tonn mindre enn i 1953.

Blandkornet gav 245 kg pr. dekar — 96 prosent av medelsår. Erter til mogning gav 86 prosent. Det er få oppgåver ein har å byggja på når det gjeld blandkorn- og erteravlinga.

Halmavlinga var stor i 1954, men mykje halm blir brent eller nedpløgt.

Potetavlinga i 1954 er utrekna til 1 130 000 tonn. Det var om lag 120 000 tonn mindre enn i 1953. Medeltalet for heile landet var 2072 kg pr. dekar — 92 prosent av medelsår. I 1953 gav potetene 2225 kg pr. dekar. Det var det same som medelsårsavlinga det året. I dei fleste fylke på Austlandet og i Agder låg potetavlingane langt under medelsårsavl. Berre i Hedmark vart det nær 100 prosent. Dei andre fylka fekk mellom 75 og 90 prosent. Serleg i dei sør-austlege slettebygdene, men også andre stader på Austlandet, var det store variasjonar mellom dei ymse strøk — etter jordart, lende og dreneringstilhøve. Vestlandet og Trøndelag fekk 95—100 prosent av medelsår. Avlingane var jamnare enn på Austlandet, men også her var det lokale variasjonar — serleg i Rogaland og Hordaland. Åtak av tørr-røt sette avlinga ned i Nord-Trøndelag. I Nord-Noreg, serleg i Troms, var det til dels for tørt for potetene. I denne landsluten gav potetene 90—95 prosent av medelsår.

Potetavlinga var av ujamn kvalitet. Sume stader gjorde tørr-røtet noko skade, men den låge temperaturen gjorde at åtaka til vanleg ikkje vart sterke. Berre i Nord-Trøndelag var det verkeleg sterke åtak. Elles vart det meldt om stengelrøt og virusåtak. Kvaliteten var stort sett betre i Nord-Noreg enn elles i landet.

Avlinga av *rotvokstrar* og *fôrmergkål* er utrekna til i alt 737 000 tonn. Det var ca. 175 000 tonn mindre enn året før. Arealet var noko mindre enn året før, og avlinga pr. dekar låg noko under medelsåret. Avlinga av fôrnepe var 4756 kg pr. dekar. Det er rekna som 95 prosent av medelsår. Kålrot gav 4188 kg pr. dekar — 89 prosent av medelsår. Hedmark fekk bra avlingar av fôrnepe og kålrot, om lag medelsårsavling. Østfold, Akershus og Vestfold derimot fekk berre vel 80 prosent av medelsår. Også i Agder var avlingane små. Fôrnepa gav om lag medelsårsavling i Sør-Trøndelag og den nordlege delen av Vestlandet, men kålrota slo ikkje fullt så godt til. Fôrbetene gav 3975 kg pr. dekar, eller 80 prosent av medelsår, for heile landet under eitt. Det er Rogaland som dyrkar mest fôrmete. Der gav dei 82 prosent av medelsår. Når ein ser heile landet under eitt, gav fôrmergkålen 5239 kg pr. dekar. Det er rekna som 92 prosent av medelsår. Fôrmergkålen gav relativt dårlegast avlingar på Austlandet og Sørlandet.

Grønføret gav ei samla avling på 57 500 tonn. Det var om lag som året før. Avlinga pr. dekar var 543 kg. Det var også medelsårsavlinga. Grønføret gav relativt størst avling på Austlandet.

Høyavlinga er utrekna til 3 114 000 tonn i 1954. Det var større avlingar pr. dekar enn det har vori nokon gong før, men på grunn av nedgang i slåtteng-arealet, vart høyavlinga knapt så stor som i 1953. Først på sumaren var det ein tørkeperiode som hindra engvokstrane noko i dei sørlege delar av Vestlandet. Sør-Noreg hadde elles ein regnfull sumar, som gjorde bergingstilhøva vanskelege. I Nord-Noreg var det eit uvanleg godt høyrår og gode bergingstilhøve.

For heile landet under eitt gav eng på dyrka jord 595 kg høy pr. dekar. Det var litt meir enn året før. Avlinga pr. dekar er rekna til 106 prosent av medelsår. I 1953 vart avlinga, som var 590 kg pr. dekar, rekna som 107 prosent av medelsår. Kravet til medelsåret har auka. Alle fylka på Austlandet fekk gode høyavlingar — mellom 107 og 117 prosent av medelsår. I Agder og på Vestlandet vart det relativt mindre avlingar. Det varierte mellom 94 prosent av medelsår i Hordaland og 105 prosent i Møre og Romsdal. I Trøndelag var det gode avlingar. Dei to fylka her fekk 105 og 107 prosent av medelsår. Fylka i Nord-Noreg fekk mellom 110 og 114 prosent av medelsår.

Natureng på innmark gav 339 kg pr. dekar for heile landet sett under eitt. Det var 102 prosent av medelsår mot 97 prosent i 1953. Også naturenga gav relativt størst avling på Austlandet og i Nord-Noreg. Trøndelag fekk knapt medelsårsavling. Fylka i Agder og på Vestlandet fekk mellom 92 og 102 prosent av medelsår. Rogaland og Hordaland fekk relativt minst avlingar.

Avlinga frå sæterlykkjene er som medeltal for heile landet utrekna til 332 kg pr. dekar. Det er rekna som 102 prosent av medelsår. Utslåttene gav 190 kg pr. dekar — 98 prosent av medelsår.

Verdet av høyavlinga vil i sterk grad retta seg etter kvaliteten. Den kan ymsa mykje frå år til år. I bygdene sønnafjells har jordstyra i mange høve rekna med at fôrverdet av høyet er redusert på grunn av det uvanleg kjølege og regnfulle véret. Dessutan har dei dårlege bergingstilhøva i storparten av landet gjort sitt til å setja ned kvaliteten. I Nord-Noreg, og då serleg i Nordland og Troms, er kvaliteten jamt over mykje god. For heile landet sett under eitt er kvaliteten rekna å vera noko dårlegare enn i 1953. Prøver som har vori gjort ved Landbrukshøgskulen, synte noko lægre fôrverd enn normalt for høy frå Austlandet. Høyprøver frå Vestlandet synte normalt fôrverd, men lite proteininnhald, medan høyprøver frå Trøndelag synte normalt næringsinnhald.

Tabell 10. Avlinga i jordbruket rekna i 1000 f.e.

	Avling i 1000 f.e.				I prosent av medelsår		
	1936— 1940 ¹⁾	1952	1953	1954	1952	1953	1954
Østfold	146 438	157 418	177 398	168 659	96.6	107.0	100.4
Akershus	171 619	168 607	195 389	182 077	94.2	107.2	98.3
Hedmark	192 612	220 087	245 018	228 757	97.3	105.5	98.7
Oppland	170 604	184 277	212 590	200 897	94.9	108.6	99.6
Buskerud	96 736	86 119	119 645	109 401	83.7	114.1	105.8
Vestfold	100 250	104 134	120 017	112 430	95.5	107.6	97.9
Telemark	62 067	58 198	70 975	64 264	90.9	112.1	104.1
Aust-Agder	31 630	31 747	35 772	31 520	94.8	109.0	94.5
Vest-Agder	39 591	45 939	47 151	41 083	105.8	110.4	93.1
Rogaland	105 719	121 420	136 967	125 765	96.9	105.2	94.3
Hordaland	85 756	97 907	108 304	91 549	101.4	110.5	94.5
Sogn og Fjordane	73 749	88 756	100 869	89 408	100.1	111.1	97.9
Møre og Romsdal	103 019	126 038	135 963	133 879	98.7	104.8	103.2
Sør-Trøndelag	140 667	148 372	158 870	163 566	96.1	102.7	103.2
Nord-Trøndelag	133 638	149 274	158 084	165 866	96.3	102.1	103.2
Nordland	106 447	121 334	109 001	136 373	94.2	83.6	107.4
Troms	49 184	69 734	55 209	84 455	93.2	71.1	109.8
Finnmark	9 114	19 666	13 459	19 949	108.6	75.6	107.2
Bygdene i alt	1 818 840	1 999 027	2 200 681	2 149 898	95.9	104.0	100.6

¹⁾ Utan grønfôr, fôrbeter og fôrmergkål.

Tabell 10 gjev eit oversyn over samla avling i jordbruket i dei einiskilde fylke for dei tre siste åra, og medeltal for 1936—1940. Tabell 11 gjev oversyn over avling pr. dekar av dei ymse vokstrar, for heile landet under eitt, i tida 1925—1954. Avlinga pr. dekar ymsar ofte sterkt, både distriktvis og frå bruk til bruk. Dette blir det gjevi ei utgreiing om på side 21 o. fig.

Tabell 11. Avling i kg pr. dekar.

	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Blandkorn	Poteter	Førnepe	Kålrot	Høy frå	
									eng på dyrka jord	natur-eng på innm.
1925—1929.....	171	173	187	187	197	1 777	3 985	3 509	422	222
1930—1934.....	167	177	189	186	191	1 800	3 920	3 652	417	230
1935—1939.....	202	194	206	219	224	1 736	3 920	3 561	459	226
1940—1944.....	167	174	182	177	199	1 709	3 759	3 282	398	217
1945—1949.....	199	190	218	209	229	1 879	3 765	3 202	494	275
1949.....	217	208	216	215	248	1 887	4 104	3 923	547	299
1950.....	209	214	237	231	250	1 892	4 270	4 166	578	314
1951.....	165	185	224	220	230	1 735	3 839	3 848	505	279
1952.....	193	214	231	201	231	2 049	4 206	4 199	550	310
1953.....	225	221	254	248	258	2 225	5 284	5 081	590	322
1954.....	223	211	240	228	245	2 072	4 756	4 188	595	339

b) Hagebruket.

Utrekningar over hagebruksavlinga har ein for alle år frå og med 1933. Grunnlaget for utrekninga vart revidert i 1950. Tala for medelsårsavling vart då auka. Dette gjorde seg serleg gjeldande for frukt, der dyrkinga har gjort store framsteg i dei seinare år. Også for bær og grønsaker vart medelsårsavlinga auka litt. Dei avlingsmengdene ein har komi fram til ved utrekningane for 1950 og seinare år, kan ein difor ikkje utan vidare samanlikna med utrekningane frå åra før. (Sjå Jordbruksstatistikk 1950, N.O.S. XI 69.)

Utrekninga av grønsakavlinga gjeld som før berre hovudkulturane. Grønsakarealet i småhagar (kjøkenhagar) som ikkje er spesifisert for dei einiskilde grønsakslag, er heller ikkje med i utrekninga. Slik spesifisering har ein heller ikkje for byane.

Dei grønsakareala som er med i utrekninga, svara i 1949 til ca. 75 prosent av heile grønsakarealet (lauken er då rekna med). Om lag 23 prosent fall på «kjøkenhagane» og ca. 2 prosent var småkulturar som raudbete, nepe, salat o. a.

For frukt og bær gjeld utrekninga det heile, også byane.

Avlingsoppgåvene skal for alle voksterslag gjelda slik vare som ein kan rekna som godt brukande i hushaldet, eller som god torgvare ved sal. Under «kål» er det rekna med dei ymse slag i høve til det areal dei blir dyrka på i distriktet. Av tomatane reknar ein med det som når mogning (også ved «ettermogning»). Av dei grøne tomatane tek ein med det som ein reknar blir nytta til sylting.

Heile kålrotavlinga blir i statistikken rekna med under jordbruksvokstrane. Til vanleg går det meste av kålrota til før, og ein har ikkje materiale som syner kor mykje som blir nytta til mat.

Tabell 12 viser utrekna avling i 1954 samanlikna med 1953.

Tabell 12. Avlinga i hagebruket i 1954 samanlikna med 1953.

	Talet på tre og buskar, areal i dekar, m ² 1954		Medels-årsavling pr. eining Kg	Samla medels-årsavling Tonn	Avling i 1954 i pct. av medels-årsavling	Samla avling	
	I pct. av 1949	Utrekna absolute tal				1953	1954
						Tonn	
	Tre:						
Eple, sumar- og haust- » vinter-	110.4	994 566	20	19 891	121.2	12 493	24 105
Pærer	124.0	1 797 572	20	35 951	125.9	19 623	45 274
Plomer	107.5	387 108	22	8 516	77.9	3 874	6 632
Kirsebær og morellar ..	112.7	837 224	16	13 396	111.8	8 288	14 976
	101.5	372 494	12	4 470	102.8	2 413	4 594
	Buskar:						
Rips	105.7	1 766 040	6	10 596	104.0	9 570	11 015
Stikkelsbær	111.5	1 063 907	4	4 256	105.5	3 685	4 488
Solbær	123.3	1 690 597	3	5 072	96.1	4 837	4 874
	Dekar:						
Jordbær	114.6	10 898	500	5 449	89.5	5 693	4 878
Bringebær	110.7	5 624	450	2 531	99.2	2 793	2 510
Kål	118.4	18 133	3 200	58 026	94.8	83 359	55 028
Gulrot	119.7	10 811	2 800	30 270	93.1	39 979	28 178
Bønner	119.9	891	650	579	75.9	704	439
Hagearter	212.7	3 904	650	2 538	85.4	2 047	2 167
Matlauk	129.5	2 204	2 000	4 408	98.6	4 800	4 345
Purre	136.4	841	2 500	2 104	96.7	2 740	2 035
Selleri	113.3	571	1 500	857	93.0	1 072	797
Persillerot	153.0	260	1 200	312	65.6	389	205
Rabarbra	99.8	525	4 000	2 102	104.0	2 125	2 186
Agurkar på friland ...	125.4	2 032	500	1 016	42.7	1 198	433
Tomatar på friland ...	71.6	360	1 000	360	39.8	352	144
	m ² :						
Agurkar under glas ..	130.0	136 217	15	2 043	102.0	2 545	2 084
Tomatar under glas ..	178.1	639 758	12	7 677	99.6	7 511	7 646

Frukttree blomde rikt våren 1954, serleg på Vestlandet. Tilhøva under bløminga var gode, og det vart god kartsetjing. På grunn av vértilhøva vart det sterke åtak av skurvopp. Det vart også harde åtak av skadeinsekt. Trass i det ulaglege véret utover sumaren, vart frukta heller godt utvikla, og fruktavlinga i 1954 er den største ein har hatt her i landet.

Fruktavlinga er utrekna til 95 600 tonn, mot knapt 47 000 tonn i 1953. Tidlegare var det 1950 som var toppåret med 87 000 tonn.

Avlinga av sumar- og hausteple er rekna til vel 24 000 tonn eller 121 prosent av medelsår. I 1953 var avlinga 12 500 tonn. Ikkje i noko fylke vart det under medelsårsavling. I Hedmark, der avlinga var relativt dårlegast, fekk dei 100 prosent av medelsår. Møre og Romsdal, Nord-Trøndelag og Nordland kom høgast med 150 prosent.

Avlinga av vintereple er utrekna til 45 300 tonn i 1954, mot 19 600 tonn i 1953. For heile landet under eitt svarar avlinga til 126 prosent av medelsår. Prosenttala skifte mellom 105 i Oppland og 150 i Møre og Romsdal.

Pærene slo ikkje så godt til. For heile landet svarar pæreavlinga til 78 prosent av medelsår. Det skifte mellom 50 prosent i Østfold og 100 prosent i Hedmark, Møre og Romsdal og Trøndelag. For heile landet er pæreavlinga utrekna til 6600 tonn i 1954, mot 3900 tonn i 1953.

Plomeavlinga er rekna til 15 000 tonn, eller 112 prosent av medelsår. I 1953 var avlinga 8300 tonn. Østfold og Hedmark nådde ikkje opp i medelsårsavling. For dei andre fylka skifte det mellom 100 og 130 prosent av medelsår.

Kirsebær og morellar gav i alt 4600 tonn — 103 prosent av medelsår. I 1953 var det 2400 tonn. Nord-Trøndelag, Oppland og Buskerud nådde ikkje heilt opp i medelsår. Dei fleste fylka fekk medelsårsavling eller litt meir. Nordland kom høgast med 130 prosent, men fruktdyrkinga spelar lita rolle i dette fylket.

Samla *bæravling* er utrekna til 27 800 tonn i 1954, mot 26 600 tonn i 1953. Jordbær- og bringebæravlingane vart redusert noko på grunn av stor nedbør i mogningstida. Stikkelsbæra slo best til. Dei gav 106 prosent av medelsår. Berre i Vest-Agder og Nord-Trøndelag vart det mindre enn medelsår. Relativt best slo dei til i Nordland med 150 prosent. Dei fleste fylka fekk 100—110 prosent. Ripsen gav 104 prosent av medelsår. I Oppland svara avlinga til 80 prosent av medelsåret. Elles vart det medelsårsavling i dei fleste fylke. Nokre fylke fekk 110—120 prosent, medan Troms og Nordland kom høgast med 150 og 140 prosent. Bringebæra gav 99 prosent av medelsår, men det var heller stor skilnad mellom dei ymse fylke. I Aust-Agder gav dei berre 50 prosent av medelsår, og fleire andre fylke nådde heller ikkje opp i medelsårsavling. På den andre sida gav bringebæra 150 prosent av medelsår i Nordland og Troms. Solbæravlinga svarar til 96 prosent av medelsår. I Sør-Noreg skifte det mellom 70 prosent i Rogaland og 115 prosent i Sør-Trøndelag. Nordland kom høgast med 130 prosent. Jordbæra gav 90 prosent av medelsår. Halvparten av fylka fekk 80—90 prosent, og elles låg det på 100 prosent, bortsett frå Nordland og Troms, der dei heller små jordbæareala gav 150 prosent av medelsår. Av samla bæravling i 1954 var ca. 11 000 tonn rips, 4900 tonn solbær, 4900 tonn jordbær, 4500 tonn stikkelsbær og 2500 tonn bringebær.

Avlinga av *grønsaker på friland* er for 1954 utrekna til 96 000 tonn. I 1953 var det 139 000 tonn. Store delar av sumaren var det rått og kaldt vær. Dette gjorde at grønsakene — og då serleg dei slaga som set store krav til varme — ikkje hadde serleg gode vilkår. Dessutan var grønsakarealet mindre enn året før. Som vanleg fall det meste av grønsakavlinga på kål, 55 000 tonn. Det var 95 prosent av medelsår. Kålen slo best til i Hedmark og Nordland med 120 prosent. Gulrotavlinga er utrekna til 28 000 tonn, 93 prosent av medelsår. Det skifte mellom 75 prosent i Buskerud og 125 prosent i Nordland. Bønnene gav 76 prosent av medelsår og hageerter 85 prosent. Stort sett var avlinga relativt dårlegast på Austlandet og Sørlandet. Matlauken gav 99 prosent av medelsår. Skilnaden mellom fylka var mindre enn for dei fleste andre grønsakene. Purreavlinga svarar til 97 prosent av medelsår. Berre i tre fylke var det mindre enn medelsår, men eit par av desse — serleg Buskerud — har heller store purreareal. Selleriavlinga var 93 prosent av medelsår, medan persillerota berre gav 66 prosent. Rabarbra gav 104 prosent. Agurkar og tomatar på friland gav dårleg avling, berre om lag 40 prosent av medelsår.

Agurkar og tomatar under glas gav om lag medelsårsavling. Avlinga av agurkar er utrekna til 2100 tonn og tomatavlinga til 7600 tonn.

Tabell 13 gjev eit oversyn over hagebruksavlinga i åra 1950—1954.

Tabell IV bak i boka viser avlinga av dei ymse hagevokstrane i dei ein-skilde fylke.

Tabell 13. Avling i tonn.

	Frukt	Bær	Grønsaker
1950	87 086	26 269	105 822
1951	62 581	24 266	93 167
1952	69 138	25 008	98 914
1953	46 691	26 578	148 819
1954	95 581	27 766	105 686

Avling pr. dekar av sume jordbruksvokstrar.

Byrået reknar ut avlinga frå jordbruket på grunnlag av årlege meldingar frå jordstyra. Desse meldingane gjev oppgåver over medels avling pr. dekar for dei einskilde vokstrar i kvart herad. Arealoppgåvene som blir nytta ved utrekninga, får ein ved dei årlege jordbruksteljingane (dei 10-årlege fullstendige jordbruksteljingane, og elles ved dei representative teljingane).

Som grunnlag for avlingsoppgåvene skal jordstyra kvart år henta inn oppgåver frå fem bruk i kvart herad. Oppgåvegevarane skal så langt råd er representera bruk der ein kan venta å få medels avling — rekna etter tilhøva i bygda sett under eitt, men det blir lagt større vekt på å få oppgåvegevarar som kan gjeva nøyaktige oppgåver. Oppgåvene skal mest mogleg byggja på måling eller veging av avlinga.

Frå og med 1945 har ein delt oppgåvene frå dei einskilde oppgåvegevarar på grupper etter avlingsstorleik pr. dekar. Dette er gjort for å syna korleis oppgåvene spreier seg etter storleiken på avlinga. Grupperinga gjeld vårkveite, bygg, havre, poteter, fôrnepe og høyr frå eng på dyrka jord. Ved grupperinga er nytta ei klassevidd som stort sett svarar til ca. 20 prosent av medelsavlinga. I «Jordbruksstatistikk 1949» (N.O.S. XI 44) er det gjevi ei oversikt for fem-året 1945—1949. I dette heftet gjev ein oppgåvene for perioden 1950—1954.

Den årlege avlingsstatistikken syner at avlinga ymsar mykje frå år til år. I kvar av dei to fem-årsperiodane er det med både eit serleg godt år (1948 og 1953) og eit serleg dårleg år (1947 og 1951). Jordstyra sine oppgåver syner at avlingane, rekna som medeltal pr. dekar, har auka. Det har i det store og heile vori betre avlingsår i den siste perioden. Samstundes har utviklinga ført til auka krav til medelsårsavling.

Tabell 14 syner avlinga som uvegne medeltal i kg pr. dekar for dei to periodane. Tabellen syner også avlinga pr. dekar i prosent av medelsårsavling.

Tabell 14. Avlinga som medeltal for periodane
1945—1949 og 1950—1954.

	Vårkveite	Bygg	Havre	Poteter	Fôrnepe	Høyr frå eng på dyrka jord
Avling i kg pr. dekar:						
1945—1949.....	198	219	209	1 879	3 766	494
1950—1954.....	198	237	226	1 994	4 471	563
Avlinga i prosent av medelsår:						
1945—1949.....	92.5	93.4	90.8	88.4	82.5	96.8
1950—1954.....	89.3	94.6	93.7	90.0	93.4	102.9

Det er berre v arkveiten som ikkje har gjevi st orre avling i 1950—1954 enn i 1945—1949. F ornepe og h oy syner serleg stor auke.

Tabell 15 syner avlinga pr. dekar i dei einskilde  r i perioden 1950—1954.

Tabell 15. Avlinga i dei einskilde  r i perioden 1950—1954.

	1950		1951		1952		1953		1954	
	Kg pr. dekar	Prosent av medels�r	Kg pr. dekar	Prosent av medels�r	Kg pr. dekar	Prosent av medels�r	Kg pr. dekar	Prosent av medels�r	Kg pr. dekar	Prosent av medels�r
V�arkveite	208	94	165	75	192	85	223	102	202	91
Bygg	237	97	224	90	231	90	254	101	240	94
Havre	231	97	220	92	201	83	248	103	228	94
Poteter	1 892	86	1 735	79	2 049	94	2 225	100	2 072	92
F�ornepe	4 270	93	3 839	83	4 206	89	5 284	107	4 756	95
H�oy fr�a eng p�a dyrka jord . . .	578	108	505	92	550	101	590	107	595	106

1950 var eit godt h oy ar, men  kervokstrane n dde ikkje opp i full medels rsavling. 1951 var eit heller d arleg  r for dei fleste vokstrar. I 1952 n dde h oyavlinga opp i medels r, men dei andre vokstrane gav relativt d arlegare avlingar. 1953 var eit uvanleg godt  r for alle vokstrar. H oyavlinga var stor ogs a i 1954, men dei andre vokstrane n dde ikkje opp i medels r.

Tabell 16 syner talet p a einskild-oppg aver og korleis desse deler seg prosentvis etter avling pr. dekar. Ein m a vera merksam p a at grupperinga ikkje gjeld areala, men berre tala p a oppg aver.

Oppg avene syner sterk spreing i avlingstala. Dette gjer seg gjeldande for alle vokstrar og i b ade gode og d arlege  r.

I dei fem  ra 1950—1954 har ein f att i alt bortimot 2800 oppg aver over avlinga av v arkveite. I perioden 1945—1949 var det vel 6100. Skilnaden skriv seg i f erste rekkje fr a den sterke nedgangen i kveitedyrkinga. I 1945 vart det s aleis dyrka v arkveite p a knapt 370 000 dekar, i 1954 p a bortimot 190 000 dekar. Nedgangen har stort sett gjort seg gjeldande gjennom heile 10- rsperioden, og talet p a avlingsoppg aver har ogs a g att tilbake fr a  r til  r. I 1945 var det vel 1900 oppg aver, i 1953 og 1954 vel 400.

Spreinga etter avlingsstorleik syner likevel om lag det same bilete for dei to fem- rsperiodane. Om lag tredjeparten av oppg avegjevarane fekk fr a 180 til 219 kg v arkveite pr. dekar, ein tredjepart har f att meir og ein tredjepart mindre. Tala for dei einskilde  r derimot syner sterke variasjonar — langt sterkare enn n r det gjeld bygg og havre.

I 1951, d a v arkveiten berre gav 75 prosent av medels r, var det heile 61 prosent av oppg avegjevarane som fekk mindre enn 180 kg pr. dekar. 27 prosent fekk 180—219 kg, og berre 12 prosent fekk st orre avling. I 1953 gav v arkveiten 102 prosent av medels r. Det  ret var det berre 14 prosent av oppg avegjevarane som fekk mindre enn 180 kg, medan 55 prosent fekk 220 kg eller meir.

Tabell 16. Spreiing etter avlingsstorleik.

År	Talet på oppgaver i alt	Oppgåvene skift — prosentvis — etter avling i kg pr. dekar								
		Under 100	100 -139	140 -179	180 -219	220 -259	260 -299	300 -339	340 eller meir	I alt
Vårkveite:										
1945—1949.....	6 134	3	11	20	32	19	8	6	1	100
1950—1954.....	2 754	3	10	19	33	20	8	6	1	100
1950.....	793	2	4	15	39	24	8	6	2	100
1951.....	579	7	22	32	27	7	3	2	—	100
1952.....	519	5	13	19	30	20	7	5	1	100
1953.....	428	1	2	11	31	29	13	11	2	100
1954.....	435	3	8	12	33	24	8	9	3	100
Bygg:										
1945—1949.....	6 766	2	7	14	31	23	9	10	4	100
1950—1954.....	6 478	1	4	9	26	24	13	14	9	100
1950.....	1 166	1	4	8	27	27	13	11	9	100
1951.....	1 240	1	5	14	29	23	10	10	8	100
1952.....	1 286	1	5	10	28	23	11	13	9	100
1953.....	1 361	—	3	8	21	24	15	17	12	100
1954.....	1 425	1	2	7	23	26	14	18	9	100
Havre:										
1945—1949.....	8 738	2	7	17	29	22	10	9	4	100
1950—1954.....	6 328	1	5	11	26	26	12	13	6	100
1950.....	1 537	1	4	10	26	27	13	13	6	100
1951.....	1 292	1	7	15	26	24	12	11	4	100
1952.....	1 229	4	8	16	29	21	9	9	4	100
1953.....	1 164	—	3	6	23	26	15	18	9	100
1954.....	1 106	—	2	9	26	28	13	15	7	100
År	Talet på oppgaver i alt	Oppgåvene skift — prosentvis — etter avling i kg pr. dekar								
		Under 1000	1000 -1399	1400 -1799	1800 -2199	2200 -2599	2600 -2999	3000 eller meir	I alt	
Poteter:										
1945—1949.....	13 621	5	12	20	30	19	7	7		100
1950—1954.....	13 788	4	11	18	29	22	8	8		100
1950.....	2 711	5	13	22	31	20	5	4		100
1951.....	2 718	7	18	25	29	14	4	3		100
1952.....	2 811	5	11	15	28	25	9	7		100
1953.....	2 792	1	5	11	28	27	12	16		100
1954.....	2 756	2	8	15	30	25	10	10		100
År	Talet på oppgaver i alt	Oppgåvene skift — prosentvis — etter avling i kg pr. dekar								
		Under 1500	1500 -2499	2500 -3499	3500 -4499	4500 -5499	5500 -6499	6500 eller meir	I alt	
Fôrnepe:										
1945—1949.....	4 266	5	13	20	25	20	11	6		100
1950—1954.....	3 249	2	8	14	22	26	17	11		100
1950.....	696	2	8	13	25	23	17	7		100
1951.....	647	3	13	21	29	22	9	3		100
1952.....	665	4	10	17	21	25	14	9		100
1953.....	650	—	3	10	13	26	24	24		100
1954.....	591	2	4	10	20	31	20	13		100

Tabell 16 (framh.). Spreiing etter avlingsstorleik.

	Talet på oppgaver i alt	Oppgåvene skift — prosentvis — etter avling i kg pr. dekar								
		Under 350	350—449	450—549	550—649	650—749	750—849	850—949	950 eller meir	I alt
Høy frå dyrka jord:										
1945—1949.....	13 903	12	20	25	19	11	13			100
1950—1954.....	13 491	5	12	23	23	17	11	5	4	100
1950.....	2 595	4	12	22	23	18	12	5	4	100
1951.....	2 557	7	19	27	23	12	8	3	1	100
1952.....	2 856	5	14	24	22	16	10	5	4	100
1953.....	2 801	6	9	18	23	18	13	6	7	100
1954.....	2 682	2	8	22	26	20	14	5	3	100

I fem-årsperioden 1950—1954 er det ca. 6500 oppgaver over byggavlinga. Det er ikkje fullt så mange som i åra 1945—1949. Talet på oppgaver gjekk ned år for år frå 1945 til 1949, sidan har det vori jamn auke att. Byggavlinga pr. dekar har auka sidan førre periode. Dette set sitt merke på spreinga av oppgåvene. I begge periodane var gruppa 180—219 kg den talrikaste, men gruppa 220—259 kg ligg ikkje langt etter. Halvparten av oppgåvene fall på desse to gruppene (180—259 kg pr. dekar). Skilnaden mellom dei to periodane kjem klårast til syne, når ein ser på dei oppgåvene som fell utanom dei to talrikaste gruppene. I 1945—1949 var det 23 prosent av oppgavegjevarane som fekk under 180 kg bygg pr. dekar, og det var også 23 prosent som fekk 260 kg eller meir. I 1950—1954 var det berre 14 prosent som fekk under 180 kg, men 36 prosent som fekk minst 260 kg. Dei årlege variasjonane i spreinga er ikkje så sterke som når det gjeld kveite. Det er likevel tydeleg skilnad mellom dei einskilde år. I det heller dårlege avlingsåret 1951 var det 28 prosent av oppgavegjevarane som fekk ei byggavling på 260 kg eller meir pr. dekar. I det gode året 1953 var det 44 prosent som fekk så store avlingar.

Oppgåvene over havreavlinga syner stort sett same spreinga som når det gjeld bygg. Talet på oppgaver i tida 1950—1954 var også om lag det same som for bygg. Også når det gjeld havre, fell halvparten av oppgåvene på dei to gruppene 180—219 kg og 220—259 kg pr. dekar. I 1945—1949 var det 26 prosent som fekk mindre og 23 prosent som fekk større avlingar. Dei tilsvarande tal for 1950—1954 var 17 prosent og 31 prosent. Dei årlege variasjonar i spreinga er vel så sterke som for bygg, men ikkje så sterke som for kveite. I 1952 var det 28 prosent som fekk mindre enn 180 kg havre pr. dekar, medan 22 prosent fekk 260 kg eller meir. I 1953 var det berre 9 prosent som fekk under 180 kg, men 42 prosent som fekk 260 kg eller meir.

For siste fem-årsperioden har ein 13 800 oppgaver over potetavlinga, litt meir enn i 1945—1949. Ved spreinga etter avlingsstorleik pr. dekar er nytta ei gruppevidd på 400 kg. I begge periodane kom ca. 30 prosent av oppgåvene i gruppa 1800—2199 kg, medan ca. 20 prosent fall på kvar av gruppene 1400—1799 kg og 2200—2599 kg. 17 prosent av oppgavegjevarane fekk mindre enn 1400 kg pr. dekar i 1945—1949, og 14 prosent fekk 2600 kg eller meir. Dei tilsvarande prosenttal for 1950—1954 var 15 og 16. Det er altså små brigde i spreingstala frå den første til den andre fem-årsperioden, trass i at medels potetavling hadde auka med over 100 kg pr. dekar i denne tida. Ser ein derimot på

spreiinga for dei einskilde år i tidsromet framover frå 1950 til 1954, vil ein leggja merke til ei tydeleg forskyving av talmaterialet frå lægre til høgare grupper — sjølv om spreinga er merkt også av gode og dårlege avlingsår. I 1950 fall 31 prosent av oppgåvene på gruppa 1800—2199 kg, i 1954 var det 30 prosent. Der var det såleis ingen nemnande skilnad. I 1950 var 40 prosent av oppgåvene i lægre og 29 prosent i høgare grupper, medan det var 25 prosent som fekk mindre enn 1800 kg og 45 prosent som fekk 2200 kg eller meir pr. dekar i 1954. Utviklinga kjem truleg mest tydeleg til syne når ein ser at 18 prosent av oppgavegjevarane fekk under 1400 kg poteter pr. dekar i 1950, medan det var 10 prosent som fekk så lita avling i 1954.

For avlinga av fôrnepe har ein fått inn vel 3200 oppgaver i åra 1950—1954, mot knapt 4300 i åra 1945—1949. Ved grupperinga etter avling pr. dekar er det her nytta ei gruppevidd på 1000 kg. Medelsavlinga av fôrnepe var knapt 4500 kg i perioden 1950—1954, mot framimot 3800 kg i fem-årsperioden før. Spreiinga av oppgåvene er tydeleg merkt av avlingsauken. I 1945—1949 var gruppa 3500—4499 kg den talrikaste, med 25 prosent av alle oppgåvene. Dessutan fall det 20 prosent på kvar av gruppene 2500—3499 kg og 4500—5499 kg. 18 prosent fekk lægre avling enn 2500 kg pr. dekar og 17 prosent fekk 5500 kg eller meir. I 1950—1954 var det gruppa 4500—5499 kg som var talrikast med 26 prosent av alle oppgaver. Deretter kom gruppene 3500—4499 kg med 22 prosent, 5500—6499 kg med 17 prosent og 2500—3499 kg med 14 prosent. Det var i alt 10 prosent som fekk mindre enn 2500 kg og 28 prosent som fekk minst 5500 kg pr. dekar. Dei årlege variasjonane er store. I så måte kan det vera nok å peika på at i 1951, då fôrnepe gav 83 prosent av medelsår, var det berre 3 prosent av oppgavegjevarane som fekk 6500 kg eller meir pr. dekar, medan det i 1953, med 107 prosent av medelsår, var 24 prosent som nådde opp i så stor avling.

Det var 13 500 oppgaver over avlinga av høy frå eng på dyrka jord i perioden 1950—1954. Dette er 500 færre enn i åra 1945—1949. Høyavlinga pr. dekar har auka sterkt i denne tida — frå 494 kg som medeltal for perioden 1945—1949 til 563 kg for åra 1950—1954. Den sterke auken har gjort det turvande å endra noko på den grupperinga som vart nytta i førre fem-årsperioden. Ved spreinga av oppgåvene er nytta ei gruppevidd på 100 kg.

I 1945—1949 var gruppa 450—549 kg den talrikaste. 25 prosent av oppgåvene kom i denne gruppa. Etter denne fylgde gruppa 350—449 kg med 20 prosent og gruppa 550—649 kg med 19 prosent. I 1950—1954 var dei to gruppene 450—549 kg og 550—649 kg like talrike, med 23 prosent av oppgåvene i kvar gruppe. I denne perioden fall berre 12 prosent av oppgåvene på gruppe 350—449 kg, men på den andre sida var det 17 prosent i gruppe 650—749 kg, mot 11 prosent i perioden før. Skilnaden mellom dei to periodane kjem sterkest til syne i tala for dei lægste og høgaste gruppene. I 1945—1949 var det 12 prosent av oppgavegjevarane som fekk under 350 kg høy pr. dekar dyrka eng til slått. I 1950—1954 var det berre 5 prosent som fekk så lita avling. Det var 13 prosent som fekk minst 750 kg i den første perioden, men 20 prosent i 1950—1954.

Engvokstrane er meir årsikre enn åkervokstrane, men det kan likevel vera heller store årlege variasjonar i høyavlinga. I 1951 gav høy frå eng på dyrka jord 92 prosent av medelsår. Dette året var det 26 prosent av oppgavegjevarane som fekk mindre enn 450 kg høy pr. dekar, medan det berre var 12 prosent som fekk 750 kg eller meir. I det gode avlingsåret 1953 kom høyavlinga opp i 107 prosent av medelsår. Då var det 15 prosent av oppgavegjevarane som fekk mindre enn 450 kg pr. dekar, men 26 prosent som fekk 750 kg eller meir.

Bruken av kunstgjødsel, kraftfôr og fôrkonserveringsvæske.

Innhaldet av fosfor og kalium i gjødsel skal ein no (sidan 1. juli 1947) gjeva opp som prosentinnhaldet av grunnstoffa fosfor (P) og kalium (K). Dette er i samsvar med den nemning ein nyttar for kvæve (N). Etter kongeleg resolusjon av 18. april 1947 om handel med kraftfôr og kunstgjødsel, gjeld dette for all offentlig landbruksverksemd.

Tabell 17. Omsetnaden av kunstgjødsel rekna i tonn grunnstoff.

	Kvæve (N)	Fosfor (P)	Kalium (K)
1939	10 270	6 464	12 305
1949	25 216	14 108	35 056
1950	36 864	16 171	41 837
1951	30 699	14 949	34 433
1952	33 397	15 490	37 378
1953	36 009	16 558	39 639
1954	34 078	16 252	38 826

Ein må vera merksam på at tala i tabell 17 gjeld omsetnaden, ikkje forbruket. Omsetnad og forbruk fell ikkje like godt saman i alle år. Pris- og vértilhøva og andre årsaker kan føra til at ein del kunstgjødsel som er kjøpt eitt år, først blir nytta året etter. Det er truleg slike ting som er årsak til dei store tala i 1950. I 1954 var omsetnaden litt mindre enn i 1953. I høve til 1949 er det ein auke på 35 prosent for kvæve, 15 prosent for fosfor og 11 prosent for kalium.

Tabell 18. Innførsel av kraftfôr i tonn
(fôrbygg og fôrkvæite ikkje rekna med).

	Mais	Kli	Olje- og eggekvote- rike	Andre kraft- fôremne	Til saman
1939	148 129	59 269	97 067	24 728	329 193
1949	135 111	2 914	30 546	21 742	190 313
1950	131 208	1 499	76 433	39 677	248 817
1951	53 074	—	46	36 348	89 468
1952	93 698	—	14 143	48 998	156 839
1953	105 902	—	48 910	24 503	179 315
1954	49 699	170	52 008	45 695	147 572

Dei innførte kraftfôrmengder har variert heller sterkt i tida etter krigen. Det var sterk auke dei første åra. I åra 1947—1949 vart det ført inn ca. 200 000 tonn pr. år. Så var det atter sterk auke i 1950, men enno sterkare nedgang att i 1951. Åra 1952 og 1953 synta auke. 1954 synta noko nedgang i høve til året før. I 1954 vart det ført inn litt under 150 000 tonn. Heile nedgangen i høve til året før fell på mais. Innførsla av olje- og eggekvote-rike kraftfôremne var vel så stor som i 1953. Det var sterk auke i innførsla av «andre kraftfôremne». Det meste av dette var durra.

I 1954 vart det ført inn 104 000 tonn råemne til oljemylnene. Det var om lag det same som i 1951, då det også vart ført inn vel 100 000 tonn. I 1952 og 1953 var innførsla knapt 90 000 tonn.

Tabell 19. Kraftfôromsetnaden til grossist (i tonn).

	Kolhydratrikt		Eggekviterikt		Til saman
	I alt	Av dette heil kveite, rug, bygg og havre til fôr	I alt	Av dette sildmjøl	
1939/40	299 219	40 724	173 503	¹⁾ 26 874	472 722
1948/49	217 377	36 463	142 744	74 705	360 121
1949/50	328 704	73 796	197 560	79 108	526 264
1950/51	235 854	45 237	112 396	45 483	348 250
1951/52	282 482	73 231	139 446	62 959	421 928
1952/53	289 878	109 280	138 645	51 536	428 523
1953/54	231 637	99 104	164 107	62 829	395 744

¹⁾ Gjeld også fiskemjøl i 1939/40.

Tala i tabell 19 gjev eit oversyn over kraftfôromsetnaden innanlands etter oppgåver frå Statens Kornforretning. Samla omsetnad i 1953/54 var noko mindre enn året før. Omsetnaden av kolhydratrikt kraftfôr er noko mindre enn i 1952/53, medan det er litt auke for eggekviterikt kraftfôr.

Tabell 20. Kraftfôromsetnaden til grossist i dei einiskilde månader i 1953 og 1954 (i tonn).

	Eggekviterikt		Kolhydratrikt ²⁾		I alt
	Innført	Norsk ¹⁾	Innført	Norsk ¹⁾	
1953					
Januar	4 744	8 762	16 095	7 242	36 843
Februar	5 663	10 774	23 347	7 099	46 883
Mars	9 453	12 559	10 508	5 733	38 253
April	3 217	12 007	19 035	5 738	39 997
Mai	1 712	8 658	39 972	5 742	56 084
Juni	3 061	9 268	10 634	4 957	27 920
Juli	4 263	6 170	4 351	3 610	18 394
August	2 652	5 758	6 453	5 004	19 867
September	2 711	7 908	23 543	8 463	42 625
Oktober	2 914	6 987	17 025	9 936	36 862
November	3 791	9 949	19 486	10 848	44 074
Desember	5 668	10 323	33 382	10 570	59 943
Året	49 849	109 123	223 831	84 942	467 745
1954					
Januar	2 985	9 821	1 595	7 135	21 536
Februar	297	13 447	617	7 416	21 777
Mars	827	13 883	12 954	8 767	36 431
April	1 697	14 201	4 205	9 266	29 369
Mai	6 004	11 399	1 998	7 954	27 355
Juni	12 586	7 865	7 482	9 578	37 511
Juli	4 513	3 634	9 653	6 959	24 759
August	180	5 905	14 173	6 006	26 264
September	3 431	9 142	19 446	6 868	38 887
Oktober	7 991	8 166	36 137	14 486	66 780
November	4 028	11 042	18 831	9 084	42 985
Desember	7 751	9 710	4 874	10 370	32 705
Året	52 290	118 215	131 965	103 889	406 359

¹⁾ Gjeld også norsk produksjon av innførte råemne.

²⁾ Heil kveite, rug, havre og bygg til fôr er rekna med.

Rasjoneringføresegnene er dei same i 1953/54 som i 1952/53. Det kan tilvisast visse kraftførmengder til dei ymse dyreslag, men rasjonane ymsar etter storleiken på bruka. For mjølkekyrne er det også gradering etter ytinga.

Omsetnaden av førkonserveringsvæske i liter 18 n. syre var:

1938.....	433 740	1951.....	1 911 603
1939.....	589 860	1952.....	2 296 026
1948.....	1 569 555	1953.....	2 486 000
1949.....	1 091 939	1954.....	3 400 000
1950.....	1 310 153		

Desse tala gjev ikkje uttrykk for brigda i samla produksjon av silofôr. Ein sers stor del av silomassen blir laga utan bruk av konserveringsvæske. Oppgåver over silomengda har ein berre i samband med dei fullstendige jordbruks-
teljingane i 1939 og 1949.

Husdyrhaldet.

Tabell 21 viser talet på husdyr i åra 1949—1954, samanlikna med 1939.

Tabell 21. Talet på husdyr pr. 20. juni. Bygdene i alt.

	Hestar	Storfe	Sauer	Geiter	Svin	Vaksne høns
1939.....	203 931	1 455 016	1 743 802	248 916	361 953	3 422 368
1949.....	198 266	1 224 133	1 735 623	146 594	418 840	3 710 906
1950.....	190 514	1 236 600	1 811 748	130 045	422 156	3 911 996
1951.....	183 828	1 230 532	1 928 948	118 828	386 120	3 320 489
1952.....	175 356	1 151 830	1 986 726	115 417	418 435	3 197 045
1953.....	167 748	1 150 035	1 985 284	119 092	379 035	3 384 750
1954.....	158 676	1 180 894	1 952 016	122 693	405 804	3 562 480
Relative tal. 1939 = 100.						
1949.....	97.2	84.1	99.5	58.9	115.7	108.4
1950.....	93.4	85.0	103.9	52.2	116.6	114.3
1951.....	90.1	84.6	110.6	47.7	106.7	97.0
1952.....	86.0	79.2	113.9	46.4	115.6	93.4
1953.....	82.3	79.0	113.8	47.8	104.7	98.9
1954.....	77.8	81.2	111.9	49.3	112.1	104.1

Talet på husdyr, med unnatak av svin og høns, var mindre i 1949 enn i 1939. Etter 1949 har det vori nedgang i talet på hest, storfe og geit. Sauetalet har auka. Det har vori meir variasjon i talet på svin og høns.

Tabell 22 gjev meir detaljerte oppgåver over husdyrhaldet. Talet på husdyr i dei einskilde fylke i 1954 ser ein av tabell II bak i boka.

Tabell 22. Talet på husdyr i 1954 samanlikna med 1949 og 1953.

	Husdyrhaldet 20. juni			Brigde 1949-54		Brigde 1953-54	
	1949	1953	1954	I tal	I pct.	I tal	I pct.
Hestlar:							
Under 1 år	8 218	3 519	3 539	÷ 4 679	÷ 56.9	+ 20	+ 0.6
1 og 2 år	9 948	6 381	5 427	÷ 4 521	÷ 45.4	÷ 954	÷ 15.0
3 og 4 år	24 959	9 205	7 412	÷ 17 547	÷ 70.3	÷ 1 793	÷ 19.5
5—16 år	134 898	124 235	116 313	÷ 18 585	÷ 13.8	÷ 7 922	÷ 6.4
Over 16 år	20 243	24 408	25 985	+ 5 742	+ 28.4	+ 1 577	+ 6.5
I alt	198 266	167 748	158 676	÷ 39 590	÷ 20.0	÷ 9 072	÷ 5.4
Storfe:							
Under 1 år	269 696	274 565	306 618	+ 36 922	+ 13.7	+ 32 053	+ 11.7
Oksar { 1—2 år	35 128	39 416	47 627	+ 12 499	+ 35.6	+ 8 211	+ 20.8
{ over 2 år ...	5 783	5 154	5 522	÷ 261	÷ 4.5	+ 368	+ 7.1
Kviger (som ikkje har hatt kalv)	144 275	134 364	141 801	÷ 2 474	÷ 1.7	+ 7 437	+ 5.5
Kyr (som har hatt kalv)	769 251	696 536	679 326	÷ 89 925	÷ 11.7	÷ 17 210	÷ 2.5
I alt	1 224 133	1 150 035	1 180 894	÷ 43 239	÷ 3.5	+ 30 859	+ 2.7
Sauer:							
Under 1 år (lam)	843 589	1 019 755	1 003 038	+ 159 449	+ 18.9	÷ 16 717	÷ 1.6
Over 1 år	892 034	965 529	948 978	+ 56 944	+ 6.4	÷ 16 551	÷ 1.7
I alt	1 735 623	1 985 284	1 952 016	+ 216 393	+ 12.5	÷ 33 268	÷ 1.7
Geiter:							
Under 1 år (kje)	41 810	33 909	31 828	÷ 9 982	÷ 23.9	÷ 2 081	÷ 6.1
Over 1 år	104 784	85 183	90 865	÷ 13 919	÷ 13.3	+ 5 682	+ 6.7
I alt	146 594	119 092	122 693	÷ 23 901	÷ 16.3	+ 3 601	+ 3.0
Svin:							
Under 4 månader	249 281	220 646	225 024	÷ 24 257	÷ 9.7	+ 4 378	+ 2.0
Over { slaktesvin ..	111 954	111 529	127 118	+ 15 164	+ 13.5	+ 15 589	+ 14.0
4 { ale- { rånar	2 250	2 276	2 346	+ 96	+ 4.3	+ 70	+ 3.1
mandr. { svin { purker	55 355	44 584	51 316	÷ 4 039	÷ 7.3	+ 6 732	+ 15.1
I alt	418 840	379 035	405 804	÷ 13 036	÷ 3.1	+ 26 769	+ 7.1
Høns:							
Vaksne	3 710 906	3 384 750	3 562 480	÷ 148 426	÷ 4.0	+ 177 730	+ 5.3
Kjuklingar	3 031 531	1 901 628	1 721 952	÷ 1309579	÷ 43.2	÷ 179 676	÷ 9.4

Nedgangen i talet på hestlar har haldi fram. Siste året var det ein nedgang på vel 9000 dyr eller 5.4 prosent. Sidan 1949 har talet på hestlar gått tilbake frå vel 198 000 til knapt 159 000. Det er ein nedgang på bortimot 40 000 dyr eller 20 prosent. Talet på føl var om lag det same i 1954 som i 1953. Det var litt auke i nokre fylke. Det er framleis talet på unghestlar som har minka relativt mest. Nedgangen i aldersgruppa 5—16 år, som femner over storparten av hestane, har også haldi fram. Siste året var det ein nedgang på 6.4 prosent i denne aldersgruppa. I ei rekkje av år vil det no bli nedgang i denne aldersgruppa. Det er små kull som årleg går inn i gruppa som 5-åringar, medan dei kulla som går ut, er større. Talet på hestlar som er meir enn 16 år, har auka noko dei siste åra — sidan 1949 med vel 28 prosent.

Talet på storfe i alt auka med 2.7 prosent siste året. Auken skriv seg i første rekkje frå kalvar og ungdyr, medan talet på kyr gjekk ned med 2.5 prosent. Sidan 1949 har talet på kyr gått tilbake med 90 000. Denne nedgangen svarar til 11.7 prosent. Av fylka var det berre Rogaland som hadde fleire kyr i 1954 enn i 1949. Dei andre fylka hadde mellom 5 og 19 prosent nedgang. Nedgangen har vori sterkast i Hedmark, men også i Oppland, Buskerud, Telemark, Aust-Agder og Nordland er kutalet redusert med meir enn 15 prosent. Talet på storfe i alt har auka heller sterkt (med 17.5 prosent) i Rogaland sidan 1949. I Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Trøndelag var det litt fleire storfe i 1954 enn i 1949. Resten av fylka synte nedgang.

Talet på sauer var litt mindre i 1954 enn i 1953. Det var litt auke i fylka på Vestlandet, med unntak av Rogaland, og i Buskerud og Finnmark. For heile landet under eitt var det ein nedgang på 1.7 prosent. Sauetalet var likevel 12.5 prosent større i 1954 enn i 1949. I høve til 1949, har det vori oppgang i alle fylke, med unntak av Østfold, Vestfold og Akershus.

Talet på geiter auka med 3.0 prosent siste året, men er likevel 16.3 prosent lægre enn i 1949. Det var mange fylke som hadde auke i geitetalet siste året, men berre i Oppland, Buskerud og Møre og Romsdal var det fleire geiter i 1954 enn i 1949.

Det var ca. 27 000 fleire svin pr. 20. juni 1954 enn året før — ein auke på 7.1 prosent. Det var auke i dei fleste fylka. Auken var relativt sterkast i Hedmark, Buskerud og Nordland. Det var talet på slaktesvin over 4 månader og alepurker som auka sterkast, med 14—15 prosent. Talet på svin i alt var 3.1

Tabell 23. Talet på høns delt etter alder. Prosent.

	Hanar	Høner			Sum
		Klekt i		Eldre	
		1953	1952		
Østfold	1.4	48.5	32.0	18.1	100
Akershus	1.4	47.0	35.0	16.6	100
Hedmark	1.9	44.6	30.0	23.5	100
Oppland	1.8	39.2	30.7	28.3	100
Buskerud	1.6	48.1	31.9	18.4	100
Vestfold	1.3	52.2	35.3	11.2	100
Telemark	1.3	44.4	31.1	23.2	100
Aust-Agder	1.0	46.2	32.9	19.9	100
Vest-Agder	0.8	42.0	31.4	25.8	100
Rogaland	0.6	68.6	26.6	4.2	100
Hordaland	1.4	44.1	33.1	21.4	100
Sogn og Fjordane	1.8	38.7	25.1	34.4	100
Møre og Romsdal	2.2	43.4	24.9	29.5	100
Sør-Trøndelag	4.0	33.9	28.9	33.2	100
Nord-Trøndelag	2.1	43.8	32.9	21.2	100
Nordland	4.4	30.0	26.6	39.0	100
Troms	4.2	43.3	22.7	29.8	100
Finnmark	3.4	30.5	33.9	32.2	100
Bygdene i alt 1954	1.5	50.8	30.2	17.5	100
		Klekt i			
		1952	1951		
Bygdene i alt 1953	1.9	45.8	29.6	22.7	100
		1951	1950		
Bygdene i alt 1952	2.2	37.6	28.9	31.3	100

prosent mindre i 1954 enn i 1949. Rogaland hadde ein auke på nær 27 prosent i høve til 1949. Elles var det berre Oppland og Nord-Trøndelag som hadde auke. Nedgangen har vori sterkast i Nord-Noreg.

Talet på vaksne høns auka med 178 000 siste året. Denne auken svarar til 5.3 prosent. Talet på kjuklingar var 180 000 mindre enn pr. 20. juni 1953 — ein nedgang på 9.4 prosent. Talet på vaksne høns auka i dei fleste fylka i Sør-Noreg. Dei fleste fylka hadde likevel færre høns i 1954 enn i 1949. Berre i Hordaland var det tydeleg auke.

Ved teljinga i 1954 vart hønsetalet delt etter alderen på dyra — på same måten som i 1953 og 1952. Ein fekk oppgaver over alder for ca. 80 prosent av dei hønsene som er med i teljinga. Tabell 23 viser tala i prosent for dei einskilde fylke.

1.5 prosent av dei vaksne hønsene var hanar. Det har vorti relativt færre hanar fra år til år. Relativtala syner elles at unghønene etter kvart har fått ein breiare plass, medan det er relativt færre eldre høner. Vel halvparten av hønene i 1954 var klekt i 1953. Berre knapt 18 prosent var meir enn 2 år. I 1952 var nærare tredjeparten av hønene over 2 år. Relativtala skifter frå fylke til fylke. Rogaland skil seg sterkt ut. Framimot 70 prosent av hønsene i dette fylket var høner som var klekt i 1953, og berre 4 prosent var over 2 år. I Nordland var 30 prosent klekt i 1953 og 39 prosent var over 2 år. Rogaland hadde relativt færrest hanar — 0.6 prosent av alle hønsene. Relativt flest var det i Nordland med 4.4 prosent. Etterrøknadene frå 1952 og 1953 synte at det er i dei små hønseflokkane det er relativt flest gamle høner.

Tabell 24 syner husdyrhaldet i høve til 1949 og 1953 i dei einskilde fylke.

Tabell 24. Husdyrhaldet i 1954
utrekna som relativtal i høve til 1949 og 1953.

	Hestar	Storfe	Mjølke- kyr	Sauer	Geiter	Svin	Vaksne høns
a) Relative tal. 1949 = 100.							
Østfold	75.2	98.7	90.8	51.2	—	99.3	102.1
Akershus	76.1	92.9	86.1	86.1	—	93.6	102.1
Hedmark	79.4	90.4	80.9	102.5	78.3	99.2	88.6
Oppland	78.6	92.3	83.5	121.7	106.8	101.7	88.4
Buskerud	79.7	86.9	81.3	135.8	132.5	96.3	97.6
Vestfold	68.8	98.0	86.1	69.9	—	93.0	102.7
Telemark	76.4	93.4	83.1	108.9	77.2	92.9	96.0
Aust-Agder	84.6	87.3	81.8	107.6	9.5	72.5	78.4
Vest-Agder	84.4	96.8	90.0	107.9	59.0	94.2	88.5
Rogaland	81.7	117.5	101.4	116.8	56.3	126.8	100.6
Hordaland	88.0	97.7	89.6	107.2	86.4	80.3	118.4
Sogn og Fjordane	83.3	102.5	91.6	118.5	93.9	90.8	82.2
Møre og Romsdal	78.5	101.1	92.1	112.2	103.2	71.6	82.2
Sør-Trøndelag	84.7	102.9	94.7	110.2	30.4	81.5	76.2
Nord-Trøndelag	78.4	100.9	90.9	110.5	71.1	111.2	101.1
Nordland	84.5	87.6	83.6	107.2	60.5	60.0	80.5
Troms	84.7	83.5	85.9	111.9	74.6	71.9	86.0
Finmark	76.2	86.2	91.6	135.5	65.4	15.1	99.4
Bygdene i alt	80.0	96.5	88.3	112.5	83.7	96.9	96.0

Tabell 24 (framh.). Husdyrhaldet i 1954
utrekna som relativt tal i høve til 1949 og 1953.

	Hestar	Storfe	Mjølke- kyr	Sauer	Geiter	Svin	Vaksne høns
b) Relative tal. 1953 = 100.							
Østfold	91.4	102.3	96.4	73.2	—	97.4	100.7
Akershus	92.9	100.2	94.1	85.3	—	103.6	99.6
Hedmark	94.9	102.5	96.9	96.1	103.5	117.6	105.7
Oppland	96.2	104.8	98.2	100.0	102.4	104.1	108.1
Buskerud	95.5	102.0	96.9	101.5	154.0	122.2	111.7
Vestfold	86.7	102.8	94.8	78.6	—	104.7	104.6
Telemark	93.8	106.3	98.1	99.9	118.3	106.1	106.7
Aust-Agder	97.1	102.7	96.0	97.5	—	99.0	105.4
Vest-Agder	92.6	103.8	97.2	91.9	181.0	112.4	94.7
Rogaland	96.1	105.7	99.0	94.6	105.0	109.8	108.3
Hordaland	97.4	102.4	100.2	100.9	102.3	105.1	118.0
Sogn og Fjordane	95.5	105.3	100.7	104.8	103.7	101.8	117.1
Møre og Romsdal	95.4	104.3	99.9	103.7	97.0	99.6	108.3
Sør-Trøndelag	95.8	103.3	99.1	99.9	79.0	103.0	96.8
Nord-Trøndelag	93.1	103.7	97.3	99.4	133.6	108.0	106.5
Nordland	96.6	98.5	95.2	95.5	101.2	122.2	97.1
Troms	95.2	93.6	93.5	89.5	82.6	107.3	86.3
Finnmark	87.5	97.9	95.9	103.5	121.0	75.4	83.3
Bygdene i alt	94.6	102.7	97.5	98.3	103.0	107.1	105.3

Det vart haldi ei representativ husdyrteljing også pr. 31. desember 1954, på same måten som i 1953. Denne teljinga femner berre over ca. 2 prosent av bruka over 5 dekar — i alt om lag 4500 bruk. Denne teljinga syner brigda i talet på husdyr både i høve til førre årsskifte og i høve til 20. juni same året.

Tabell 25 syner dyretalet ved årsskiftet i prosent av sumarbuskapen i 1954, 1953 og 1929. Tala for 1907 og 1917 gjeld buskap ved årsskiftet i prosent av buskap pr. 30. september.

Tabell 25. Vinterbuskap i prosent av sumarbuskap.

	Hestar	Storfe	Sauer	Geiter	Svin	Vaksne høns
31/12-1907 i prosent av 30/9-1907	98.9	94.0	71.2	75.1	51.3	..
1/ 1-1918 » 30/9-1917	99.0	94.1	72.5	77.5	51.6	..
1/ 1-1929 » 20/6-1929	97.7	91.3	54.6	63.9	52.5	..
31/12-1953 » 20/6-1953	95.9	96.9	53.4	84.1	81.2	120.4
31/12-1954 » 20/6-1954	97.1	97.0	54.0	78.2	96.4	121.3

Buskapen er jamt over noko mindre om vinteren enn i sumartida. Dette skriv seg frå at det blir sett på relativt mange ungdyr om våren, medan det blir slakta serleg mange dyr om hausten. Elles kan også avlingane og andre tilhøve ha noko verknad på skilnaden mellom vinter- og sumarbuskap. Desse sesong-variasjonane er ikkje like store for alle husdyr. Skilnaden er minst for hest og storfe.

Tabell 26 syner husdyrtala pr. 20. juni og 31. desember 1954 jamført med tilsvarende tal for 1953.

Tabell 26. Sumar- og vinterbuskap 1953 og 1954.

	Talet på dyr				Brigde i prosent	
	1953		1954		1954	31/12 1953-
	20/6	31/12	20/6	31/12	20/6-31/12	31/12 1954
Hestar						
Under 1 år	3 519	..	3 539
Over 1 år	164 229	..	155 137
I alt	167 748	161 000	158 676	154 000	÷ 2.9	÷ 4.3
Storfe						
Under 1 år	274 565	240 000	306 618	273 000	÷ 11.0	+ 13.8
Oksar over 1 år ...	44 570	49 000	53 149	58 000	+ 9.1	+ 18.4
Kviger	134 364	138 000	141 801	149 000	+ 5.1	+ 8.0
Kyr	696 536	687 000	679 326	665 000	÷ 2.1	÷ 3.2
I alt	1 150 035	1 114 000	1 180 894	1 145 000	÷ 3.0	+ 2.8
Sauer						
Under 1 år	1 019 755	..	1 003 038
Over 1 år	965 529	..	948 978
I alt	1 985 284	1 059 000	1 952 016	1 055 000	÷ 46.0	÷ 0.4
Geiter						
Under 1 år	33 909	..	31 828
Over 1 år	85 183	..	90 865
I alt	119 092	100 000	122 693	96 000	÷ 21.8	÷ 4.0
Svin						
Under 4 mndr....	220 646	152 000	225 024	197 000	÷ 12.5	+ 29.6
Slaktesvin over 4 månader	111 520	102 000	127 118	133 000	+ 4.6	+ 30.4
Alesvin	46 860	54 000	53 662	61 000	+ 13.7	+ 13.0
I alt	379 035	308 000	405 804	391 000	÷ 3.6	+ 26.9
Høns						
Vaksne	3 384 750	4 076 000	3 562 480	4 322 000	+ 21.3	+ 6.0
Kjuklingar	1 901 628	..	1 721 952

Frå desember 1953 til desember 1954 gjekk hestetalet ned med ca. 7000 til 154 000. Talet på storfe i alt auka med 31 000, til i alt 1 145 000. Talet på kalvar auka med 33 000 og oksar og kviger med 20 000, men talet på kyr gjekk ned med 22 000. Sauetalet var om lag det same som året før. Talet på geiter gjekk litt ned. Svinetalet auka med i alt 83 000. Det var auke både for alesvin, slaktesvin og smågris.

Sesongvariasjonane frå juni til desember var stort sett dei same i 1954 som i 1953, men tala for svin syner ei anna utvikling. Talet på svin går til vanleg sterkt ned etter slaktinga utover hausten og førejulsvinteren, men ved årsskiftet 1954/55 var talet på svin mest like stort som 20. juni 1954. Elles syner tala at det var ein liten nedgang for hest og for storfe i alt. Som i 1953 var det auke i talet på oksar og kviger, men nedgang for kalvar og kyr frå juni til desember.

Sauetalet i desember var vel halvparten av junitalet. Som i 1953, var talet på vaksne høns om lag 20 prosent større i desember enn i juni.

Frå og med 1936 har Byrået gjennom jordstyra henta inn oppgåver over talet på purker som er para. Oppgåvene kjem no betre inn enn før, men det er framleis ein del herad som ikkje gjev desse opplysningane. Tabell 27 syner resultatata av desse oppgåvene, sett som relativtal jamført med året før. (For kvar månad er det berre teki med oppgåver frå herad som ein også hadde oppgåver frå for same månad året før.)

Tabell 27. Svinehaldet. Talet på paringar i dei einskilde månader i høve til same månad året før.

	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
1945	86	83	78	59	53	68	78	80	96	162	163	117
1946	106	111	117	167	177	129	110	104	92	85	91	97
1947	99	78	73	78	74	75	67	67	76	80	102	109
1948	86	110	134	140	136	113	130	161	177	201	166	137
1949	148	173	175	139	132	138	140	124	119	99	99	99
1950	88	71	63	52	48	57	62	78	85	81	81	87
1951	88	92	89	123	137	146	146	124	103	111	101	97
1952	101	108	127	110	99	98	93	106	101	97	97	98
1953	94	89	84	86	98	99	111	112	131	128	110	100
1954	98	113	140	138	131	108	130	145	135	114	103	102

Når ein skal døma om desse tala, må ein vera merksam på dei store sesongsvingingar i talet på paringar. Tabell 28 syner dette. Denne tabellen byggjer på oppgåver frå 416 herad som har gjevi melding for kvar månad i dei siste 4 åra. I 1949 var det ein eller fleire rånar i 483 av dei 680 herada i landet. Desse hadde i alt 2250 rånar. Dei 416 herada svarar altså til 86 prosent av alle herad med rånar i 1949, og den gongen hadde dei 84 prosent av alle rånane.

Tabell 28. Talet på paringar månadsvis for åra 1951—1954, etter meldingar frå jordstyra i 416 herad.

	Talet på paringar				Relative tal Paringar i året = 100			
	1951	1952	1953	1954	1951	1952	1953	1954
Januar	4 976	5 043	4 629	4 463	10	10	9	8
Februar.....	3 038	3 287	2 849	3 260	6	7	6	6
Mars	2 625	3 247	2 684	3 823	6	7	6	7
April	3 794	4 193	3 565	4 894	8	8	7	8
Mai	4 553	4 560	4 385	5 663	9	9	9	10
Juni	4 418	4 287	4 174	4 494	9	9	9	8
Juli	2 648	2 440	2 654	3 261	5	5	5	6
August	2 047	2 143	2 397	3 282	4	4	5	6
September ..	2 005	2 001	2 605	3 373	4	4	5	6
Oktober	3 421	3 330	4 139	4 638	7	7	8	8
November ...	6 778	6 603	7 077	7 230	14	13	14	13
Desember ...	8 528	8 337	8 184	8 174	18	17	17	14
Året	48 831	49 471	49 342	56 555	100	100	100	100

Ein gjer merksam på at desse 416 herada ikkje fell heilt saman med dei som blir nytta ved dei kvartalsvise utrekningane. Dersom ein reknar ut brigda i prosent, månad for månad, for dei 416 herada, vil dei ikkje falla heilt saman med kvartalsrapportane, men skilnaden er oftast ikkje meir enn 1 eller 2 prosent i den eine eller andre leia. Anten ein reknar med dei 416 herada eller etter kvartalsrapportane, blir det 15 prosent auke i talet på paringar frå 1953 til 1954.

Talet på paringar er størst i november og desember. Det er til vanleg månadene juli—september som har færrest paringar. Relativtala for 1954 syner at det dette året har vori ei utjamning mellom månadene i høve til åra før. Dei månadene som har flest paringar, ligg ikkje lenger så langt over dei som har færrest. Skilnaden mellom 1954 og dei tre åra før, ligg likevel i første rekkje i auken i talet på paringar.

Tabell 29 gjev eit oversyn over pelsdyrhaldet.

Tabell 29. Talet på pelsdyr.

	Sølvrev	Blårev	Platinarev	Mink
20. juni 1939.....	493 000	29 000	5 000	26 000
1. sept. 1946.....	217 000	107 000	13 000	39 000
20. juni 1949.....	124 000	88 000	10 000	85 000
» » 1950.....	130 000	73 000	6 500	87 000
» » 1951.....	129 000	85 000	4 900	145 000
» » 1952.....	102 000	65 000	3 000	210 000
» » 1953.....	56 000	38 000	3 000	270 000
» » 1954.....	29 000	50 000	1 400	360 000

Det vart ikkje henta inn nye oppgåver over talet på pelsdyr i 1954. Oppgåvene for dei seinare år gjeld tal som ein har rekna seg fram til.

Første gongen det vart henta inn oppgåver over pelsdyrhaldet, var ved jordbruksteljinga i 1929. Dyretalet var lite den gongen, og det meste var sølvrev. I dei ti åra som fylgde, var pelsdyrhaldet i sterk utvikling. Både talet på pelsdyrgardar og dyretalet auka sterkt. Heile denne tida var det sølvreven som dominerte. Ved jordbruksteljinga i 1939 var det over 490 000 sølvrev i landet. Av andre pelsdyr var det i alt vel 60 000 — for det meste blårev og mink. Talet på pelsdyr gjekk ned under krigen. Det var sølvreven denne reduksjonen gjekk ut over. Etter krigen har det vori ei sterk omlegging innan pelsdyrhaldet. Talet på sølvrev har stort sett gått nedover. Sidan 1952 har denne nedgangen vori serleg sterk. Talet på blårev auka heller sterkt straks etter krigen slutta, men også blårevtalet syntte stor nedgang frå 1951 til 1953, men noko auke igjen i 1954. Noko av det som fell mest i augo, er likevel den sterke auken i talet på mink. I tida frå 1939 og fram til slutten av krigen, låg talet på mink mellom 20 000 og 30 000. Sidan har talet auka sterkt — serleg sterkt i tida etter 1950 — og i 1954 vert det rekna med 360 000 mink i landet.

Fjøskontrollen.

I tabell VII bak i boka er det gjevi eit oversyn over fjøskontrollen i tida 1905—1953. Der finn ein også oppgåver for dei einskilde fylke i 1953.

Talet på kontroll-lag og buskapar og kyr under kontroll var litt mindre i 1953 enn året før. Det har vori nedgang sidan 1951. I 1953 var vel 29 prosent

av alle kyrne under kontroll, mot knapt 30 prosent i 1952. Det var i alt 1005 kontroll-lag i 1953. Desse laga hadde til saman 29 048 buskappar med 203 378 årskyr.

Medels mjølkemengd pr. ku under kontroll var 3122 kg. Det var 140 kg meir enn året før. Medels feittprosent hadde auka frå 4.07 i 1952 til 4.13 i 1953. I 1953 ymsar medels mjølkemengd pr. ku mellom 3574 kg i Vestfold og 2447 kg i Sogn og Fjordane. Feittprosenten ymsar mellom 4.34 i Rogaland og 4.01 i Troms.

Tabellen bak i boka syner også førsamansetjinga. Relativt sett vart det nytta litt meir tørt stråfôr, saftig fôr og kraftfôr og litt mindre beite i 1953 enn i 1952, men skilnaden er svært liten.

I «Jordbruksstatistikk 1952» er det gjevi ein noko breiare omtale av fjøs-kontrollverksemda.

Husdyrprodukta.

Tabell 29 viser utrekna produksjon i bygdene i tida frå og med 1900. Tala gjeld samla produksjon utan omsyn til korleis han er nytta.

Tabell 29. Husdyrproduksjonen i tonn. Bygdene i alt.

	Kjot ¹⁾	Flesk	Kumjolk	Geitmjolk	Egg	Ull (uvaska)
1900	36 500	23 500	885 000	25 800	7 138	2 139
1907	38 698	31 000	1 038 448	26 930	6 756	2 127
1917	44 120	24 000	1 137 040	23 676	9 240	1 981
1929/30	54 388	32 509	1 222 578	31 165	16 333	2 346
1939/40	64 226	37 674	1 522 363	32 132	21 007	2 677
1946/47	49 053	26 589	1 333 851	19 870	9 816	2 618
1947/48	46 876	27 021	1 397 672	19 618	14 640	2 717
1948/49	51 287	19 979	1 477 753	19 568	21 175	2 770
1949/50	54 066	42 628	1 609 024	21 120	26 665	3 067
1950/51	56 426	38 696	1 632 000	19 250	25 265	3 225
1951/52	53 120	37 713	1 613 000	18 250	21 890	3 434
1952/53	53 385	37 783	1 650 000	18 400	23 360	3 536
1953/54	54 456	36 629	1 640 000	18 670	25 610	3 534

¹⁾ Kjot av hest, storfe, sau og geit.

I høve til året før, er det litt auke i produksjonen av kjot, geitmjolk og egg, medan tala for flesk og kumjolk syner litt nedgang.

Dei siste produksjonsoppgåvene ein har for dei einskilde fylke, er dei som vart henta inn i samband med den representative jordbruksteljinga i 1950. (Sjå tabell 26 i «Jordbruksstatistikk 1953».)

Av tabell 30 ser ein at mjølkemengda til meieria låg på rundt 1 million tonn årleg dei siste fem åra. Mjolk som er levert til kondenseringsfabrikkar er rekna med. Det vart levert litt mindre mjolk til meieria i 1954 enn året før. Smørproduksjonen var litt mindre i 1954 enn i 1953. Produksjonen av geit- og fløytemysost har auka noko, medan det vart produsert noko mindre kasein enn året før.

Oppgåvene over nettovinning pr. kg mjølk kan ikkje utan vidare samanliknast med oppgåver i tidlegare publikasjonar. Meieristatistikken er frå og med 1953 lagt om. Det har ført til ymse brigde i oppgåvene. Rente av partskapital og avskrivning blir no rekna med som driftsutgift. Dette gjev seg utslag i litt nedgang i tala for nettovinning pr. kg mjølk.

Tabell 30. Oversyn over meieridrifta.

	Innvegen mjølkemengd. Tonn	Produsert i alt i tonn						Nettovinning i øre pr. kg mjølk
		Smør	Mager ost	Feit ost	Kasein	Geit- og fløyte-mysost	Mager mysost og prim	
1939.....	792 621	17 589	1 926	8 678	2 598	5 965	1 834	18.49
1949.....	890 569	10 716	1 759	9 486	3 303	8 621	1 419	46.73
1950.....	991 411	11 532	1 655	12 473	4 056	10 954	447	47.09
1951.....	1 006 770	11 206	2 176	13 697	4 824	12 884	532	48.83
1952.....	997 084	10 246	1 443	16 860	4 348	12 411	412	53.73
1953.....	1 064 231	12 834	1 047	16 425	4 476	9 763	276	55.44
1954 ¹⁾	1 053 000	10 400	1 200	16 400	3 700	11 800	300	ca.60.00

¹⁾ Førebels oppgåver.

Tabell 31. Innvegen mjølkemengd for kvar månad. Tonn.

	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
1939..	56 828	55 573	66 944	67 791	79 388	78 521	70 047	63 869	60 828	58 145	53 245	55 554
1949..	57 232	56 310	69 726	81 259	95 681	95 055	82 939	78 179	69 433	63 435	60 376	65 463
1950..	70 888	69 027	85 259	91 597	106 125	106 628	95 188	86 924	76 746	65 136	60 186	63 750
1951..	71 868	70 387	82 427	97 246	105 059	109 401	103 238	89 381	74 421	68 539	60 208	63 558
1952..	69 508	68 338	80 695	91 047	107 794	109 476	99 265	84 898	76 828	66 473	62 516	71 729
1953..	77 769	74 020	92 079	105 624	117 287	120 050	103 618	92 970	79 459	67 343	61 574	67 129
1954..	71 296	70 143	91 124	102 784	114 648	119 024	105 544	92 393	81 160	67 153	65 891	71 461

Tala i tabell 31 gjev eit oversyn over innvegen mjølkemengd månadsvis. Desse tala er korrigererte, og difor fell dei ikkje alltid heilt saman med dei månadsrapportar som blir sendt ut etter kvart.

I januar 1954 var innvegen mjølkemengd 8 prosent mindre enn i januar 1953. I månadene februar—juni 1954 var mjølkemengda mellom 1 og 5 prosent lægre enn i same månadene året før. Juli 1954 låg 2 prosent høgare enn juli 1953, men august synt 1 prosent nedgang frå året før. I september 1954 var mjølkemengda 2 prosent større enn året før. Oktober synt om lag like store tal i 1954 som i 1953. I november og desember 1954 vart det vegi inn 7 prosent meir mjølk enn i dei same månadene året før.

Mjølkemengda til meieria er størst i tida april—juli. Juni er toppmånaden. Det er så nedgang frå månad til månad til og med november. Deretter fylgjer litt auke i desember, med januar og februar på om lag same nivå som denne månaden, og sterk auke i mars, april og mai.

Ein må ikkje rekna med at brigdet i innvegen mjølkemengd skriv seg frå tilsvarende brigde i den totale mjølkproduksjonen. Serleg gjeld dette når ein

samanliknar med åra før krigen. Talet på leverandørar har auka sterkt. Mykje av det mjølkesalet som før gjekk beinveges frå produsent til konsument, går no gjennom meieria.

På Austlandet og i Agder var den innvegne mjølkemengda i 1954 ca. 6 prosent mindre enn i 1953. I resten av landet var det auke. Auken var størst i Nord-Noreg med vel 9 prosent, noko mindre i Trøndelag med vel 8 prosent og lægst på Vestlandet med rundt 3 prosent.

Tabell 32 viser meieriproduksjonen av smør og ost (etter månadsrapportane).

Tabell 32. Produksjon av smør og ost ved meieria i dei einskilde månader. Tonn.

	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
	S m ø r .											
1939.....	1 212	1 175	1 470	1 563	1 794	1 923	1 831	1 431	1 411	1 324	1 220	1 201
1949.....	708	559	818	1 243	1 595	1 610	1 250	817	699	509	474	446
1950.....	652	607	903	1 148	1 547	1 710	1 444	1 109	941	583	516	392
1951.....	650	604	846	1 208	1 374	1 627	1 605	1 038	813	601	429	346
1952.....	605	526	698	971	1 303	1 623	1 296	881	822	562	493	458
1953.....	702	652	917	1 615	1 987	2 049	1 548	1 235	916	504	376	340
1954.....	501	549	834	1 101	1 310	1 672	1 316	993	810	471	435	388
	K v i t o s t .											
1939.....	805	703	831	965	1 051	1 057	898	767	852	871	712	643
1949.....	578	477	758	1 233	1 435	1 513	1 229	1 037	824	652	553	659
1950.....	864	753	1 165	1 514	1 735	1 924	1 580	1 371	1 244	778	605	645
1951.....	917	849	1 186	1 674	1 830	2 017	1 981	1 589	1 293	1 108	696	663
1952.....	953	862	1 204	1 709	2 119	2 370	2 213	1 729	1 653	1 127	970	1 035
1953.....	1 318	1 221	1 696	1 866	2 017	2 207	1 881	1 687	1 468	824	545	624
1954.....	846	818	1 410	2 002	2 204	2 429	2 203	1 784	1 589	921	690	752
	B r u n o s t .											
1939.....	550	564	711	688	799	808	725	607	554	570	500	483
1949.....	539	532	821	1 066	1 300	1 285	1 068	900	677	556	555	663
1950.....	917	897	1 228	1 218	1 262	1 369	983	791	692	598	574	673
1951.....	946	970	1 188	1 433	1 470	1 508	1 428	1 134	901	804	668	749
1952.....	1 035	1 022	1 237	1 333	1 467	1 387	1 365	1 058	763	516	671	876
1953.....	1 065	968	1 140	993	1 026	1 052	877	660	572	523	458	593
1954.....	765	759	1 228	1 286	1 363	1 400	1 370	1 030	853	645	634	761

Produksjonen av smør og ost aukar i tida frå januar—februar og framover til juni, då produksjonen er størst. Deretter er det nedgang til november—desember, då produksjonen er minst. Rekkjefylgja mellom månadene er på det næraste den same som når det gjeld innvegen mjølkemengd.

Tabell 33 syner talet på kontrollerte slakt i dei einskilde månader i 1953 og 1954.

Tala for kontrollerte slakt i alt femner både over slakt som har vori kontrollert første gong og slakt som har gått gjennom ny synfaring etter at det er sendt vidare til ein annan stad der det er kontrollstasjon, eller når det blir marknadsført etter at det har legi på fryselager.

Tala for førstegongskontroll syner noko auke for 1954 i høve til 1953 når det gjeld storfe, svin og hest, men nedgang for sau og kalv.

Tabell 33. Talet på kontrollerte slakt.

Månad	Kontrollerte i alt ¹⁾		Av dette førstegongs-kontroll		Kontrollerte i alt ¹⁾		Av dette førstegongs-kontroll	
	1953	1954	1953	1954	1953	1954	1953	1954
	Storfe.				Hest.			
Januar	18 638	16 113	15 661	12 863	646	894	606	688
Februar	15 134	14 743	12 803	11 847	450	663	414	590
Mars	17 733	20 051	15 298	16 804	487	733	439	659
April	17 215	21 260	14 581	18 129	341	668	329	640
Mai	19 561	22 969	16 583	19 189	343	549	316	474
Juni	16 447	20 466	14 194	17 196	398	559	383	514
Juli	10 394	12 541	8 189	10 345	297	485	269	368
August	15 997	17 687	12 505	14 894	487	564	392	519
September ..	21 397	21 237	17 424	17 979	1 210	931	1 041	858
Oktober	27 314	29 780	22 613	25 062	2 468	2 480	2 198	2 060
November...	20 323	25 813	17 021	21 249	2 002	2 220	1 734	1 902
Desember ...	19 922	19 783	16 242	16 490	1 340	947	1 161	803
Til saman ...	220 075	242 443	183 114	202 047	10 469	11 693	9 282	10 075
	Svin.				Sau.			
Januar	38 428	25 808	30 219	20 554	20 257	16 008	13 537	10 070
Februar	39 414	28 685	31 054	23 120	10 486	12 161	5 982	5 358
Mars	53 343	46 325	42 732	38 797	9 681	4 265	5 259	3 060
April	42 731	45 865	35 551	38 075	9 383	3 199	4 631	2 743
Mai	32 259	35 967	25 844	31 190	6 373	3 564	3 421	2 902
Juni	23 938	32 348	21 498	26 404	4 153	3 805	3 542	3 009
Juli	23 245	31 159	19 342	24 029	38 292	18 903	27 009	13 364
August	20 409	31 459	17 039	25 012	74 520	63 558	53 747	44 256
September ..	27 008	30 559	18 740	23 651	106 773	113 442	81 975	84 332
Oktober	34 420	29 003	27 909	23 293	205 913	211 488	171 251	176 820
November...	27 561	31 977	23 285	26 635	73 861	71 355	52 920	53 007
Desember ...	49 001	57 743	32 913	47 288	22 252	17 348	11 089	9 679
Til saman ...	²⁾ 411 757	426 898	326 126	348 048	581 944	539 096	434 363	408 600
	Spekalv.				Gjøkalv.			
Januar	18 809	15 527	17 694	14 685	1 567	1 125	1 470	1 082
Februar	18 068	15 874	16 890	15 090	1 492	1 276	1 374	1 227
Mars	29 405	27 831	27 044	25 810	1 842	1 884	1 711	1 771
April	27 451	26 067	25 452	24 012	1 929	2 235	1 769	2 107
Mai	15 525	15 603	14 675	14 504	2 364	2 168	2 174	2 037
Juni	9 698	9 921	9 444	9 462	2 763	2 380	2 531	2 232
Juli	6 693	6 407	6 555	6 257	2 134	1 787	1 836	1 667
August	4 479	4 528	4 399	4 424	1 760	1 491	1 681	1 420
September ..	6 663	6 796	6 366	6 515	2 281	1 812	2 089	1 662
Oktober	11 981	12 370	11 576	11 761	2 192	2 092	1 995	1 860
November...	11 442	13 024	11 020	12 207	1 050	1 326	990	1 160
Desember ...	10 472	11 748	10 357	11 166	1 047	1 011	1 021	969
Til saman ...	170 686	165 696	161 472	155 893	22 421	20 587	20 641	19 194

¹⁾ Også slakt som er synfare på ny er teki med her. ²⁾ Av dette 6303 innført frå Danmark.

Det er først frå og med juli månad 1951 ein har fått oppgåver frå Veterinærdirektoratet over talet på slakt som er synfari på ny. Eldre oppgåver over kjøtkontrollen gjeld både førstegongskontroll og ny synfaring rekna under eitt.

Omfanget av dobbelkontrollen ymsar både etter årstid og dyreslag. Dette ser ein av tabell 34. Elles rettar det seg mykje etter tilhøva på dei lokale marknader.

Tabell 34. Talet på slakt som er synfari på ny, rekna i prosent av alle kontrollerte slakt.

	Storfe	Hest	Svin	Sau	Geit	Spekalv	Gjøkalv
Juni—desember 1951 .	11.5	9.6	15.1	18.4	4.4	1.2	5.8
Året 1952	14.4	8.4	18.0	19.5	8.6	4.6	6.4
Året 1953	16.8	11.3	20.8	25.4	19.7	5.4	7.9
Året 1954	16.7	13.8	18.5	24.2	18.2	5.9	6.8
1954							
Januar	20.2	23.0	20.4	37.1	20.4	5.4	3.8
Februar	19.6	11.0	19.4	55.9	19.7	4.9	3.8
Mars	16.2	10.1	16.3	28.3	16.1	7.3	6.0
April	14.7	4.2	17.0	14.3	24.1	7.9	5.7
Mai	16.5	13.7	13.3	18.6	32.2	7.0	6.0
Juni	16.0	8.1	18.4	20.9	22.6	4.6	6.2
Juli	17.5	24.1	22.9	29.3	9.2	2.3	6.7
August	15.8	8.0	20.5	30.4	10.9	2.3	4.8
September	15.3	7.8	22.6	25.7	6.9	4.1	8.3
Oktober	15.8	16.9	19.7	16.4	20.2	4.9	11.1
November	17.7	14.3	16.7	25.7	9.9	6.3	12.5
Desember	16.6	15.2	18.1	44.2	19.2	5.0	4.2

Relativtala for året 1954 skil seg ikkje mykje ut frå tala for 1953. Det var relativt sett litt fleire hesteslakt som gjekk gjennom ny synfaring i 1954 enn året før. For dei fleste andre dyreslaga syner tala litt nedgang.

Ny synfaring er relativt mest vanleg for sau — om lag fjerdeparten av alle kontrollerte saueslakt. Av storfe, svin og geiteslakta var 17—18 prosent synfari på ny i 1954. Tala er minst for kalveslakt med rundt 6 prosent. Månadstala syner sterke variasjonar. Variasjonane er minst for storfe, der det ymsar mellom ca. 20 prosent i januar og februar og om lag 15 prosent i april og september. For sau ymsar det mellom 56 prosent i februar og vel 14 prosent i april. Dette er månader då talet på kontrollerte saueslakt er lite. Det er elles stor skilnad frå år til år når det gjeld relativtala for dei einskilde månader. I februar 1952 vart såleis berre 9 prosent av saueslakta synfari på ny, i februar 1953 var det 43 prosent og i februar 1954 altså 56 prosent. Rett nok er det så at relativtala har lett for å gjeva sterke utslag når dei absolutte tala er små, men ein finn heller sterke variasjonar også der dei absolutte tala er store. Ser ein t. d. på tala for svineslakt i desember — den månaden då talet på slakt er størst — finn ein at 21 prosent av slakta gjekk gjennom ny synfaring i 1952, 33 prosent i 1953 og 18 prosent i 1954.

Av alle slakt som er synfari på ny, fell om lag halvparten på Oslo. Ein stor del fell elles på kystbyane på Austlandet og Sørlandet. I Bergen og Nord-Noreg er det og ein del. Det var heller lite som gjekk gjennom ny synfaring i byane i Rogaland, i Trondheim og ved kontrollstasjonar inne i landet.

Tabell 35 syner overslag over talet på skinn som vart produsert i pelsdyrgardane.

Tabell 35. Talet på skinn frå pelsdyrgardane.

	Sølvrev	Blårev	Platinarev	Mink
1939/40	370 000	21 000	2 000	16 000
1948/49	107 000	70 000	9 000	55 000
1949/50	80 000	71 000	7 500	58 000
1950/51	70 000	56 000	4 500	55 000
1951/52	88 000	72 000	4 900	85 000
1952/53	83 000	58 000	2 400	145 000
1953/54	46 000	28 000	2 700	181 000
1954/55	20 000	33 000	1 200	231 000

Arbeidsstyrken i jordbruket.

I samband med den representative jordbruksteljinga i 1954 vart det også henta inn oppgåver over arbeidskrafta i jordbruket i 1953/54. Det var ei tilsvarende teljing i 1952 (sjå Jordbruksstatistikk 1952). På grunnlag av desse teljingane har ein rekna ut samla arbeidsstyrke (årsverk). Frå før har ein tilsvarende oppgåver som vart henta inn ved dei fullstendige jordbruksteljingane i 1929, 1939 og 1949 (sjå fjerde hefte frå Jordbruksteljinga 1949).

Oppgåvene femner over det arbeidet som brukar og ektemake, andre familie-medlemmer over 15 år og framand arbeidshjelp over 15 år gjer på bruket. Det er rekna med både menn og kvinner. Oppgåvene skal gjelda alt arbeid med jordbruk, hagebruk og husdyrhald. Husarbeid og arbeid med skogsstyrke til eige bruk er også teki med, men ikkje arbeid med hogst og framdrift av skogsstyrke til sal. Arbeidshjelp til yrke utanom gardsdrifta skal heller ikkje vera med.

Oppgåvene gjeld for tida 14. april året før til 14. april i teljingsåret.

Teljinga i 1949 synte at samla arbeidsstyrke i jordbruket var ca. 75 000 årsverk (39 000 årsverk for menn og 36 000 for kvinner) lægre enn ved teljinga i 1939. Nedgangen var truleg størst i dei siste åra av denne 10-årsbolken. Etterrøknaden i 1952 viste ein nedgang på ca. 42 000 årsverk (24 000 for menn og 18 000 for kvinner) i 3-årsbolken sidan 1949. Tala frå 1954 syner at nedgangen har haldi fram. Det var ein nedgang på ca. 35 000 årsverk på dei to åra (18 000 årsverk for menn og 17 000 for kvinner). For heile perioden 1939—1954 har det vori ein nedgang i arbeidsstyrken som svarar til 152 000 årsverk (81 000 for menn og 71 000 for kvinner).

Nedgangen i arbeidshjelpa kjem også til syne i talet på bruk som ikkje har fast arbeidshjelp ved sida av brukaren og eventuell ektemake. Sumaren 1938 var det 81 600 bruk over 5 dekar som var utan fast arbeidshjelp. I 1948 var det 109 600 bruk, i 1951 var det 125 000 bruk og i 1953 var det 136 300 bruk utan fast arbeidshjelp av familiemedlemmer eller framande.

Fleire og fleire bruk er blitt utan fast arbeidshjelp, slik at alt arbeidet på bruket må gjerast av brukaren og kona åleine, eller ved hjelp av born under 15 år og tilfelleleg arbeidshjelp.

Det har blitt færre og færre bruk som har fast framand arbeidshjelp. Sumaren 1938 var det 49 300 bruk som hadde fast leighjelp. I 1949 var det berre 26 300 bruk, og nedgangen heldt fram, slik at det var 21 000 bruk med fast leighjelp i 1951 og 17 100 bruk sumaren 1953.

Av bruka med fast leigehjelp i 1938 var det 20 900 som hadde berre kvinneleg leigehjelp. I 1948 var det 9700, i 1951 var det 7500 og i 1953 var det 6200 bruk.

I 1938 var det 20 500 av bruka med fast leigehjelp som hadde 1 mann. Det var 11 500 bruk med 1 mann i 1948, 9700 i 1951 og 7700 i 1953.

7900 av bruka med fast leigehjelp hadde 2 eller fleire menn i 1938. Det var 5100 bruk med 2 eller fleire i 1948, 3800 i 1951 og 3100 i 1953.

Menn.

Tabell 36. Yrkestilhøve og arbeid utanom bruket.

	Bruket var:			Arbeid utanom bruket når bruket var:	
	Eineyrke	Hovudyrke	Attåtyrke	Hovudyrke	Attåtyrke
	Prosent	Prosent	Prosent	Dagsverk pr. brukar	Dagsverk pr. brukar
1939	36.2	31.0	32.8	80	185
1949	38.6	26.2	35.2	87	201
1952	35.9	28.2	35.9	76	205
1954	31.3	31.3	37.4	76	206
1954					
Ved bruk med: 5.1—20 dekar	10.9	15.4	73.7	81	211
20.1—100 »	34.6	40.4	25.0	75	199
Over 100 »	73.8	23.7	2.5	67	235

Tabell 36 syner i kor stor mon brukarane har anna arbeid ved sida av bruket. Det er serleg dei små bruka som blir drivne som attåtyrke, medan bruka over 100 dekar oftast er eineyrke. Når ein ser alle storleiksklassar under eitt, syner tala at knapt tredjeparten av bruka med mannleg brukar vert drivne som eineyrke. Like mange bruk var brukaren sitt hovudyrke, medan noko over tredjeparten av bruka vart drivne som attåtyrke.

Der bruket var hovudyrke, arbeidde brukaren ca. 80 dagar utanom bruket, der det var attåtyrke, ca. 200 dagsverk.

Det var litt færre brukarar som dreiv bruket som eineyrke i 1954 enn i 1949. Tilsvarande fleire hadde bruket som hovud- eller attåtyrke. Dette har ført til nedgang i utrekna årsverk. Ved omrekninga til årsverk har ein som i tidlegare år, rekna brukaren sitt arbeid slik: fullt årsverk der bruket er einaste yrke, 0.7 årsverk der bruket er hovudyrke og 0.3 årsverk der det er attåtyrke.

Tabell 37 viser samla arbeidsstyrke, utrekna som årsverk. For arbeidshjelpa er det rekna med eit halvt årsverk for kvar person som var i fast arbeid i sumar- eller vinterhalvåret. For tilfelleleg hjelp er 280 dagsverk rekna som eitt årsverk.

For den mannlege arbeidsstyrken synte teljinga i 1949 ein nedgang på om lag 39 000 årsverk i høve til 1939. Oppgåvene frå 1952 synte om lag 24 000 færre årsverk enn i 1949 — ein reduksjon på ca. 8000 årsverk pr. år. Etter teljinga i 1954 var det ein nedgang på i alt ca. 18 000 årsverk sidan 1952, altså ein nedgang på ca. 9000 pr. år. Samla nedgang sidan 1948/49 er altså 42 000 årsverk. Det svarar til 17.5 prosent. Sidan 1938/39 er den mannlege arbeidsstyrken redusert med 81 000 årsverk — ein nedgang på nærare 30 prosent.

Tabell 37. Arbeidsstyrken i utrekna årsverk og relative tal. Menn.

	Årsverk				Brigde i årsverk		
	1938/39	1948/49	1951/52	1953/54	1938/39- 1953/54	1948/49- 1953/54	1951/52- 1953/54
Brukarane sitt arbeid.	131 200	133 000	131 600	125 600	÷ 5 600	÷ 7 400	÷ 6 000
Arbeidshjelp:							
Familiemedlemmer	91 100	67 700	55 000	48 400	÷ 42 700	÷ 19 300	÷ 6 600
Framand hjelp	54 000	36 300	26 600	21 400	÷ 32 600	÷ 14 900	÷ 5 200
Årsverk i alt	276 300	237 000	213 200	195 400	÷ 80 900	÷ 41 600	÷ 17 800
Av arbeidshjelpa:							
Fast hjelp	120 700	84 200	64 100	54 700	÷ 66 000	÷ 29 500	÷ 9 400
Tilfelleleg hjelp	24 400	19 800	17 500	15 100	÷ 9 300	÷ 4 700	÷ 2 400
	Relative tal (1938/39 = 100)				Brigde i prosent		
Brukarane sitt arbeid.	100	101.4	100.3	95.7	÷ 4.3	÷ 5.5	÷ 4.6
Arbeidshjelp:							
Familiemedlemmer	100	74.3	60.4	53.1	÷ 46.9	÷ 28.5	÷ 12.0
Framand hjelp	100	67.2	49.3	39.6	÷ 60.4	÷ 41.0	÷ 19.3
Årsverk i alt	100	85.8	77.2	70.7	÷ 29.3	÷ 17.5	÷ 8.3
Fast hjelp	100	69.7	53.1	45.3	÷ 54.7	÷ 35.0	÷ 14.6
Tilfelleleg hjelp	100	81.3	71.8	61.9	÷ 38.1	÷ 23.8	÷ 13.7

Det er først i dei siste åra det har vori noko serleg nedgang i talet på utrekna årsverk som brukarane legg ned på bruka. Som nemnt før har verksemda utanom bruket auka, og det gjer også sitt at ein del bruk er lagt ned. Av nedgangen i arbeidsstyrken sidan 1951/52 fell ca. 6000 årsverk eller om lag tredjeparten av nedgangen på brukarane. For den arbeidsstyrken som brukarane representerar, svarar nedgangen til knapt 5 prosent. I åra før var brigda små.

Nedgangen i arbeidshjelpa var mykje sterkare. Familiehjelpa gjekk ned med 12 prosent sidan 1951/52 og framand arbeidshjelp med 19 prosent. Sidan 1948/49 har familiearbeidshjelpa gått ned med 29 prosent og framand hjelp med 41 prosent. Sidan 1938/39 er familiehjelpa redusert til om lag halvparten og framand hjelp til vel tredjeparten.

Utviklinga har ført med seg sterke brigde i samansetjinga av arbeidskrafta. Dette ser ein av tabell 38.

I 1953/54 fall framimot 2/3 av samla arbeidsstyrke, rekna som årsverk, på brukarane, mot knapt halvparten i 1938/39. Om lag fjerdeparten av årsverka fall på familiehjelpa i 1953/54, mot tredjeparten før krigen. Framand arbeidshjelp representerte tiandeparten av samla arbeidsstyrke i 1953/54, mot femteparten i 1938/39.

Tabell 38. Fordeling av arbeidsstyrken. Relative tal. Menn.
(Årsverk i alt = 100.)

	1938/39	1948/49	1951/52	1953/54	1953/54		
					5.1-20 dekar	20.1-100 dekar	Over 100 dekar
Brukar	47.5	56.1	61.7	64.1	77.6	67.3	44.0
Familiehjelp	33.0	28.6	25.8	24.7	20.0	27.0	21.8
Framand hjelp	19.5	15.3	12.5	11.2	2.4	5.7	34.2
I alt	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
Av dette:							
Fast hjelp	43.7	35.5	30.1	28.1	16.9	25.2	45.7
Tilfelleleg hjelp.....	8.8	8.4	8.2	7.8	5.5	7.5	10.3

Storparten av arbeidshjelpa (familiemedlemer og framande) er fast hjelp. Det er denne hjelpa som er redusert sterkt. I 1938/39 var 44 prosent av samla arbeidsstyrke fast hjelp, men i 1953/54 berre 28 prosent. Den tilfellelege hjelpa har i same tidsrommet gått tilbake frå 9 til 8 prosent av talet på årsverk i alt.

Tabell 39 syner arbeidsstyrken utrekna pr. bruk i dei ymse landsluter og storleiksklassar.

Tabell 39. Arbeidsstyrken pr. bruk.

	Årsverk pr. bruk				Relative tal			
	1938/39	1948/49	1951/52	1953/54	1938/39=100		1948/49=100	
					1948/49	1953/54	1951/52	1953/54
Austlandet								
m/Telemark	1.41	1.24	1.09	1.01	88	72	88	81
Agder	0.98	0.88	0.80	0.68	90	69	91	77
Vestlandet ..	1.29	1.12	1.02	0.93	87	72	91	83
Trøndelag ...	1.45	1.30	1.18	1.08	90	74	91	83
Nord-Noreg .	1.07	0.83	0.76	0.69	78	64	91	83
Riket	1.29	1.11	1.00	0.92	86	71	90	83
Ved bruk med:								
5.1— 20 da	0.69	0.60	0.53	0.49	86	71	88	82
20.1—100 da	1.31	1.16	1.06	0.98	89	75	91	84
Over 100 da	2.78	2.53	2.21	2.00	91	72	87	79

Arbeidsstyrken pr. bruk aukar sterkt med bruksstorleiken. Dette har stor verknad på tala for dei einskilde landsluter. Det er serleg leigehjelpa som aukar med aukande bruksstorleik. Samhøvet mellom årsverk som fell på brukar, familiehjelp og leigehjelp skifter då også mykje etter som bruksstorleiken skifter (sjå tabell 38).

Relativtala i tabell 39 syner at nedgangen i samla arbeidsstyrke pr. bruk ikkje ymsar serleg mykje for dei ymse landsluter og storleiksklassar. Frå 1938/39 til 1948/49 var nedgangen størst i Nord-Noreg og i den lægste bruksklassen. For perioden 1948/49—1953/54 er det Agder som skil seg ut med størst nedgang. Klassesetala syner vel så stor nedgang for dei største bruka som for dei minste. Skilnaden mellom landsdelar og bruksklassar er likevel liten i høve til dei store årlege endringar i samla arbeidsstyrke. At nedgangen i arbeidsstyrken er så ålmenn, tyder på at det er ulike årsaker og verknader som gjer seg gjeldande for dei ymse distrikt og bruksklassar. Auka bruk av maskinar kan i nokon mon vega opp skorten på folkehjelp, men det er ikkje dei same vilkår for maskinbruk alle stader. Sume stader kan skort på arbeidskraft føra til at drifta må leggjast om. Det kan også føra til lengre arbeidsdag for brukaren og huslyden hans. Dette er slikt som oppgåvene over arbeidsstyrken ikkje fortel noko om.

Kvinner.

For kvinner gjeld oppgåvene over arbeidsstyrken ikkje berre gardsdrifta, men også husarbeid. Det let seg ikkje gjera å setja noko klårt skilje her.

Ved omrekning til årsverk har ein rekna med fullt årsverk for kona på bruket, sameleis for kvinnelege brukarar. Arbeidshjelpa er rekna om til årsverk på same måten som for menn.

Tabell 40 syner samla kvinneleg arbeidsstyrke utrekna som årsverk.

Tabell 40. Arbeidsstyrken i utrekna årsverk. Kvinner.

	Årsverk				Brigde i årsverk		
	1938/39	1948/49	1951/52	1953/54	1938/39- 1953/54	1948/49- 1953/54	1951/52- 1953/54
Ektemakar og kvinnelege brukarar	174 300	177 600	179 100	175 200	+ 900	÷ 2 400	÷ 3 900
Arbeidshjelp:							
Familiemedlemer	92 700	75 800	62 900	53 300	÷ 39 400	÷ 22 500	÷ 9 600
Framand hjelp	46 000	23 600	16 800	13 300	÷ 32 700	÷ 10 300	÷ 3 500
Årsverk i alt	313 000	277 000	258 800	241 800	÷ 71 200	÷ 35 200	÷ 17 000
Av arbeidshjelpa:							
Fast hjelp	127 200	88 600	69 100	57 600	÷ 69 600	÷ 31 000	÷ 11 500
Tilfelleleg hjelp	11 500	10 800	10 600	9 000	÷ 2 500	÷ 1 800	÷ 1 600

Utrekninga i 1949 synte ein nedgang på om lag 36 000 årsverk sidan 1938/39. Teljinga i 1952 synte ein nedgang på 18 000 årsverk sidan 1949. Etter teljinga i 1954 var det ein nedgang på til saman 17 000 årsverk i dei 2 åra sidan 1952. Også for den kvinnelege arbeidsstyrken var den årlege nedgangen større mellom 1952 og 1954 enn mellom 1949 og 1952.

For ektemakar og kvinnelege brukarar var det alt i alt små brigde, men i siste 2-årsperioden var det ein nedgang på ca. 4000 årsverk.

Kvinneleg familiehjelp har gått tilbake med bortimot 40 000 årsverk eller vel 40 prosent sidan 1938/39. Nedgangen i heile denne perioden er noko mindre

enn for mannleg familiehjelp, men i siste 2-årsperiode var nedgangen relativt sett vel så sterk som for menn.

Framand kvinneleg arbeidshjelp har sidan 1938/39 gått tilbake med i alt 33 000 årsverk. Dette er ein nedgang på 70 prosent. Nedgangen er sterkare enn for mannleg legehjelp. Det gjeld både heile tidsromet sidan 1938/39, og for tidsbolkanane mellom dei einskilde teljingar.

Lønene i jordbruket 1954/55.

Kvart år frå og med driftsåret 1915/16 er det henta inn oppgåver over lønene i jordbruket. Dei første åra var det Selskapet for Norges Vel som henta inn oppgåvene. Frå og med 1923/24 er det Byrået som har denne statistikken. Dei oppgåvene ein hadde tidlegare, var fem-årlege.

Oppgåvene blir henta inn på spørjeskjema som kvart år i januar blir sendt til fire gardbrukarar i kvart herad. For driftsåret 1954/55 har det komi inn 1203 oppgåver.

Oppgåvene skal gjelda den arbeidsløn som *ålment blir betalt* i heradet. Det er altså ikkje individuelle lønsoppgåver. Ein spør etter lønene for menn og kvinner, særskilt for sumar- og vinterhalvåret, både for meir faste arbeidarar (tenarar og fjørsrøktarar) og for dagarbeidarar. Under dagarbeid skil ein mellom ymse arbeid, både på arbeidsgjevaren sin kost og på eigen kost. Når det gjeld skogsarbeid, spør ein også etter prisen for hogging av tømmer og ved på akkord.

På grunnlag av dei oppgåvene som kjem inn, reknar ein ut lønene som medtala. Både fylkes- og rikstala er uvegne medeltal av tala frå dei herad som har gjevi oppgåver. Dei oppgåvene ein får inn på denne måten, ymsar mykje. Medeltala dekkjer såleis over store variasjonar.

Ved den representative jordbruksteljinga i 1954 vart det også henta inn individuelle oppgåver for fast legehjelp — på same måten som i 1951 og 1952. Sjå side 50.

Tabellane VIII og IX bak i boka viser medellønene for bygdene dei to siste åra og fylkestal for 1954/55 for alle dei grupper av lønsmottakarar som ein har oppgåve for. I tabell X er tala jamført med oppgåvene for 1938/39 og 1953/54. Utviklinga for bygdene under eitt ser ein av tabell 41.

Tabell 41. Arbeidsløn i kroner.

	Årsløn (til dette kjem kost og losji)		Dagløn på eigen kost i sumarhalvåret						Dagløn for skogsarb. i vinter- halvåret		Medels dagsfor- neste for skogsøy- ring (mann og hest)
			I våronna		I slåttonna		I skurdonna		På arbgi. kost	På eigen kost	
	Te- nest- gutar	Te- nest- gjenter	Menn	Kvin- ner	Menn	Kvin- ner	Menn	Kvin- ner			
1938/39..	576	382	5.23	3.46	5.68	3.65	5.35	3.59	3.79	5.41	8.84
1939/40..	624	411	5.55	3.63	6.05	3.89	5.65	3.82	4.13	5.87	9.65
1949/50..	2 783	1 678	18.27	12.32	19.25	12.80	18.44	12.52	15.59	19.63	29.88
1950/51..	2 994	1 829	19.62	13.26	20.59	13.77	19.64	13.42	16.97	21.39	31.10
1951/52..	3 347	2 041	21.94	14.91	22.98	15.53	22.14	15.29	19.97	24.80	36.99
1952/53..	3 679	2 251	24.11	16.28	25.11	16.85	24.34	16.59	21.58	26.66	38.90
1953/54..	3 773	2 334	25.23	17.13	26.09	17.82	25.24	17.54	22.34	27.77	40.47
1954/55..	4 011	2 531	26.49	18.38	27.52	18.93	23.94	18.83	24.03	29.11	42.40

Oppgåvene over årsløn til tenestgutar, tenestgjenter og fjørsrøktarar gjeld kontantløn for folk med kost og losji hjå arbeidsgjevaren. Verdet av kost og losji kjem såleis i tillegg.

Årsløna på arbeidsgjevaren sin kost var for tenestgutar 4011 kroner i 1954/55. For tenestgjenter var løna 2531 kroner. Årsløna for mannlege fjørsrøktarar (større fjøs) var 5252 kroner og for kvinnelege fjørsrøktarar 3175 kroner. Desse årslønene var 6—8 prosent høgare enn året før. Lønsauken siste året var såleis større enn frå 1952/53 til 1953/54. Då var auken $2\frac{1}{2}$ — $3\frac{1}{2}$ prosent.

Det er sterke variasjonar i lønene, både distriktsvis og innan dei einskilde herad.

Som i tidlegare år, er lønene stort sett høgast på Austlandet og i Rogaland. Her låg fylkestala mellom 4300 og 4800 kroner for tenestgutar. I dei andre fylka på Vestlandet ymsa det mellom 3500 og 3700 kroner, i Trøndelag mellom 3800 og 3900 kroner og i Nord-Noreg mellom 3100 og 3400 kroner. For tenestgjenter låg årslønene mellom 2900 og 3200 kroner i fylka på Austlandet og i Rogaland. På Vestlandet elles og i Trøndelag var lønene mellom 2400 og 2600 kroner, og i Nord-Noreg 1800—1900 kroner. Brigda frå året før ymsar noko frå fylke til fylke. Dette ser ein av tabell 42.

For dagarbeidarar får ein oppgåver over løna både på arbeidsgjevaren sin kost og på eigen kost. I 1954 var medels dagløn for menn på arbeidsgjevaren sin kost: våronn kr. 21.86, slåttonn kr. 23.33 og skurdonn kr. 22.28. Dagløna på eigen kost var i same rekkjefylgje: kr. 26.49, kr. 27.52 og kr. 26.94. Dette er ein lønsauke på kr. 1.20—kr. 1.70 pr. dag i høve til året før. Denne auken svarar til 5—7 prosent. Medels dagløn for kvinner på arbeidsgjevaren sin kost var i 1954: i våronna kr. 14.52, i slåttonna kr. 15.36 og i skurdonna kr. 15.09. Dagløna på eigen kost var i same rekkjefylgje: kr. 18.38, kr. 18.93 og kr. 18.83. Lønsauken i høve til året før svarar til kr. 0.80—kr. 1.30 pr. dag eller 5—8 prosent.

Auken i dagløna var både for kvinner og menn noko større enn frå 1952/53 til 1953/54. Då var auken 5—7 prosent for kvinner og 4—5 prosent for menn.

Dagløna for anna gardsarbeid er noko lægre enn for onnearbeid, medan dagløna for grøfting er noko høgare. Lønsauken siste året var 5—9 prosent. For handverksarbeid var dagløna 26—27 kroner på arbeidsgjevaren sin kost og 30—32 kroner på eigen kost. Auken frå året før var 4—9 prosent.

For skogsarbeid på dagløn var medelløna på eigen kost kr. 29.11 i vinterhalvåret 1954/55 — ein auke på kr. 1.34 eller ca. 5 prosent i høve til vinteren før. Dagløna for skogskøyring (mann og hest) var kr. 42.40. Det var også ein auke på ca. 5 prosent. Prisane for hogging var vinteren 1954/55 kr. 13.90 pr. m³ borka tømmer og kr. 9.28 pr. m³ uborka tømmer. I høve til vinteren før, var dette ein auke på 6—8 prosent. Medelprisen for hogging av famneved var kr. 32.62 pr. 60 cm famn. Hogging av reisved kom på kr. 2.71 pr. 1 m reis. For hogging av famneved var auken 6 prosent og for reisved 9 prosent.

Ei jamføring med lønene i 1938/39 syner at årsløna for menn på arbeidsgjevaren sin kost var 7 gonger så høg i 1954/55, og for kvinner $6\frac{1}{2}$ gonger så høg. Dagløna for gardsarbeid og skogsarbeid på arbeidsgjevaren sin kost var om lag 6 gonger så høg som i 1938/39, og løn på eigen kost ca. 5 gonger så høg. Dagløna for handverkarar var $4\frac{1}{2}$ —5 gonger så høg som i 1938/39, og hogstprisen for ved og tømmer $5\frac{1}{2}$ —6 gonger så høg.

Verdsetjinga av kosten hjå arbeidsgjevaren får ein eit uttrykk for ved å samanlikna løn på eigen kost og løn på arbeidsgjevaren sin kost. Kostdagsverdet var noko høgare i 1954/55 enn året før. For dei lønskategoriari som ein

har slike oppgaver for, ymsar kostdagsverdet mellom kr. 4.20 og kr. 5.10 for menn og mellom kr. 3.60 og kr. 4.10 for kvinner, rekna som medeltal for heile landet under eitt.

Lønsavtalen i jordbruket — mellom Jordbrukets Arbeidsgiverforening og Norsk Skog- og Landarbeiderforbund — gjekk ut 15. januar 1954, etter oppseiing hausten 1953. Tingingane om ny avtale vart utsett til våren 1954. Etter

Tabell 42. Arbeidsløn 1954/55 jamført med 1938/39 og 1953/54.

	Menn					Kvinner				
	1938/ 39	1953/ 54	1954/ 55	Brigde i prosent frå		1938/ 39	1953/ 54	1954/ 55	Brigde i prosent frå	
				1938/ 39—	1953/ 54—				1938/ 39—	1953/ 54—
	Kr.	Kr.	Kr.	1954/ 55	1954/ 55	Kr.	Kr.	Kr.	1954/ 55	1954/ 55
<i>Årsløn for tenarar.</i>										
Østfold	691	4 469	4 673	+ 576.3	+ 4.6	522	2 807	3 032	+ 480.8	+ 8.0
Akershus	721	4 336	4 802	+ 566.0	+ 10.7	547	2 796	3 239	+ 492.1	+ 15.8
Hedmark	664	4 072	4 523	+ 581.2	+ 11.1	444	2 739	3 054	+ 587.8	+ 11.5
Oppland	649	4 226	4 347	+ 569.8	+ 2.9	452	2 679	2 939	+ 550.2	+ 9.7
Buskerud	671	4 289	4 793	+ 614.3	+ 11.8	498	2 818	3 018	+ 506.0	+ 7.1
Vestfold	669	4 324	4 518	+ 575.3	+ 4.5	513	2 708	3 086	+ 501.6	+ 14.0
Telemark	647	4 208	4 500	+ 595.5	+ 6.9	442	2 855	3 054	+ 591.0	+ 7.0
Aust-Agder	678	4 110	4 242	+ 525.7	+ 3.2	441	2 535	2 698	+ 511.8	+ 6.4
Vest-Agder	600	3 714	4 353	+ 625.5	+ 17.2	390	2 245	2 738	+ 602.1	+ 22.0
Rogaland	644	4 370	4 506	+ 599.7	+ 3.1	419	2 789	2 859	+ 582.3	+ 2.5
Hordaland	521	3 343	3 749	+ 619.6	+ 12.1	354	2 250	2 480	+ 600.6	+ 10.2
Sogn og Fjord.	542	3 795	3 720	+ 586.3	+ 2.0	378	2 602	2 636	+ 597.4	+ 1.3
Møre og Romsd.	440	3 110	3 483	+ 691.6	+ 12.0	308	2 142	2 392	+ 676.6	+ 11.7
S.-Trøndelag	466	3 386	3 764	+ 707.7	+ 11.2	320	2 080	2 409	+ 652.8	+ 15.8
N.-Trøndelag	534	3 623	3 946	+ 639.0	+ 8.9	345	2 244	2 420	+ 601.4	+ 7.8
Nordland	510	3 159	3 215	+ 530.4	+ 1.8	267	1 710	1 860	+ 596.6	+ 8.8
Troms	532	3 251	3 439	+ 546.4	+ 5.8	261	1 630	1 814	+ 595.0	+ 11.3
Finnmark	492	2 981	3 081	+ 526.2	+ 3.4	295	1 861	1 952	+ 561.7	+ 4.9
Bygdene i alt.	576	3 773	4 011	+ 596.4	+ 6.3	382	2 334	2 531	+ 562.6	+ 8.4
<i>Dagløn i slåttonna på eigen kost.</i>										
Østfold	6.10	27.41	27.90	+ 357.4	+ 1.8	4.53	20.54	21.00	+ 363.6	+ 2.2
Akershus	5.81	24.47	26.81	+ 361.4	+ 9.6	4.11	18.71	21.03	+ 412.9	+ 12.7
Hedmark	5.32	25.26	26.06	+ 389.8	+ 3.2	3.63	18.38	19.22	+ 429.5	+ 4.6
Oppland	5.10	25.54	26.73	+ 424.1	+ 4.7	3.47	18.35	19.46	+ 460.8	+ 6.0
Buskerud	5.92	27.72	30.21	+ 410.3	+ 9.0	3.97	18.98	20.28	+ 410.8	+ 6.8
Vestfold	6.37	26.77	28.68	+ 350.2	+ 7.1	4.15	20.80	22.39	+ 439.5	+ 7.6
Telemark	6.06	27.85	29.71	+ 390.3	+ 6.7	3.79	18.04	19.35	+ 410.6	+ 7.3
Aust-Agder	6.21	26.72	28.69	+ 362.0	+ 7.4	3.63	15.96	17.58	+ 384.3	+ 10.2
Vest-Agder	6.80	27.16	28.63	+ 321.0	+ 5.4	4.06	16.25	17.51	+ 331.3	+ 7.8
Rogaland	5.96	26.55	27.35	+ 358.9	+ 3.0	4.04	18.52	19.29	+ 377.5	+ 4.2
Hordaland	5.51	24.89	26.06	+ 373.0	+ 4.7	3.62	17.30	17.72	+ 389.5	+ 2.4
Sogn og Fjord.	4.80	24.78	25.91	+ 439.8	+ 4.6	3.35	16.52	18.22	+ 443.9	+ 10.3
Møre og Romsd.	5.30	24.01	26.59	+ 401.7	+ 10.7	3.53	17.70	18.89	+ 435.1	+ 6.7
S.-Trøndelag	5.07	27.20	27.94	+ 451.8	+ 2.7	3.56	19.17	20.58	+ 478.1	+ 7.4
N.-Trøndelag	5.09	25.16	26.76	+ 425.7	+ 6.4	3.43	17.01	18.13	+ 428.6	+ 6.6
Nordland	5.54	26.28	27.53	+ 396.9	+ 4.8	3.10	17.24	18.02	+ 481.3	+ 4.5
Troms	5.28	27.33	28.72	+ 443.9	+ 5.1	2.93	19.08	19.12	+ 552.6	+ 0.2
Finnmark	6.20	27.17	28.85	+ 365.3	+ 6.2	3.76	17.40	19.17	+ 409.8	+ 10.2
Bygdene i alt.	5.68	26.09	27.52	+ 384.5	+ 5.5	3.65	17.82	18.93	+ 418.6	+ 6.2

avgjerd i friviljug lønsnemnd vart den leiande lønssatsen auka med 20 øre pr. time. Elles er det gjort ymse andre endringar, m. a. er det reglar om vederlag for skiftande helgedagar. Den nye lønsavtalen gjeld for tida 14. april 1954—15. januar 1956, men med høve til å krevja reguleringar i samband med brigde i levekostnadsindeksen frå Statistisk Sentralbyrå. Tabell 43 gjev eit oversyn over normaltariffen for nokre av dei mest vanlege satsane etter dei ymse avtalar sidan 1950.

Tabell 43. Nokre tariffsatsar frå lønsavtalane.

	Gardsarbeidar over 21 år med 4 års praksis		Fjøsørktar ved fjøs med 15—19 kyr	Kvinneleginnehj. over 20 år med fri kost og losji
	med månadsløn	med timeløn (fast arbeid)		
	Kr. pr. mnd.	Kr. pr. time	Kr. pr. mnd.	Kr. pr. mnd.
Frå 15. jan. 1950	337.00	1.80	385.00	140.00
» 15. okt. 1950	372.00	1.98	425.00	168.00
» 15. april 1951	406.00	2.15	464.00	199.50
» 15. okt. 1951	448.00	2.36	510.00	227.50
» 15. jan. 1952	488.00	2.56	554.00	255.00
» 15. jan. 1953	496.00	2.60	563.00	264.00
» 14. april 1954	536.00	2.80	607.00	264.00

For gardsarbeidar og fjøsørktar gjeld tala bruttoløn. Dersom arbeidaren har kost og losji på garden, skal dette koma som frådrag i løna. Frå 14. april 1954 var satsen for kost og losji kr. 4.85 pr. dag (kr. 3.85 for kost og kr. 1.00 for losji) og kr. 145.50 pr. månad.

Auken i tariffsatsane frå 1953 til 1954 svarar til kr. 1.60 pr. dag på eigen kost og kr. 1.30 på arbeidsgjevaren sin kost, for arbeidarar over 21 år som er timelønte. For månadslønte på eigen kost svarar auken til 40 kroner pr. månad, og på arbeidsgjevaren sin kost til 31 kroner. Auken er noko mindre for yngre arbeidarar.

Tabell 44. Talet på bruk og personar med lønsoppgåver.

Klassar og distrikt	Lønsteljinga 1954						Personar i alt som relative tal	
	Absolutte tal				Relative tal		1952	1951
	Bruk	Personar			Bruk	Per- sonar i alt		
		Menn	Kvin- ner	I alt				
5.1— 20 dekar ...	72	17	63	80	4.9	3.4	4.3	3.6
20.1—100 »	632	335	422	757	42.6	32.4	32.9	33.2
100.1—200 »	404	371	194	565	27.2	24.2	24.2	25.4
Over 200 »	375	789	145	934	25.3	40.0	38.6	37.8
I alt	1 483	1 512	824	2 336	100.0	100.0	100.0	100.0
Austlandet	835	1 089	403	1 492	56.3	63.9	63.5	63.9
Trøndelag	198	187	99	286	13.4	12.2	12.5	12.4
Rogaland	119	79	68	147	8.0	6.3	6.5	5.6
Resten av landet	331	157	254	411	22.3	17.6	17.5	18.1

Relativtala syner at skilnaden mellom dei tre åra er liten.

Lønsteljing pr. 20. juni 1954.

I samband med den representative jordbrukssteljinga i 1954 vart det samla inn oppgaver over løna til den faste leigehjelpa, på same vis som i 1951 og 1952 (sjå Jordbruksstatistikk 1952, N.O.S. XI 127).

Utrekningane for 1954 byggjer på lønsoppgåver frå 1483 bruk, og dei gjeld i alt 2336 personar (1512 menn og 824 kvinner). Dette er noko mindre enn i 1952.

Tabell 44 viser korleis materialet deler seg etter bruksstorleik og distrikt.

Tabell 45. Talet på lønsmottakarar etter stilling.

	Menn			Kvinner	
	Tal	Pct.		Tal	Pct.
Gardsstyrarar	50	3.3	Hushaldarar	112	13.6
Arbeidsformenn	70	4.6	Tenestgjenter	444	53.9
Gardsarbeidarar	1 088	72.0	Budeier	211	25.6
Fjøsroktarar	238	15.7	Andre (+ utan oppgåve om stilling)	57	6.9
Andre (+ utan oppgåve om stilling)	66	4.4			
I alt	1 512	100.0	I alt	824	100.0

Tabell 45 viser at storparten av oppgåvene gjeld gardsarbeidarar og tenestgjenter. Slik var det også ved dei førre teljingane. Av resten fell det meste på fjøsroktarar. Det er få oppgaver for gardsstyrarar, arbeidsformenn («agronomar») og hushaldarar. For stallkarar, svinerøktarar, gartnarar o. a. er oppgåvene slegne saman i gruppa «andre». Det er ikkje alltid klart skilje mellom stillingane. Dette gjeld serleg for kvinner. Her er det ofte slik at ein og same personen er t. d. både innegjente og budeier.

Tabell 46 syner talet på lønsmottakarar etter aldersgrupper.

Tabell 46 a. Talet på personar etter alder.

Alder (fylte år)	M e n n			
	I alt		Gardsstyrarar og arbeidsformenn	Gardsarbeidarar, fjøsroktarar og andre
	Tal	Prosent	Prosent	Prosent
Under 16 år	38	2.7	—	2.9
16—17 år	111	7.7	—	8.4
18—20 »	120	8.3	4.4	8.7
21—39 »	674	46.8	67.8	45.0
40—59 »	394	27.4	25.2	27.5
60 år og over	102	7.1	2.6	7.5
Sum	1 439	100.0	100.0	100.0
Utan aldersoppgåve	73			
I alt	1 512			

Tabell 46 b. Talet på personar etter alder.

Alder (fylte år)	Kvinner			
	I alt		Hushaldarar	Tenestgjenter, budeier og andre
	Tal	Prosent	Prosent	Prosent
Under 16 år	24	3.1	—	3.6
16—17 år	90	11.6	—	13.4
18—19 »	75	9.6	2.7	10.8
20—39 »	282	36.3	32.1	36.9
40—59 »	247	31.7	56.0	27.8
60 år og over	60	7.7	9.2	7.5
Sum	778	100.0	100.0	100.0
Utan aldersoppgåve	46			
I alt	824			

Av gardstyrarane og arbeidsformennene kjem 2/3 i aldersklassen 21—39 år og 1/4 i klassen 40—59 år. Av mannleg arbeidskraft elles kom 45 prosent i klassen 21—39 år, 20 prosent var yngre og 35 prosent var eldre. Av hushaldarane var det flest — 56 prosent — i klassen 40—59 år og 32 prosent var 21—39 år. Av den andre kvinnelege arbeidshjelpa var 37 prosent 20—39 år, 28 prosent var yngre og 35 prosent var eldre.

Når ein jamfører desse tala med oppgåvene frå dei tidlegare teljingar, syner det seg at i 1954 var det relativt færre yngre og fleire eldre gardsarbeidarar og tenestgjenter. Dette ser ein av tabell 47. Denne tabellen gjev også ei samanlikning mellom dei ymse landsdelar i 1954.

Tabell 47. Talet på gardsarbeidarar og tenestgjenter delt etter alder. Prosent.

	Gardsarbeidarar			Tenestgjenter		
	Under 21 år	21—39 år	Over 40 år	Under 20 år	20—39 år	Over 40 år
Riket 1951	26.6	47.7	25.7	34.0	41.0	25.0
» 1952	25.4	44.5	30.1	39.1	35.5	25.4
» 1954	24.6	43.6	31.8	35.9	33.7	30.4
1954						
Austlandet	18.5	45.7	35.8	33.3	37.3	29.4
Agder	27.2	36.4	36.4	14.3	28.6	57.1
Vestlandet	50.6	32.5	16.9	37.7	31.4	30.9
Trøndelag	22.4	46.7	30.9	40.9	31.8	27.3
Nord-Noreg	28.6	42.8	28.6	40.0	34.3	25.7

Det var relativt mange gardsarbeidarar under 21 år og få over 40 år på Vestlandet. Det var relativt færrest gardsarbeidarar under 21 år på Austlandet. I Agder var det relativt sett langt færre tenestgjenter under 21 år og fleire over 40 år enn i dei andre landslutene.

Oppgåvene over *arbeidsløna* fekk ein spesifisert for kontantløn og naturalia. Kontantløna skulle ein gjeva opp i kroner pr. månad og som utrekna samla kontantløn pr. år. Den delen av løna som lønsmottakaren fekk som naturalia, skulle verdsettast med ein sum for heile året. Desse oppgåvene vart gjevne serskilt for dei som hadde kost og losji hjå arbeidsgjevaren og for dei som hadde familiehøvsvere + eventuelle naturalia, som mjølk, poteter o. a. Samla kontantløn og samla verde av naturalia vart så lagt saman til årsløn i alt. Ved å rekna seg fram til samla årsløn på denne måten, har ein fått tal som skulle gjeva grunnlag for å samanlikna lønsnivået for dei einskilde lønsmottakarar. Ein må vera merksam på at den årsløna ein har rekna seg fram til, gjeld lønsnivået på teljingsdagen, altså sumaren 1954.

Årsløna ymsar etter kva arbeid det gjeld og etter alderen på lønsmottakarane. I sume høve har også bruksstorleiken ein viss verknad på løna. Lønsnivået varierer elles etter kva måte mottakaren får løna på (på eigen eller på arbeidsgjevaren sin kost). Verdsetjinga av kost og losji ymsar og. Det er dessutan skilnad mellom distrikta, både når det gjeld kontantløn og verdsetjing av naturalia. Materialet syner elles sterke individuelle variasjonar i lønene. Ein gjer merksam på at talet på oppgaver ikkje er serleg stort.

Menn.

Tabell 48. Medels årsløn etter stilling og lønsmåte. Kroner.

Stilling	Alle	På eigen kost	På arbeidsgjevares kost	
	Årsløn i i alt	Årsløn i i alt	Årsløn i i alt	Av dette kontantløn
Gardsstyrarar	8 150	8 791	7 222	5 785
Arbeidsformenn	7 177	7 999	6 944	5 449
Gardsarbeidarar	5 744	6 588	5 423	3 964
Fjøsroktarar	6 806	7 503	5 889	4 374
Alle 1954	6 105	7 061	5 603	4 136
Alle 1952	5 567	6 359	5 163	3 723
Alle 1951	4 858	5 562	4 503	3 314

Sidan 1952 har lønsnivået auka med ca. 10 prosent i alt. Kontantløna har auka noko meir, men verdet av kost og losji og andre naturalia syner noko mindre auke. Auken var størst for gardsstyrarar. I 1954 var medelsløna for gardsstyrarar 8150 kroner, for arbeidsformenn 7177 kroner, for fjøsroktarar 6806 kroner og for gardsarbeidarar 5744 kroner. For alle under eitt var løn på eigen kost ca. 1500 kroner høgare enn på arbeidsgjevaren sin kost. Det er ikkje berre lønsmåten som ligg til grunn for denne skilnaden. Mange av dei som arbeider på eigen kost, har høg løn av andre grunnar. Serleg når det gjeld gardsstyrarar og arbeidsformenn, er det lønsskilnad etter bruksstorleiken. Dette ser ein av tabell 49.

Tabell 49. Medels årsløn i kroner.

	Bruksstorleik				I alt
	20.1—100 dekar	100.1—200 dekar	200.1—500 dekar	Over 500 dekar	
Gardsstyrarar	7 176	7 147	8 591	9 394	8 150
Arbeidsformenn ...	6 448		7 272	8 175	7 177

Skilnaden er større for gardsstyrarar enn for arbeidsformenn. For gardsarbeidarar er det stor lønsskilnad etter alderen. I tabell 50 er nytta dei same aldersgrenser som i jordbrukstariffen.

Tabell 50. Medels årsløn i kroner for gardsarbeidarar i ymse alder.

Alder (fylte år)	Alle	På eigen kost	På arbeidsgjevars kost	
	Årsløn i alt	Årsløn i alt	Årsløn i alt	Av dette kontantløn
Under 16 år	4 070	..	} 4 542	2 681
16—17 år	4 691	..		3 289
18—20 »	5 445	5 740	5 412	3 957
21—39 »	6 170	6 787	5 916	4 443
40—59 »	5 882	6 705	5 357	3 866
60 år og over	5 163	6 270	4 573	3 177
Utan aldersoppgåve	6 218	6 928	5 773	4 293
Alle	5 744	6 588	5 423	3 964

Medels årsløn aukar frå vel 4000 kroner i yngste klasse til vel 6000 kroner i klasse 21—39 år. Det er så nedgang att for dei høgare aldersklassar. Det er stor skilnad i lønssnivået i dei ymse distrikt. Lønene er høgast på Austlandet og i Rogaland. Av tabell 47 ser ein at det — serleg på Vestlandet — var relativt mange yngre gardsarbeidarar. Dette har verknad på medeltala, men av tabell 51 ser ein at skilnaden mellom distrikta også gjer seg gjeldande innan dei ein-skilde aldersklassar.

Tabell 51. Medels årsløn i kroner for gardsarbeidarar i ymse distrikt.

	Alle	På eigen kost	På arbeidsgjevars kost	
	Årsløn i alt	Årsløn i alt	Årsløn i alt	Av dette kontantløn
Alle aldersklassar:				
Austlandet	5 998	6 626	5 636	4 132
Trøndelag	5 038	..	4 912	3 597
Rogaland	5 996	..	5 986	4 553
Resten av landet	5 084	..	4 885	3 410
21—39 år:				
Austlandet	6 368	6 832	6 102	4 604
Trøndelag	5 609	..	5 474	4 126
Rogaland	6 531	..	6 588	5 168
Resten av landet	5 518	..	5 347	3 759

Det er serleg storleiken på buskapane som er årsak til lønsskilnaden for fjøsrøktarar. I tabell 52 er materialet delt etter talet på kyr. Denne grupperinga — berre etter talet på mjølkekyr — gjev ikkje alltid eit heilt rett bilete. Det har også mykje å seia kor mange andre husdyr røktaren har å stella, og om han har plikter utanom dyrestellet. Tabellen syner likevel den store lønsskilnaden mellom røktarar ved store og små fjøs.

Tabell 52. Medels årsløn for fjøsrøktarar. Kroner.

	Alle	På eigen kost	På arbeidsgjevars kost	
	Årsløn i alt	Årsløn i alt	Årsløn i alt	Av dette kontantløn
Ved fjøs med:				
Mindre enn 10 kyr	4 874	5 647	4 672	3 219
10—14 kyr	6 302	6 714	6 049	4 517
15—19 kyr	7 059	7 432	6 148	4 612
Meir enn 19 kyr.....	7 888	8 120	7 007	5 470
Alle	6 806	7 503	5 889	4 374

Tabell 53 gjev ei jamføring av tala frå lønsteljinga med utrekna årsløn etter lønssatsane i jordbrukstariffen.

Tabell 53. Jamføring av lønene etter lønsteljinga og jordbrukstariffen. Kroner.

	Lønsteljing 20. juni 1954. Årsløn i alt	Tarifføløn i juni 1954 for folk med månadsløn. Utrekna som årsløn
	Gardsarbeidarar: Alder (fylte år)	
16—17 år	4 691	4 164
18—20 »	5 445	5 568
21—39 »	6 170	} 6 432 (med 4 års praksis)
40—59 »	5 882	
Fjøsrøktarar ved fjøs med:		
10—14 kyr	6 302	6 744 (+ 200 kroner etter 4 år i tenesta)
15—19 »	7 059	7 284 — » —
Meir enn 19 kyr.....	7 888	7 704 — » —
Minst 2 underordna arbeidarar	..	8 064 — » —

For gardsarbeidarar var lønsskilnaden etter alder mindre ved lønsteljinga enn etter jordbrukstariffen. Når ein legg jordbrukstariffen til grunn for vurderinga, kan ein altså seia at lønsteljinga synte heller høg løn for dei yngste gardsarbeidarane, men relativt låg løn for dei eldre. Det er også avvik frå tariffsatsane etter lønsmåte og distrikt. For gardsarbeidarar på 21—39 år var medels årsløn på eigen kost høgare enn tariffsatsen, medan løna på arbeidsgjevaren sin kost låg noko lægre enn tariffen. Medeltala for Austlandet var om lag som tariff-

satsen. Medeltala for Rogaland låg høgare enn tariffen. I dei andre distrikta låg dei lægre. Den lønsskilnaden etter buskapsstorleik som lønsteljinga syner, er vel så stor som etter tariffen. Talet på oppgaver er heller lite.

Det er nemnt at løna ymsar etter alder, stilling, distrikt og lønsmåte. Verdsetjinga av naturalia er heller ikkje den same overalt. Ved sida av dette, er det individuelle skilnader i løna. Det kan vera personleg dugleik eller andre tilhøve som er årsaka. Teljingsmaterialet gjev ikkje grunnlag for å døma om dette. Dei individuelle skilnader i løna kjem ikkje til syne i medeltala. For lettare å kunna vurdera dei einskildtala som medeltala byggjer på, er det i tabell 54 synt korleis talet på gardsarbeidarar spreier seg på dei ymse lønsgrupper (i prosent).

Tabell 54. Lønsspreiing for gardsarbeidarar. Relative tal.

Årsløn i alt Kr.	Gardsarbeidarar i alt, etter årsløn i alt					Kontantløn Kr.	Gardsarbeidarar 21—39 år, på arbeidsgjevares kost, etter kontant- løn (til dette kjem kost og losji)				
	Riket	Aust- landet	Trønde- lag	Roga- land	Resten av landet		Riket	Aust- landet	Trønde- lag	Roga- land	Resten av landet
Under 2500	1.9	0.8	4.6	—	5.8	Under 2000 ...	5.1	2.1	11.1	—	13.5
2500 — 2999	1.8	1.3	3.9	1.3	2.2	2000 — 2499 ...	4.2	2.1	6.4	5.3	10.8
3000 — 3499	3.2	1.7	10.4	—	4.4	2500 — 2999 ...	1.6	1.5	1.6	—	2.7
3500 — 3999	5.1	3.1	7.1	5.4	13.1	3000 — 3499 ...	5.1	3.6	9.5	—	8.1
4000 — 4499	7.2	6.2	11.0	2.7	10.2	3500 — 3999 ...	12.4	12.8	9.5	5.3	18.9
4500 — 4999	8.5	6.8	11.7	6.8	14.6	4000 — 4499 ...	12.4	12.3	12.7	5.3	16.3
5000 — 5499	11.7	11.4	10.4	14.9	13.1	4500 — 4999 ...	30.9	34.9	23.8	36.8	18.9
5500 — 5999	8.4	7.6	10.4	10.8	8.8	5000 — 5499 ...	14.3	18.4	9.5	10.5	2.7
6000 — 6499	19.3	22.2	13.0	27.0	7.3	5500 — 5999 ...	2.5	3.1	3.2	—	—
6500 — 6999	15.9	20.3	5.8	13.5	5.8	6000 — 6499 ...	9.9	8.2	11.1	31.5	5.4
7000 — 7499	9.4	10.4	8.5	6.8	6.6	6500 og over ...	1.6	1.0	1.6	5.3	2.7
7500 — 7999	4.7	4.8	1.9	6.8	6.6						
8000 og over	2.9	3.4	1.3	4.0	1.5						
I alt	100	100	100	100	100	I alt	100	100	100	100	100

Når ein ser heile landet under eitt, er det lønsklassen 6000—6499 kroner som er den talrikaste — vel 19 prosent av alle. 33 prosent hadde høgare løn og 48 prosent lægre løn. Elles ser ein at over halvparten — 55 prosent — har ei løn som ligg mellom 5000 og 7000 kroner. Tabellen syner at spreinga etter lønsstorleik er sterk. Skilnaden mellom dei ymse distrikt gjer mykje til dette, men spreinga er sterk innan dei einskilde distrikt og. På Austlandet og i Rogaland fell halvparten av oppgåvene innan tre lønsklassar. I resten av landet er spreinga sterkare. Skilnad i alder, lønsmåte og verdsetjing av naturalia gjer sitt til å auka spreinga.

Tabell 54 syner også korleis talet på gardsarbeidarar i alderen 21—39 år, på arbeidsgjevaren sin kost, spreier seg på lønsklassar etter kontantløn. 31 prosent hadde mellom 4500 og 5000 kroner i kontantløn, 28 prosent hadde høgare løn og 41 prosent lægre løn. På Austlandet fall over 60 prosent av oppgåvene innan tre lønsklassar, men det var sterkare spreing andre stader i landet.

Kvinner.

Tabell 55 gjev eit oversyn over medels årsløn for kvinner.

Tabell 55. Medels årsløn etter stilling, lønsmåte og alder. Kroner.

Stilling	Alle	På eigen kost	På arbeidsgjevars kost	
	Årsløn i alt	Årsløn i alt	Årsløn i alt	Av dette kontantløn
Hushaldarar	3 323	..	3 296	2 041
Tenestgjenter	3 191	..	3 182	1 988
Budeier	3 590	..	3 435	2 183
Alle 1954	3 357	4 541	3 289	2 069
Alle 1952	3 158	4 314	3 073	1 891
Alle 1951	2 827	3 687	2 782	1 744
Tenestgjenter:				
Alder (fylte år)				
Under 16 år	3 081	..	3 081	1 778
16—17 år	3 107	..	3 107	1 914
18—19 »	3 468	..	3 468	2 227
20—39 »	3 496	..	3 478	2 246
40—59 »	2 920	..	2 897	1 755
60 år og over	2 455	..	2 455	1 342
Utan aldersoppgåve	3 086	..	3 130	2 025

For kvinner i alt var medelløna 3357 kroner. Det er ein auke på 6 prosent sidan 1952. Det er relativt liten skilnad mellom løna til tenestgjente og hushaldar — mindre enn i 1952. Det var ingen auke i løna til hushaldar. Dei andre gruppene hadde ein auke på 10 prosent.

Kontantløna for tenestgjenter i alderen 16—17 år var høgare ved lønsteljinga enn etter tariffsatsen for same aldersgruppe. Lønsskilnaden etter alder er liten ved lønsteljinga, og for tenestgjenter i alderen 20—39 år ligg tariffen langt over det lønsteljinga viser.

Den individuelle lønsskilnaden er stor, også når det gjeld tenestgjenter. Dette ser ein av tabell 56.

Når ein ser på tala for tenestgjenter i alt, er det lønssklassen 3000—3499 kroner som er den talrikaste — 21 prosent. 37 prosent hadde høgare løn og 42 prosent hadde lægre løn. Det er stor skilnad mellom dei ymse landluter. På Austlandet er lønssklassen 3500—3999 kroner den talrikaste, og 70 prosent fell på dei fire lønssklassane mellom 2500 og 4499 kroner. Trøndelag syner eit noko anna bilete. Her fell nesten tredjeparten av oppgåvene på klassen 3000—3499 kroner, og dei tre klassane mellom 2000 og 3499 kroner femner over nærare 3/4 av oppgåvene. Det er få som har større løn enn 3500 kroner. I Rogaland fell vel fjerdeparten av oppgåvene på klassen 4000—4499 kroner. Heile 4/5 fell på dei fire klassane mellom 3000 og 4999 kroner. I resten av landet er det, som i Trøndelag, dei tre lønssklassane mellom 2000 og 3499 kroner som gjer seg sterkast gjeldande. Kvar av desse klassane har vel 20 prosent av oppgåvene — til saman 64 prosent.

Rekna etter kontantløn, kom 24 prosent i lønssklassen 2000—2499 kroner, heile landet sett under eitt. 34 prosent hadde høgare løn og 42 prosent lægre løn.

Tabell 56. Lønsspreiing for tenestgjenter. Relative tal.

Årsløn i alt Kr.	Tenestgjenter i alt, på arbeidsgjevars kost, etter årsløn i alt					Kontantløn Kr.	Tenestgjenter 20—39 år, på arbeidsgjevars kost, etter kontantløn (til dette kjem kost og losji)				
	Riket	Aust- landet	Trønde- lag	Roga- land	Resten av landet		Riket	Aust- landet	Trønde- lag	Roga- land	Resten av landet
Under 1500	2.3	0.6	6.4	-	3.3	Under 1000 ...	5.7	1.8	21.4	-	7.1
1500 — 1999	7.5	3.8	12.7	1.9	11.0	1000 — 1499 ...	15.7	12.3	14.3	15.4	19.6
2000 — 2499	15.4	9.5	21.3	7.4	21.6	1500 — 1999 ...	20.0	15.8	28.6	-	26.8
2500 — 2999	17.3	15.8	19.1	9.2	20.4	2000 — 2499 ...	24.3	17.5	21.4	30.8	30.4
3000 — 3499	20.9	17.7	31.9	16.7	22.1	2500 — 2999 ...	6.4	10.5	14.3	-	1.8
3500 — 3999	15.0	20.3	4.3	22.2	11.0	3000 — 3499 ...	18.6	26.3	-	30.8	12.5
4000 — 4499	12.3	15.8	4.3	25.9	7.2	3500 — 3999 ...	8.6	14.0	-	23.0	1.8
4500 — 4999	7.0	11.4	-	14.8	2.8	4000 og over ...	0.7	1.8	-	-	-
5000 og over	2.3	5.1	-	1.9	0.6						
I alt	100	100	100	100	100	I alt	100	100	100	100	100

Verdet av kost og losji.

Det er nemnt før at medels årsløn på arbeidsgjevaren sin kost jamt over ligg noko lægre enn på eigen kost. Dette gjorde seg gjeldande også i 1951 og 1952. Det skulle tyda på at kost og losji hjå arbeidsgjevaren lett blir verdsett for lågt.

Tabell 57. Medels verde pr. år av kost og losji. Kroner.

	Riket	Austlandet	Trøndelag	Rogaland	Resten av landet
Menn i alt	1 467	1 507	1 329	1 428	1 471
Kvinner i alt	1 220	1 335	1 166	1 129	1 103

Verdsetjinga av kost og losji ligg berre 2—3 prosent høgare i 1954 enn i 1952. Høgast er verdsetjinga på Austlandet, med 1507 kroner pr. år for menn og 1335 kroner for kvinner. Rogaland kjem her nærare dei andre landsdelane, med heller låg verdsetjing av kost og losji.

Etter jordbrukstariffen var frådraget for kost og losji i 1954 kr. 4.85 pr. dag, både for menn og kvinner. Dette svarar til 1746 kroner pr. år. Det er ein auke på 7 prosent i høve til 1952.

I den årlege statistikken over lønene i jordbruket (sjå side 46) får ein oppgæver over kontantlønna for tenestgutar, tenestgjenter og fjøsøktarar som arbeider på arbeidsgjevaren sin kost. Det blir gjevi oppgæver for sumarhalvåret og vinterhalvåret kvar for seg. Det er lønene i sumarhalvåret som best kan jamførast med tala frå lønsetjinga. Ei slik jamføring er gjort i tabell 58.

Tabell 58. Jamføring av kontant månadsløn etter den årlege lønsstatistikken og lønsteljingane. Kroner.

	Årleg lønsstatistikk			Lønsteljing (kontantløn på arbeidsgjevars kost)		
	1951	1952	1954	1951	1952	1954
Tenestgutar	313	341	374	—	—	—
Gardsarbeidarar, 21—39 år	—	—	—	296	336	370
Mannlege fjøsrøktarar, større fjøs	365	398	445	—	—	—
Mannlege fjøsrøktarar, 15 kyr eller meir	—	—	—	357	373	419
Tenestgjenter	190	208	236	—	—	—
Tenestgjenter, 20—39 år	—	—	—	158	173	187
Kvinnelege fjøsrøktarar	226	251	286	—	—	—
Kvinnelege fjøsrøktarar, 15 kyr eller meir	—	—	—	225	241	260

Det er lønsteljingane sine tal for vaksne arbeidarar (21—39 år), tenestgjenter (20—39 år) og fjøsrøktarar ved fjøs med 15 kyr eller meir, som best svarar til medeltala etter den årlege lønsstatistikk.

Tala frå teljingane ligg lægst. Skilnaden er liten for tenestgutar og fjøsrøktarar, men heller stor for tenestgjenter, når ein ser på dei lønene som er samanlikna ovanfor. Ein bør elles vera merksam på at m. a. grupperinga av løns-mottakarane ikkje er heilt den same ved dei to etterrøknadene. Det er også andre skilnader som gjer at ein ikkje kan venta heilt like resultat i begge høve.

Prisar på landbruksprodukt og produksjonsmiddel m. m.

I januar 1954 vart det vedteki ei ny prislov som kom i staden for dei tidlegare mellombels prislover. For dei fleste jordbruksvarene vart det då slutt på dei ekstraordinære prisreguleringstiltak, men for den viktigaste varegruppa — mjølk og mjølkeprodukt — har det framleis vori maksimalprisar — i samband med prissubsidiering.

I juni 1954 vart det semje om ny prisavtale for jordbruket for budsjettåret 1954/55. Avtalen gjeld auke av prisane på mjølk og mjølkeprodukt og brigde i reglane for tilskot til desse varene. Dessutan skulle det bli ei trygd mot prisfall på salsulla. Det vart gjort brigde i reglane for frakttilskot for slakt og i satsane for tilskot til kunstgjødsel for mindre bruk. Hovudavtalen for jordbruket vart lengd for same tidsromet.

Rørslene i det ålmenne prisnivå ser ein av tabell 59. Tabellen viser engrosprisindeksen frå Statistisk Sentralbyrå, for varer i alt og serskilt for jordbruksvarene.

Tabell 59. Oppgaver frå engrosprisindeksen til Statistisk Sentralbyrå.

	1938	1948	1949	1950	1951	1952	1953	1954
Varer i alt	100	181	184	209	258	276	276	280
Jordbruksvarer i alt	100	166	166	187	227	240	233	252
Vegetabilske	100	149	148	179	192	195	189	199
Animalske	100	174	174	190	242	259	251	275

Det var sterk auke for varer i alt i 1950—1951. Seinare har brigda vori mindre. Det var litt auke i prisnivået også i 1954. Auken gjorde seg mest gjeldande for innanlandske varer — også for jordbruksvarer — medan prisane på ein del innførte varer gjekk noko ned.

Engrosprisindeksen syner ikkje korleis prisane til norske produsentar har utvikla seg når det gjeld jordbruksvarene — mellom anna på grunn av prisløskota. Prisindeksen for jordbruket, som Norges Landbrukshøgskole utarbeider, byggjer på prisar til produsent. Mengdegrunnlaget for produkta femner over både sal og forbruk av eigne produkt hjå produsentane.

Tabell 60. Prisindeks for jordbruket frå Norges Landbrukshøgskole. Årsindeks. 1938/39 = 100.

	1948/ 49	1949/ 50	1950/ 51	1951/ 52	1952/ 53	1953/ 54	1954/ 55
I. <i>Jordbruksprodukt i alt</i>	247	250	264	287	300	296	326
A. <i>Planteprodukt</i>	212	232	267	291	313	287	346
1. Korn	227	229	270	301	341	343	356
2. Poteter.....	203	239	273	266	265	249	325
3. Høy	251	239	243	337	327	251	221
4. Grønsaker og frukt.	182	222	257	304	336	237	391
B. <i>Husdyrprodukt</i> ...	255	254	264	286	297	298	322
1. Mjølk	251	250	257	279	291	278	307
2. Kjøtt	248	251	257	271	303	332	361
3. Flesk	266	274	279	304	299	332	333
4. Egg.....	271	244	250	298	303	248	256
5. Ull	385	384	601	643	401	482	522
II. <i>Varer som ein kjøper i alt.</i>	166	170	212	238	252	256	259
A. <i>Produksjonsmiddel</i>	166	170	215	234	246	248	247
1. Kunstgjødsel.....	123	123	133	144	149	149	147
2. Kraftfôr	154	159	244	264	262	259	257
3. Maskinar, reiskapar	192	204	207	223	248	246	255
4. Bygningar	205	208	210	232	274	285	282
5. Ymse	159	164	170	191	205	221	214
B. <i>Innkjøpte mat- og kledevarer m. m...</i>	167	168	205	247	263	273	285
III. <i>Arbeidsløn</i>	395	423	459	511	563	586	626

For driftsåret 1953/54 viste indekstalet for jordbruksprodukt i alt ein nedgang på 1.3 prosent. Talet for 1954/55 syner auke att — 10.1 prosent. Siste året var det auke både for planteprodukt og for husdyrprodukt.

Tabell 61 syner indekstala månadsvis.

Indekstalet for planteprodukt låg i dei fleste månader i 1954 høgare enn i tilsvarende månader året før. I dei første 6 månadene i året varierte auken i indekstala mellom knapt 10 prosent og 27 prosent i høve til dei same månadene i 1953. I august var indekstalet det same som i 1953, medan sesongauken framover til desember var sterkare i 1954 enn i 1953. Indekstalet for husdyrprodukt var for alle månadene høgare i 1954 enn i 1953. I første halvår var auken 5—10 prosent, i tredje kvartal over 10 prosent og i fjerde kvartal noko under 10 prosent.

Tabell 61. Prisindeks for jordbruket frå Norges Landbrukskøleskole. Månadsindeks. 1938/39=100.

	Plante- produkt			Husdyr- produkt			Jordbruks- produkt i alt			Tekniske pro- duksjonsmiddel		
	1952	1953	1954	1952	1953	1954	1952	1953	1954	1952	1953	1954
Januar	315	307	332	305	306	310	307	306	314	239	248	249
Februar	317	309	342	304	296	311	306	299	316	239	248	249
Mars	325	302	354	296	291	308	300	293	315	241	248	249
April	325	295	357	286	277	302	292	279	310	242	248	249
Mai	324	289	361	283	275	299	289	278	309	242	248	249
Juni	346	294	374	286	281	300	295	283	312	243	248	248
Juli	346	292	358	300	286	331	307	287	335	242	248	247
August	346	302	302	309	300	338	315	300	332	242	248	247
September	287	285	295	299	306	338	297	303	331	249	247	247
Oktober	290	280	298	305	313	336	303	308	330	250	248	247
November	289	287	319	312	312	336	303	308	333	249	248	247
Desember	299	314	335	313	311	339	311	312	338	248	249	244

Då kornprisane for avlingsåret 1954 vart vedtekne av Stortinget, vart kveiteprisen sett til 90 øre pr. kg — ein auke på 7 øre. Byggprisen vart sett ned frå 71 til 70 øre pr. kg. Prisane for rug og havre vart ikkje brigda. Dei er 83 øre pr. kg rug og 61 øre pr. kg havre.

Trygdsatsane for korn som blir mali til eige bruk, vart ikkje brigda. Dei er som i avlingsåra 1952 og 1953. Grunnsatsane er 13 øre pr. kg for kveite og rug, 14 øre for bygg og 10 øre for havre (12 øre i visse kyststrok). Til dette kjem desse tilleggane for alle kornslag: 6 øre pr. kg for dei første 1000 kg, 4 øre for dei neste 500 kg og 2 øre for dei fylgjande 500 kg.

Frå og med avlingsåret 1948 har ein også potettrygd. Denne trygda er dels knytt til potetarealet, dels til den potetmassen som blir nytta til silofôr. For avlingsåret 1954 vart satsane brigda. Arealtrygda vart sett ned frå 50 kroner til 20 kroner pr. dekar. Som før var det halv trygd for første dekar. Det meste eit bruk kan få i arealtrygd er 100 kroner, men berre når samla korntrygd og arealtrygd for poteter ikkje er større enn 450 kroner. Eit bruk som får over 450 kroner i korntrygd, kan såleis ikkje få arealtrygd for poteter. Trygda for potetsilo er som året før — 12 øre pr. dm³ for kokt masse og 8 øre for rå masse. Ein kan få silotrygd for inntil 10 000 dm³ pr. bruk. Denne trygda blir ikkje avgrensa av korntrygda.

Tabell 62 gjev eit oversyn over utbetalt trygd i dei einskilde fylke for budsjettåret 1952/53 (avlingsåret 1952).

I samarbeid med Statens Kornforretning har Statistisk Sentralbyrå gjort ein etterrøknad for å sjå korleis korn- og potettrygda deler seg på bruk av ymse storleik. Oppgåvene gjeld budsjettåret 1952/53, altså avlingsåret 1952.

Etterrøknaden byggjer på dei ureviderte samandraglistene frå trygd-kasserarane. Dei endelege tal frå Statens Kornforretning ligg litt høgare, men skilnaden er liten (i alt ca. 200 000 kroner på ein totalsum av 39 mill. kroner).

Ved denne etterrøknaden har ein delt materialet på fem storleksgrupper: bruk med inntil 20 dekar jordbruksareal, 20.1—50 dekar, 50.1—100 dekar, 100.1—200 dekar og med over 200 dekar jordbruksareal. Der det var opplyst at det var fleire trygdmottakarar på same bruket, er summene slegne saman, slik at det berre er rekna med eitt bruk. Talet på bruk med trygd blir difor noko mindre enn talet på personar som får korn- og potettrygd.

Tabell 62. Utbetalt korn- og potettrygd 1952/53.

	Utbetalt trygd i 1000 kr.			Prosentvis delt på fylka		Prosentvis delt på korntrygd og potettrygd	
	Korn- trygd	Potet- trygd	Til saman	Korn- trygd	Potet- trygd	Korn- trygd	Potet- trygd
Østfold	2 489	874	3 363	10.6	5.6	74.0	26.0
Akershus	2 949	717	3 666	12.6	4.6	80.4	19.6
Hedmark	3 784	1 292	5 076	16.2	8.3	74.5	25.5
Oppland	3 930	1 187	5 117	16.8	7.6	76.8	23.2
Buskerud	1 211	654	1 865	5.2	4.2	64.9	35.1
Vestfold	1 622	978	2 600	6.9	6.2	62.4	37.6
Telemark	446	789	1 235	1.9	5.0	36.1	63.9
Aust-Agder	163	455	618	0.7	2.9	26.4	73.6
Vest-Agder	189	464	653	0.8	3.0	28.9	71.1
Rogaland	1 398	1 572	2 970	6.0	10.1	47.1	52.9
Hordaland	78	826	904	0.3	5.3	8.6	91.4
Sogn og Fjordane.....	106	740	846	0.4	4.7	12.5	87.5
Møre og Romsdal	624	1 159	1 783	2.7	7.4	35.0	65.0
Sør-Trøndelag	2 150	968	3 118	9.2	6.2	69.0	31.0
Nord-Trøndelag	2 210	1 473	3 683	9.4	9.4	60.0	40.0
Nordland	63	1 007	1 070	0.3	6.4	5.9	94.1
Troms	3	440	443	—	2.8	0.7	99.3
Finnmark	—	44	44	—	0.3	—	100.0
Bygdene i alt	23 415	15 639	39 054	100.0	100.0	60.0	40.0

Korntrygdsatsane var dei same for avlingsåret 1952 som for 1954 (sjå side 60). For potettrygda galdt desse reglane i 1952: Arealtrygda var 40 kroner pr. dekar, med halv trygd for første dekar. Silotrygda var 3 øre pr. dm³ kokt masse og 1 øre for rå masse. Det meste eit bruk kunne få i arealtrygd, var 200 kroner, og samla potettrygd (areal- og silotrygd) kunne ikkje gå over 350 kroner. Dette var den ordinære potettrygda, men reglane var slik at samla korntrygd og ordinær potettrygd ikkje måtte gå over 650 kroner pr. bruk. I så fall vart potettrygda redusert. Utanom den ordinære potettrygda vart det gjevi eit tillegg på 45 prosent, og det var ei omfram silotrygd på 4 øre pr. dm³, både for kokt og rå masse. I Nord-Noreg vart det gjevi eit sertillegg til arealtrygda.

Tabell XI bak i boka syner korleis trygda deler seg på bruk av ymse storleik i heile landet sett under eitt, og i dei einiskilde landsluter, fylke og jordbruksområde.

Av 23.3 mill. kroner i korntrygd fall 1.3 mill. kroner på bruk med inntil 20 dekar jordbruksareal. 4.7 mill. kroner fall på bruk med 20.1—50 dekar, 6.7 mill. kroner på bruk med 50.1—100 dekar, 6.2 mill. kroner på bruk med 100.1—200 dekar og 4.5 mill. kroner på bruk med over 200 dekar.

Av 15.5 mill. kroner i potettrygd fall 2.2 mill. kroner på gruppe 1, 6.5 mill. kroner på gruppe 2, 5.1 mill. kroner på gruppe 3, 1.5 mill. kroner på gruppe 4 og 0.2 mill. kroner på gruppe 5.

Samla korn- og potettrygd var knapt 38.9 mill. kroner. Av dette fall 3.5 mill. kroner på gruppe 1, 11.2 mill. kroner på gruppe 2, 11.8 mill. kroner på gruppe 3, 7.7 mill. kroner på gruppe 4 og 4.7 mill. kroner på gruppe 5. Dette svarar til 93 kroner pr. bruk som fekk trygd i bruksklassen inntil 20 dekar, 186 kroner i klassen 20.1—50 dekar, 377 kroner for bruka mellom 50 og 100 dekar, 643 kroner for bruk mellom 100 og 200 dekar og 1107 kroner pr. bruk som fekk trygd i klassen over 200 dekar.

Ved jordbruksteljinga i 1949 var det i alt 70 008 bruk med 5.1—20 dekar jordbruksareal her i landet. I 1952/53 var det 37 649 bruk inntil 20 dekar som fekk korn- og/eller potettrygd — altså vel halvparten av bruka i denne storleiksgruppa. 10 443 bruk i denne gruppa fekk både korn- og potettrygd, 6295 fekk berre korntrygd og 20 911 berre potettrygd. I denne gruppa var det altså i alt 16 738 bruk som fekk korntrygd. Desse bruka fekk til saman 1.3 mill. kroner i korntrygd. Det svarar til 78 kroner pr. bruk med korntrygd. 31 354 bruk i denne gruppa fekk til saman 2.2 mill. kroner i potettrygd. Det blir 70 kroner pr. bruk med potettrygd. Dei 37 649 bruka i denne gruppa som fekk korn- og/eller potettrygd, fekk i alt 3.5 mill. kroner i trygd — 93 kroner pr. bruk.

I 1949 var det 80 122 bruk med 20.1—50 dekar jordbruksareal. 60 121 bruk — $\frac{3}{4}$ av bruka i denne gruppa — fekk korn- og/eller potettrygd i 1952/53. 26 320 av desse fekk både korn- og potettrygd. 5590 fekk berre korntrygd og 28 211 berre potettrygd. I denne gruppa var det altså 31 910 bruk som fekk korntrygd. Til saman fekk dei knapt 4.7 mill. kroner. Det svarar til 146 kroner pr. bruk med korntrygd. 54 531 bruk i denne gruppa fekk til saman 6.5 mill. kroner i potettrygd. Det blir 119 kroner pr. bruk som fekk potettrygd. Dei 60 121 bruka med korn- og/eller potettrygd i denne gruppa fekk til saman 11.2 mill. kroner i trygd. Det blir i medel 186 kroner pr. bruk.

I 1949 var det 42 526 bruk med 50.1—100 dekar jordbruksareal. 31 220 eller tre fjerdepartar av dei fekk korn- og/eller potettrygd i 1952/53. Av desse var det 19 090 som fekk både korn- og potettrygd, 4109 som berre fekk korntrygd og 8021 som berre fekk potettrygd. I denne gruppa var det altså 23 199 bruk som fekk korntrygd. Korntrygda til desse bruka var bortimot 6.7 mill. kroner eller 288 kroner pr. bruk med korntrygd. Det var i alt 27 111 bruk som fekk potettrygd. Til saman fekk dei 5.1 mill. kroner, som svarar til 188 kroner pr. bruk med potettrygd. Dei 31 220 bruka mellom 50 og 100 dekar med korn- og/eller potettrygd fekk i alt 11.8 mill. kroner i trygd. Det er 377 kroner pr. bruk.

Det var 15 597 bruk med 100.1—200 dekar jordbruksareal i 1949. Tre fjerdepartar av desse — 11 965 bruk — fekk korn- og/eller potettrygd i 1952/53. 6064 fekk både korn- og potettrygd. 5232 fekk berre korntrygd og 669 fekk berre potettrygd. Innan denne storleiksgruppa var det altså 11 296 bruk som fekk korntrygd. Trygda var 6.2 mill. kroner eller 547 kroner pr. bruk med korntrygd. Det var i alt 6733 bruk som fekk potettrygd. Potettrygda til desse bruka var 1.5 mill. kroner, eller i medel 224 kroner pr. bruk. Dei 11 965 bruka med korn- og/eller potettrygd i denne gruppa fekk til saman 7.7 mill. kroner, eller 643 kroner pr. bruk.

I 1949 var det 5188 bruk som hadde over 200 dekar jordbruksareal. 4249 eller fire femtepartar av bruka i denne gruppa fekk korn- og/eller potettrygd i 1952/53. 745 fekk både korn- og potettrygd, 3427 fekk berre korntrygd og 77 berre potettrygd. I denne gruppa var det altså 4172 bruk som fekk korntrygd. Desse fekk 4.5 mill. kroner, eller 1081 kroner pr. bruk i korntrygd. Det var 822 bruk som fekk potettrygd. Dei fekk i alt 0.2 mill. kroner i potettrygd. Det svarar til 239 kroner pr. bruk. Dei 4249 bruka over 200 dekar som fekk korn- og/eller potettrygd fekk i alt 4.7 mill. kroner i trygd. Det blir 1107 kroner pr. bruk. Når det er så få bruk i denne gruppa som får potettrygd, skriv dette seg frå at arealtrygda for poteter er kopla saman med korntrygda. Sjå side 61.

Det var i alt 213 441 bruk med over 5 dekar jordbruksareal i 1949. Av desse var det 145 204 bruk som fekk korn- og/eller potettrygd i 1952/53. 62 662 bruk fekk både korn- og potettrygd, 24 653 fekk berre korntrygd og 57 889 berre potettrygd. I alt var det altså 87 315 bruk som fekk korntrygd. Dei fekk til

saman 23.3 mill. kroner, eller 267 kroner pr. bruk med korntrygd. Det var 120 551 bruk som fekk potettrygd. Til saman fekk dei 15.5 mill. kroner eller 129 kroner pr. bruk med potettrygd. Dei 145 204 bruka som fekk korn- og/eller potettrygd, fekk til saman 38.9 mill. kroner eller 268 kroner pr. bruk.

Ein har også talt opp kor mange bruk det var som fekk 1000 kroner eller meir i korntrygd. Det var i alt 3062 bruk. Desse bruka fekk til saman 4.9 mill. kroner i korntrygd. Av desse bruka var det 2574 som fekk 1000—1999 kroner, 337 fekk 2000—2999 kroner, 77 fekk 3000—3999 kroner, 37 fekk 4000—4999 kroner, 12 fekk 5000—5999 kroner, 12 fekk 6000—6999 kroner, 10 fekk 7000—7999 kroner, 1 bruk fekk 8000—8999 kroner og 2 bruk fekk over 10 000 kroner i korntrygd kvar.

Ein viser elles til tabell XI bak i boka.

Tabell 63 gjev eit oversyn over kjøp og leigemaling av norsk korn og utgiftene til trygd m. m. for kornet.

Tabell 63. Kjøp og leigemaling av norsk korn, utgifter til trygd o.a.

	Staten sitt kjøp av norsk korn ¹⁾	Bygdemylnene: Leigemaling og kjøp ²⁾	Staten sine utgifter til:	
			Trygd	Innkjøp, frakt o.a. for norsk korn
	Tonn	Tonn	Mill. kr.	Mill. kr.
1938/39	72 293	206 711	11.2	1.8
1939/40	51 743	201 545	11.6	1.5
1948/49	84 893	190 619	24.5	2.5
1949/50	45 174	182 056	23.7	1.6
1950/51	52 471	186 163	23.7	2.0
1951/52	65 812	181 204	26.1	3.0
1952/53	80 407	166 986	23.8	3.5
1953/54	128 154	176 112	26.6	5.4

¹⁾ Frå 1948/49 også bygdemylnene sitt kjøp.

²⁾ Frå 1948/49 berre leigemaling.

Ved sida av trygd på heimeavla korn skal det etter kornlova vera ein viss overpris på korn som blir selt, rekna etter utsalsprisen på mjøl. For 1938/39 var overprisen i alt ca. 7 mill. kroner. Etter at prissubsidieringa tok til, kan ein ikkje rekna ut denne overprisen på same måte som før.

Tabell V bak i boka gjev eit oversyn over samla tilgang og avgang av korn og poteter, rekna etter forbruksår.

Tabell 64 syner medelprisane for sume produkt i seks av dei største byane i landet, etter Landbrukets Priscentral.

Dei store høvavlingane dei siste åra har ført til nedgang i høvprisane. Medelprisen var kr. 27.38 i 1952, kr. 22.16 i 1953 og kr. 19.85 i 1954.

Potetprisane var heller låge i 1953. Utover vinteren og våren 1954 auka prisane og låg heile tida langt over prisane for året før. Hausten 1954 var prisen på nye poteter høgare enn hausten før. Medelprisen for fabrikkpoteter var om lag som året før.

Grønsakarealet var mindre i 1954 enn i 1953. Dessutan var vértilhøva i 1954 slik at grønnsakene vart seint utvikla, og avlingane vart heller små. Det var stort sett lett å selja grønnsakene sumaren og hausten 1954, og prisane var høge.

Tabell 64. Prisar til produsent.

	Høy Kr. pr. 100 kg			Poteter Kr. pr. 100 kg			Egg Kr. pr. kg		
	1939	1953	1954	1939	1953	1954	1939	1953	1954
Januar	6.25	25.67	20.50	8.75	22.20	24.90	1.33	3.71	3.02
Februar	6.21	26.33	20.50	9.19	23.30	26.75	1.21	3.69	3.08
Mars	6.13	25.67	20.50	9.05	22.33	29.30	1.16	3.84	3.49
April	6.30	24.08	20.42	8.69	21.33	30.00	1.29	3.57	3.63
Mai	7.06	23.25	20.25	8.35	21.00	31.00	1.20	3.90	3.91
Juni	7.53	22.92	20.25	8.05	21.67	33.42	1.19	4.04	3.60
Juli	7.50	18.00	19.50	10.54	31.67	34.82	1.28	4.08	4.28
August	7.67	19.67	19.00	7.48	20.17	22.73	1.46	5.16	4.83
September	7.98	19.67	19.00	9.92	18.75	21.25	1.66	5.09	4.30
Oktober	8.35	19.67	19.00	10.33	18.67	21.54	1.80	4.57	4.23
November	8.94	20.50	19.33	10.10	19.43	23.59	2.08	4.37	4.33
Desember	9.13	20.50	20.00	10.10	20.50	25.63	1.66	3.41	4.19
Året	7.42	22.16	19.85	9.21	21.75	27.08	1.44	4.12	3.91

	Oksekjøtt Kr. pr. kg			Sauekjøtt Kr. pr. kg			Flesk Kr. pr. kg		
	1939	1953	1954	1939	1953	1954	1939	1953	1954
Januar	1.50	5.40	5.60	1.36	4.50	5.35	1.52	4.95	5.80
Februar	1.49	5.40	5.75	1.44	4.50	5.47	1.38	4.24	5.80
Mars	1.46	5.40	5.82	1.57	4.50	5.60	1.32	4.30	5.80
April	1.41	5.40	5.96	1.60	4.50	5.60	1.29	4.29	5.53
Mai	1.38	5.40	5.90	1.63	4.61	5.60	1.36	4.38	5.40
Juni	1.34	5.40	5.93	1.67	5.00	5.64	1.38	4.72	5.43
Juli	1.37	5.40	6.15	1.71	5.23	6.00	1.50	4.88	5.55
August	1.35	5.40	6.15	1.61	5.00	6.00	1.53	5.08	5.40
September	1.49	5.40	6.13	1.53	4.81	5.27	1.64	5.54	5.40
Oktober	1.53	5.40	6.13	1.42	4.85	5.00	1.67	5.83	5.40
November	1.52	5.40	6.13	1.42	4.92	5.03	1.67	5.80	5.42
Desember	1.49	5.55	6.13	1.53	5.35	5.50	1.72	5.80	5.60
Året	1.44	5.41	5.98	1.54	4.81	5.51	1.50	4.98	5.54

Kjøttprisane gjekk opp ved årsskiftet 1953/54. Gjennom heile året 1954 låg prisane både på storfe- og sauekjøtt høgare enn året før. Etter Priscentralen var medelprisen pr. kg for oksekjøtt 57 øre høgare i 1954 enn i 1953. For sauekjøtt var skilnaden 70 øre. Fleskeprisane gjekk opp hausten 1953. I første kvartal av 1954 låg dei frå kr. 1.00 til kr. 1.50 høgare pr. kg enn til same tid året før. Utover våren og sumaren var tilførslene store, og prisane gjekk ned. I dei siste fire månadene av året var fleskeprisane lægre enn i same tid i 1953. Medelprisen for året 1954, etter Priscentralen, var likevel 56 øre høgare pr. kg enn året før.

Eggprisane gjekk sterkt ned i desember 1953, og i første kvartal av 1954 var dei lægre enn året før. Seinare gjekk prisane opp, men framleis låg dei for det meste under prisane i 1953. Berre desemberprisane var tydeleg høgare i 1954 enn i 1953. Medelprisen for året 1954 var litt lægre enn i 1953. Eggprisane rettar seg i nokon grad etter eksportmarknaden. I 1954 var det ei utførsle på knapt 1000 tonn egg, mot vel 2000 tonn i 1953.

Etter prisavtalen i 1954 skulle mjølkeprisen i detaljsal aukast med 7 øre pr. liter frå 1. juli. Med ein auke i detaljavansen førde dette til at utsalsprisen for mjølk til bruk i vanlege hushald vart auka med 8 øre pr. liter. Prisen vart då 53 øre pr. liter i laust mål (sone I). For fløyte vart det nokolunde tilsvarande brigde i prisen. Smørprisen vart auka med 50 øre pr. kg i detalj. For sume osteslag fall maksimalprisane bort frå 1. juli. Elles vart engrosprisane auka med 60—110 øre pr. kg. Tabellane 65 og 66 syner prisane på mjølk og mjølkeprodukt.

Tabell 65. Prisar på mjølk og fløyte. Sone I, laust mål. Øre pr. liter.

	Heilmjølk	Skuma- mjølk	Kremfløyte (35 pct. feitt)
Frå 18. februar 1949	45	20	475
» 1. januar 1951	45	20	490
» 25. april 1951	¹⁾ 47	21	510
» 2. mai 1951	¹⁾ 49	21	550
» 17. desember 1951	54	24	595
» 3. juli 1952	56	26	595
» 1. desember 1952 (til vanlege hushald) ...	45	26	595
» 1. juli 1954 (til vanlege hushald)	53	27	655

¹⁾ + 1 øre i Oslo og Bergen meieriområde.

Tabell 66. Prisar på smør og ost, frå meieri til detaljist. Kr. pr. kg.

	Smør	Heilfeit goudaost	Halvfeit nøkkelost	Blanda geitmysost	Mysost
Frå 3. april 1950	6.60	2.90	2.30	2.90	1.20
» 1. januar 1951	6.60	3.55	2.65	3.60	1.35
» 18. mai 1951	6.60	3.85	3.00	3.80	1.45
» 1. januar 1952	6.60	4.35	3.50	4.15	1.80
» 3. juli 1952	6.60	4.55	3.70	4.35	1.95
» 1. juli 1954	7.05	5.20	4.45	5.00	2.65

Grønntilskotet, som gjeld all meierimjølk, vart ved prisavtalen regulert ned frå 14.8 øre til 14 øre pr. liter. Driftstilskotet skal no gjelda pr. kilo, mot tidlegare pr. liter, og satsane vart auka. Driftstilskotet er no 6 øre pr. kg for dei første 2500 kg av årsleveransen pr. bruk, 4 øre pr. kg for dei neste 2500 kg og 2 øre pr. kg for inntil 2500 kg meir enn dette. Eit bruk kan såleis få driftstilskot for inntil 7500 kg mjølk. Visse distrikt får sertilskot. Desse tilskota er no gjort gjeldande for nokre fleire bygder enn før. Også desse tilskota skal no gjelda pr. kg. Frå desember 1952 er det eit ekstra tilskot på 10 øre pr. liter for mjølk selt til vanleg hushaldsbruk.

Dei prisane som meieria betaler til leverandørane, er ikkje berre resultat av produktprisar og tilskot. Dei vil mellom anna også retta seg etter driftskostnadene ved meieria. Den mjølkeprisen som til slutt kjem produsentane til gode — nettovinninga av meierimjølka — var etter meieristatistikken, rekna i øre pr. kg som medeltal for heile landet (sjå elles side 37):

1939.....	18.49	1952.....	53.73
1949.....	46.73	1953.....	55.44
1950.....	47.09	1954....ca.	60.00
1951.....	48.83		

Tabell 67 viser prisutviklinga for norsk ull sidan oktober 1950.

Tabell 67. Prisnoteringar for norsk ull. Kr. pr. kg.

	Sams heilårs- og haustull	Klasse A I	Klasse A Ekstra
Oktober 1950	6.70	10.50	12.45
Desember 1950.....	9.30	14.50	17.10
Mai 1951	10.40	16.20	19.10
August 1951	6.40	10.00	11.80
Mars 1952	5.80	9.00	10.60
April 1952	4.00	6.20	7.30
Mai 1952	4.70	7.40	8.70
Oktober 1952	5.10	8.00	9.60
Mai 1953	5.80	9.00	10.80
Oktober 1953	5.75	9.50	10.50
1. april 1954	6.85	9.75	10.50
10. mai 1954	7.35	10.25	11.00
11. oktober 1954	7.35	9.75	10.50

Noteringsprisane vart sett opp i april og mai 1954. I oktober vart prisane sett noko ned for finare kvalitetar, men noko opp for meir grove kvalitetar og for svart ull. I 1954 var det ei utførsle på 1087 tonn ull, mot 1013 tonn i 1953.

Omsetnaden av sølvrevskinn var treg også i sesongen 1953/54. Medelprisane ved Oslo-auksjonane var om lag som i sesongen 1952/53. Før blårev- og minkskinn var det lettare omsetnad og aukande prisar i høve til sesongen før. Dei første auksjonane i sesongen 1954/55 synte framleis oppgang i skinnprisane. Dette gjorde seg gjeldande også for sølvrevskinn. Det var høge salsprosentar. Sjå tabell 68.

Tabell 68. Medelprisar for pelsskinn ved Oslo-auksjonane i kroner pr. skinn.

	Sølvrev	Platinarev	Blårev	Standard mink
1949/50	179	217	100	91
1950/51	172	192	125	151
1951/52	127	168	92	97
1952/53	80	145	68	79
1953/54	84	127	95	95
Desember 1954	117	130	187	107

Samla verd av pelsskinneksporten (med unnatak av sel og kobbe) var 29.2 mill. kroner i 1954, mot 22.5 mill. kroner i 1953.

Tingingane mellom representantar for selgjarane og kjøparane om tømmerprisane for 1954/55 vart svært langvarige. Dei vart slutta av ved utgangen av november utan resultat. Ved kgl. res. av 3. desember vart det gjevi føresegner om prisregulering for tømmer og kubb for driftsåret 1954/55. Maksimalprisen vart då 70 kroner pr. m³ for midtmålt økseborcka tømmer på Austlandet, levert vassdrag. Ved sida av dette skulle treforedlingsverksemdene yta avgift til eit fond, som skulle nyttast til å betala skogeigarane eit tillegg til maksimalprisane. Det vart rekna med at tillegget skulle svara til ca. kr. 6.40 pr. m³, ved normal avverknad.

Ved kgl. res. av 4. februar 1955 vart føresegnene om avgift og tilskot brigda. Avgiftssatsane vart auka, og tilskotet vart sett til kr. 9.00 pr. m³ for slip- og celluloseømmer av gran, skurdømmer av gran og furu og vedømmer av gran. For skurdsnip av furu vart tilskotet kr. 4.50 pr. m³ og for grankubb i laust mål kr. 6.50 pr. m³.

Prisane for ved var etter noteringane i oktober 1954 dei same som for sesongen 1953/54. Tabell 69 gjev eit oversyn over tømmer- og vedprisane.

Tabell 69. Prisar for tømmer og ved.

	Basisprisar for tømmer, levert vassdrag på Auslandet. Kr. pr. m ³					Vedprisar Kr. pr. famn		
	Skurdømmer		Slip- og celluloseømmer			Bjørk	Skogsved	
	Gran	Furu	Gran	Furu	Skurd-slip (furu)	60 cm	60 cm	3 m
1949/50	47.00	46.50	41.50	36.00	39.50	68.00	55.00	211.00
1950/51	73.00	67.50	64.50	54.50	58.00	68.00	55.00	211.00
1951/52	81.50	81.50	70.00	65.00	68.00	90.00	70.00	270.00
1952/53	78.00	78.00	67.00	59.00	65.00	100.00	80.00	310.00
1953/54	78.00	75.00	67.00	55.00	65.00	90.00	72.00	279.00
1954/55	90.60	87.60	79.00	70.00	78.00	90.00	72.00	279.00

Semja om arbeidslønene i skogbruket vart sagt opp av begge partar i juni 1954. Tingingar og mekling førde ikkje fram, og det vart gjevi varsel om arbeidsstogg. Først i november vart det semje om ny avtale. Etter denne vart m. a. timeløna for menn over 18 år auka frå kr. 3.08 til kr. 3.35.

Etter prisindeksen frå landbrukshøgskulen har prisnivået for produksjonsmiddel til jordbruket vori stabilt både i 1953 og 1954. Frå 1. juli 1954 vart maksimalprisane for A.I.V.-væske og kunstgjødsl tekne bort ved sal frå forhandlar. Både for kunstgjødsl og kraftfôr har prisnivået vori om lag det same som i 1953. Det er rekna med å nytta 118 mill. kroner av løyvingane til prisregulering i 1954/55 til nedskrivning av prisane på kunstgjødsl og kraftfôr. Tabell 70 syner prisane for nokre vareslag etter «Samvirke».

Tabell 70. Prisar på kunstgjødsl og kraftfôr. Kroner pr. 100 kg.

	Kunstgjødsl			Kraftfôr			
	Kalksalpeter 15.5 pct. N	Superfosfat Norsk 7.4-7.9 pct. P	Kaliumgjødsl 31.5-34.9 pct. K	Fôrblending (ca. 50 pct. protein)	Maisgrøp	Ruggris	Sildmjøl (saltfattig)
1949	14.45	11.15	15.80	37.59	32.00	22.50	36.28
1950	14.45	11.15	15.80	60.82	43.83	34.78	64.28
1951	16.00	11.30	19.35	71.69	55.80	41.00	77.20
1952	17.35	11.85	20.60	71.81	55.80	41.00	77.20
1953	17.35	11.85	20.60	70.00	55.80	41.00	77.20
1954	17.40	11.85	20.60	70.00	55.80	40.49	77.20
1955	16.90	12.10	20.70

Prisane på kunstgjødsel gjeld vårterminen. Ved tinging om hausten er prisane lægre. Prisane på kraftfôr er medelprisar for året.

Tabell 71 syner prisane om våren for sume av dei mest vanlege maskinar og reiskapar.

Tabell 71. Prisar på maskinar og reiskapar. Kroner.

	Norsk plog (11'')	Fjørhorv (9 t.)	Slåmaskin (2 h.)	Arbeids- kjerre	Høyvogn
1939	176.00	92.00	420.00	175.00	280.00
1949	298.50	176.00	1 020.00	435.00	660.00
1950	298.50	176.00	1 173.00	435.00	660.00
1951	310.94	183.33	1 200.00	469.00	709.00
1952	347.00	214.50	1 200.00	520.00	709.00
1953	347.00	214.50	1 250.00	530.00	720.00
1954	347.00	214.50	1 200.00	530.00	720.00

Tabell 72 gjev eit oversyn over driftsresultata i jordbruket etter dei rekneskapane Norges Landbruksøkonomiske Institutt arbeider med.

Tabell 72. Rekneskapsresultat i jordbruket.

År og storleiks- klassar	Talet på bruk	Inn- marks- areal, dekar pr. bruk	Kroner pr. dekar						For- renting i pct. av jord- bruks- kapi- talen
			Jord- bruks- kapi- tal	Produk- sjons- inn- tekter	Drifts- kostnader		For- rent- ing	Løns- evne	
					I alt	Av dette arbeids- kostnad			
1938/39	295	117.6	347	90.81	81.09	37.95	9.72	32.05	2.8
1939/40	314	126.9	361	100.90	87.08	40.07	13.82	37.64	3.8
1949/50	1 024	118.1	503	197.96	183.48	105.24	14.48	104.63	2.9
1950/51	1 023	118.9	529	211.36	195.12	110.98	16.24	111.35	3.1
1951/52	1 000	117.2	571	228.75	218.88	120.24	9.87	112.98	1.7
1952/53	1 000	118.8	606	244.99	237.15	126.29	7.84	115.95	1.3
1953/54	1 002	117.2	660	256.17	245.12	128.05	11.05	119.30	1.7
1953/54 Gr. I	223	38.7	892	329.30	330.16	178.34	÷ 0.86	150.72	÷ 0.1
» » II	370	73.6	669	265.68	256.02	137.14	9.66	126.73	1.4
» » III	271	142.1	559	219.93	202.24	99.94	17.69	100.86	3.2
» » IV	87	240.9	462	185.18	163.66	79.85	21.52	87.51	4.7
» » V	40	379.9	445	175.95	157.66	72.07	18.29	77.01	4.1
» » VI	11	628.9	463	199.85	173.31	79.84	26.54	92.49	5.7

I åra fram til 1946/47 bygde oppgåvene på rekneskap frå ca. 300 bruk. Dei siste åra har ein hatt rekneskap frå ca. 1000 bruk. Storleiken på bruka har i medel vori knapt 120 dekar innmark dei siste åra. Både den kapitalen som er nedlagt i jordbruket, og inntektene og utgiftene har auka kvart år sidan 1949/50 — for heile denne tida med vel 30 prosent. Inntektene og utgiftene har ikkje variert like mykje frå år til år. Forrentinga pr. dekar har difor ymsa. I 1950/51 var forrentinga kr. 16.24 pr. dekar. Det var så ein nedgang til kr. 7.84 i 1952/53. I 1953/54 var det auke att til kr. 11.05. Det svarar til 1.7 prosent av den bokførte jordbrukskapitalen. Auken i driftskostnadene skriv seg for ein del frå

større arbeidskostnader — som løn til leiehjelp og ved verdsetjinga av familien sitt arbeid. Lønsevna gjev eit uttrykk for samla vederlag for eige arbeid og leiehjelp. Lønsevna har auka noko kvart år sidan 1949/50, i alt med ca. 14 prosent. Arbeidsstyrken rekna i timar har gått ned, og lønsevna pr. time har auka noko sterkare enn utrekninga pr. dekar syner.

Driftsresultatet ymsar sterkt med bruksstorleiken. Stort sett har dei minste bruka etter måten stor inntekt pr. dekar, men det er likevel ikkje nok til å dekkja utgiftene, når ein reknar vanleg dagløn for alt arbeid. Desse bruka har stor lønsevne pr. dekar, men låta lønsevne pr. time. Dei større bruka har mindre inntekt pr. dekar, men kostnadene er også mindre. Forrentinga aukar med bruksstorleiken, og lønsevna — rekna pr. time — blir også større.

Etter brigde i skattelova er det no noterings- eller rekneskapsplikt (etter kva omfang verksemda har) for skattepliktige som driv jordbruk, gartneri eller skogbruk over ein viss storleik. Noteringar og rekneskap skal fylgja kalenderåret.

I samband med tingingane om jordbruksprisane, har Budsjettnemnda for jordbruket gjort utrekningar over samla inntekter og utgifter for heile jordbruksnæringa. Prinsippa for utrekningane er dei same som dei Byrået nyttar når det set opp nasjonalrekneskapen. Totalrekneskapen skal i første rekkje syna kva verd som er skapt i driftsåret av den arbeidskraft og kapital som er sett inn i jordbruket. Som kostnader reknar ein med verdet av varer og tenester frå andre næringssektorar og slitasje på varige driftsmiddel, som maskinar, reiskapar og driftsbygningar. Den summen som då er att, kallar ein jordbruket sitt nettoprodukt. Som tillegg til nettoproduktet reknar ein visse statstilskot for å fremja produksjonen. Etter frådrag av kapitalrenta, kjem ein fram til vederlaget for all arbeidskraft som er sett inn i jordbruket. Hovudresultata (etter reviderte utrekningar) ser ein av tabell 73.

Tabell 73. Totalrekneskap for jordbruket.¹⁾ Mill. kroner.

	1938/39	1939/40	1949/50	1950/51	1951/52	1952/53	1953/54
Inntekter av planteprodukt...	104.7	125.5	274.9	337.6	349.9	369.1	381.2
Inntekter av husdyrprodukt ..	461.3	485.6	1 212.2	1 245.8	1 322.6	1 409.7	1 432.7
Andre inntekter	51.5	55.4	102.4	111.8	144.2	145.5	149.7
Lagerbrigde	46.9	÷ 15.1	40.2	3.9	÷ 93.7	3.5	26.4
I alt inntekter	664.4	651.4	1 629.7	1 699.1	1 723.0	1 927.8	1 990.0
Kostnader	310.9	313.7	589.0	665.0	740.2	820.7	838.1
Nettoprodukt	353.5	337.7	1 040.7	1 034.1	982.8	1 107.1	1 151.9
+ statstilskot	12.3	11.2	26.0	57.1	59.8	62.5	67.4
÷ renter av eigen og lånt kapital	97.4	101.8	111.1	127.2	131.8	141.2	144.3
Utrekna total arbeidsinntekt..	268.4	247.1	955.6	964.0	910.8	1 028.4	1 075.0
Av inntektene:							
Sal av plante- og husdyrprodukt	418.2	442.0	1 086.8	1 177.1	1 245.1	1 356.7	1 392.7
Heimeforbruk av plante- og husdyrprodukt	136.3	158.1	364.8	370.8	386.7	383.3	372.7

¹⁾ Pelsdyrnæringa er rekna med.

Det har ikkje vori nye etterrøknader over gjeldstilhøva i jordbruket sidan 1946. Etter likningsoppgåvene pr. 1. januar var gjelda i prosent av bruttoeiga: 20.2 i 1946, 40.3 i 1940 og 45.2 i 1932. Ein har ikkje fullstendige oppgåver over gjeldstilhøva for seinare år, men oppgåvene frå bankar og kredittsamskipnader m. m. syner at utlåna har auka. Utlånsmassen frå desse institusjonar er delt på næringar, men slik at jordbruk og skogbruk er sett under eitt. Av utlån som ein har oppgåver over ved utgangen av året 1953, fall ca. 1300 mill. kroner på jord- og skogbruk. Auken i utlåna må ein sjå i samband med dei store investeringane i tida etter krigen. Det gjeld både jord- og skogbruk og andre næringar. Tabell 74 gjev eit oversyn over utlånsauke og investering.

Tabell 74. Utlånsauke og investering. Mill. kroner.

	1950	1951	1952	1953 ¹⁾
Kjent årleg utlånsauke:				
I alt	1 304	1 441	1 331	1 490
Av dette i jord- og skogbruk	143	49	72	106
Bruttoinvestering:				
I alt	5 565	6 254	7 430	8 230
Av dette i jord- og skogbruk	362	437	526	549
Nettoinvestering i jordbruket	100	136	158	..

¹⁾ Forebels oppgåver.

Bruttoinvesteringa gjeld også kapitalslit (vedlikehald og avskrivning) som er rekna med som årlege kostnader i totalrekneskapen (tabell 73). Av nettoinvesteringane i jordbruket i 1952 fall vel 20 mill. kroner på jordkapitalen, vel 60 mill. kroner på bygningar og vel 70 mill. kroner på maskinar, reiskapar og transportmiddel.

Ein stor del av gjelda i jord- og skogbruk er knytt til visse statsbankar og kredittsamskipnader. Tabell 75 syner desse utlåna i mill. kroner.

Tabell 75. Utlån frå statsbankar og kredittforeningar. Mill. kroner.

	1939	1949	1953		1954	
			30/6	31/12	30/6	31/12
Hypotekbanken.....	459.9	373.8	423.5	437.1	446.2	449.2
Småbruk- og Bustadbanken	226.9	153.3	362.4	420.6	462.9	517.2
Arbeiderbruk- og Boligbanken	16.5	4.5	2.1	1.9	1.7	1.5
Lånekassen for jordbrukere.....	30.0	11.0	8.2	7.5	4.8	4.4
Driftskredittkassen for jordbruket	0.8	17.4	36.7	40.3	44.1	48.0
Norges Kreditforening for Land- og Skogbruk	56.6	84.0	108.9	111.1	119.0	121.8
Norges Landhypotekforening for 2. prior.	-	0.8	0.8	1.0	1.1	1.3
Centralkassen for Bøndernes Driftskreditt.....	8.4	12.6	11.3	14.4	10.8	11.6

Ein del av desse utlåna går til bustader utan eigentleg jordbruk.

Gjennom statsbankane gjev staten kreditt på eit rimeleg rentenivå. Utanom dette gjev staten også direkte stønad til noko av investeringa i jordbruket ved

rentefritak og tilskot. Etter at reglane for stønad til jorddyrking vart brigda i 1952, har tilskota til jorddyrkinga auka sterkt. Det blir gjevi stønad også til bureising, til visse byggjearbeid m. m. på eldre bruk og til utstyr ved maskinstasjonane. Tabell 76 syner tilskota i dei siste budsjettåra.

Tabell 76. Statstilskot til bureising, jorddyrking m. m. 1000 kroner.

	Bureising	Jord- dyrking m. m.	Søkkings- og vass- forsynings- arbeid	Bureisings- og sætervegar	Potet- kjellarar, gjødsel- oppsamling m. m.	Maskin- stasjonar
1949/50	2 315	9 815	692	588	3 810	3 000
1950/51	2 175	9 032	2 541	773	4 975	2 213
1951/52	2 208	10 369	2 558	984	5 443	1 966
1952/53	4 953	13 822	4 642	1 144	2 192	3 243
1953/54	4 504	23 652	6 458	1 521	1 600	2 701

Korn- og potettrygda er nemnt før. Av andre tiltak for å auka matproduksjonen kan ein nemna løyvingar til sikring av frøavlenn og til utnytting av fjellbeita, tilskot til grasfrø m. m. i fjellbygder og i Nord-Noreg, og elles ymse andre tiltak. I samsvar med prisavtalane for jordbruket er det i terminane 1950/51—1953/54 løyvt i alt 35 mill. kroner til regulerings- og foredlingsanlegg for landbruksvarer, delt på ei rekkje tiltak. Under prisavtalen frå 1. juli 1954 er det ikkje teki med ny løyving til desse tiltaka. I åra 1952/53 og 1953/54 er det sett av i alt 20 mill. kroner til eit ullfond for å sikra omsetnaden av norsk ull. Det er også løyvt midlar til sikringslager av korn og kraftfôr. Under dei ekstraordinære løyvingane til Nord-Noreg (i samband med Nord-Noreg-planen) kjem også tilskot til jordbruksføremål i denne landsluten.

